

Årsmelding 2024

Ørsta kommune

Innleiing kommunedirektør

Året 2024 har vore prega av omstilling, høge kostnader til renter og avdrag, og meirforbruk i høve budsjett. Den økonomiske situasjonen er utfordrande og det er behov for tydelege prioriteringar, definering av kvalitets standard og økonomisk rapportering.

Rammer til drift må vere i samsvar med nivå på det ein skal drifte. Skal ein unngå budsjettoverskridingar må reduserte rammer følgjast av redusert drift. Administrasjon og leiargruppa jobba tett saman med PwC for å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for omstilling. Tillitsvalde og politisk nivå har vore involvert undervegs og rapporten gir råd og konkrete forslag på tiltak og endring. Tiltaka har hatt liten effekt for resultatet i 2024, men har likevel vore viktig for å skape ei felles forståing for utfordringsbildet og tiltak frå 2025.

I eit år med mykje fokus på utfordringar og omstilling er det viktig å peike på at det har vore mykje positivt også i 2024. Dette kjem fram i årsmeldingane frå kommunalområda og kommunedirektør og stab.

Innleiingsvis vil eg spesielt nemne opninga av nye Velle skule i august. Her har tilsette saman med elevar og føresette på Velle og Vikemarka gjort ein stor jobb både i førebuinga og i gjennomføring av samanslåing av 5. til 7. trinn. I helse (HOV) har ein i store delar av 2024 jobba med utarbeiding av årsturnus. Det er eit stort arbeid som er gjort saman med dei tillitsvalde slik at Ørsta kunne ta i bruk vår første årsturnus 2. desember. I "teknisk" har ein jobba godt med å integrere eigedom i drifta og det er utarbeidd bustadsosial handlingsplan.

Ørsta kommune fekk eit netto driftsresultat på 87 mill. i 2024 (-7,4 %) og brukte då opp disposisjonsfondet på 66 mill. (6,0 %). Kommunen har pr. 2024 eit udekka meirforbruk på 19 mill. Sjølv om kommunen hadde god skatteinngang vart vi indirekte ramma av at resten av landet samla hadde dårleg skatteinngang, noko som gjorde at vi tapte 29 mill. i inntektsutjamning. Tilleggssalderinga hausten 2024 dekte berre inn 13 mill. av dette tapet.

IB 2025 har kommunen ei lånegjeld på kr 1 671 mill. Av dette er kr 1 247 mill. kr renteeksponert (konserntal). Kommunen skal i 2025 betale kr 155 mill. i renter og avdrag.

Sjølv om det skulle kome ein rentenedgang vil kommunen faktisk kunne få ein vidare renteoppgang framover fordi tidlegare fastrenteavtalar som vart gjort i ei tid med renter på rundt 1 % for 4–5 år sidan no går ut. Og i ein usikker rentemarknad er det vanskeleg å vurdere om ein då skal ha nye fastrenter på eit høgt nivå eller ha usikkerheita og risikoen det er med kortsiktige lån.

Men sjølv med ei t.d. halvering av gjelda hadde det ikkje vore nok driftsinntekter til å dekke lovpålagde tenester. Utfordringa er dermed både høg lånegjeld og ei grunnleggande underfinansiering, m.a. pga. høg løns- og prisvekst.

På rammeområda vart det eit samla meirforbruk på 4,3 % tilsvarande 36,2 mill. for Ørsta kommune. I 2024 har det ikkje kome ekstra skatteinntekter eller andre inntekter. Auka rentekostnader gir rammer til drift som ikkje dekker løns og prisvekst, då vil vidareføring av drifta gi meirforbruk i høve budsjett.


Saman med fokus på budsjett og kostnader vert det jobba godt med arbeidsmiljø, turnusplanlegging, fagutvikling og tidleg innsats. Leiarar og tilsette skal ha honnør for godt arbeid også i krevjande tider.

Korleis har den kommunaløkonomiske berekrafta utvikla seg frå 2015 til 2024?

Figuren til høgre viser den historiske utviklinga av nøkkeltala renteberande gjeld, netto driftsresultat og disposisjonsfond frå 2015 og fram til i dag målt opp mot den stipla linja som illustrerer ein situasjon med god balanse i økonomien.

Frå 2015 til 2024 har kommunen opplevd variasjonar i både frie inntekter og driftsutgifter. I 2015 var det ei positiv utvikling, men etter kvart har netto finansutgifter auka, noko som har ført til eit negativt netto driftsresultat. Dette er spesielt merkbar i 2023, der resultatet viser ein nedgang samanlikna med tidlegare år. Det er forventa ei ytterlegare forverring i 2024.

Den økonomiske situasjonen i Ørsta kommune har vist seg å vere utfordrande, med auka netto finansutgifter og fallande netto driftsresultat. Dette kan føre til at kommunen får vanskar med å oppretthalde eit tilstrekkeleg disposisjonsfond, som bør ligge på minst 5 % av driftsinntektene. Eit redusert disposisjonsfond kan igjen avgrense kommunen sin evne til å investere i framtidige prosjekt og tilpasse seg endringar i inntektene.




Leserettleiing - berekraftstrekanten og mållinja

Den svarte stipla trekanten symboliserer den økonomiske mållinja. Den viser ønska nivå for høvesvis resultat (NDR), disposisjonsfond og gjeld. Når den farga trekanten passerer og dekker heile mållinja, har kommunen ein økonomi som er økonomisk berekraftig. Ein liten eller skeiv trekant indikerer ein kommuneøkonomi som ikkje er berekraftig. Ligg ein utanfor linja har ein ein indikator som er betre enn det som er sett som indikatormål. Når alle tre måla er nådd er trekanten grønn. 2 av 3 gir ein gul trekant. 1 av 3 gir ein oransje trekant. Dersom ein ligg dårlegare eller lågare på alle indikatorane får ein ein raud trekant.

Folketal og aldersbæreevne

Ørsta har lav folketalsvekst, og ei aldersbæreevne på 3,1 som er fallande mot 2,4 dei neste 10 åra:



Administrativ organisering

Assisterende kommunedirektør vart konstituert som kommunalsjef TEL frå januar 2024. Frå 1. august vart endringa permanent og oppgåver/tilsette vart overført til kommunedirektør, personalsjef og kommunalområdet TEL. Assisterende kommunedirektør stab sitt ansvar er rapportert på i 2024.


Kommunedirektøren si leiargruppe i 2024 har vore samansett slik:

Kommunedirektør	Wenche Solheim
Økonomisjef	Jan Inge Bueide
Personal og organisasjonssjef	Idun Hofset
Kommunalsjef Oppvekst, kultur og integrering (OKI)	Kari Flø

Årsmelding 2024

Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd (HOV)	Audhild Mork
Kommunalsjef Teknisk, eigedom og landbruk (TEL)	Eldar Rune Øye

Organisasjonskart 2024:



Kommunalsjef for TEL slutta pr 31.12.23 og det vart i desember 2023 bestemt at assisterande kommunedirektør skulle konstituerast som kommunalsjef TEL frå januar 2024. Dette vert ei endeleg løysing frå 1. august 2024.

Ørsta kommune sin visjon er:



Visjon og slagord

Først og fremst seier visjonen at alle i Ørsta kommune må arbeide saman mot nye høgder, – det vil seie at alle i organisasjonen må arbeide saman for å gi innbyggjarane best mogleg tilbod og tenester, saman skaper vi ein attraktiv stad å arbeide og vere busett i. Visjonen seier også at fleire må vere med, og at kommuneorganisasjonen åleine ikkje kan møte alle utfordringane som Ørstasamfunnet møter til dagleg. I dette ligg det eit bod om eit felles ansvar.

Eit levande lokalsamfunn er avhengig av at innbyggjarane og andre aktørar også er med, påverkar og tek ansvar.

Ørsta kommune sitt slagord: Ørsta – hjartet av Sunnmørsalpane

Verdiar og etiske retningslinjer

Ørsta kommunestyre vedtok 3. september 2015 etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Kommunen sine verdiar understøttar desse, og ein vil til ei kvar tid vere opptekne av og arbeide for at alle tilsette og folkevalde utviser ein høg etisk standard i arbeidet sitt.

Dei etiske retningslinjene legg vekt på den viktige rolla som forvaltar av våre felles ressursar og omsynet til kommunen sitt omdømme. Som folkevalde og tilsette må vi balansere vår eigen ytringsfridom og lojalitet til kommunen/arbeidsgivar. Vi må særleg vere merksame på at vår bruk av sosiale medium ikkje svekker vår integritet som folkevald eller yrkesutøvar.

Verdiane våre



Tillit

Gjennom gjensidig
respekt, forståing
og likeverd



Energi

Gjennom entusiasme,
inkludering og humor
og glede



Løp

Gjennom
mål o

Økonomirapportering drift

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-409 648	-441 600	-439 002	-423 497	-15 505	-3,5 %
Inntekts- og formuesskatt	-343 529	-363 333	-363 333	-363 233	-100	0,0 %
Eigedomsskatt	-20 834	-22 000	-22 000	-22 600	600	2,7 %
Andre generelle driftsinntekter	-52 692	-68 432	-77 432	-72 445	-4 987	-6,4 %
Sum Frie disponible inntekter	-826 703	-895 365	-901 767	-881 775	-19 992	-2,2 %

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-21 548	-9 693	-20 655	-21 332	677	3,3 %
Utbytte	-17 297	-20 700	-19 190	-19 190	0	0,0 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	-1	1	0,0 %
Renteutgifter	61 431	77 542	84 396	83 060	1 336	1,6 %
Avdrag på lån	49 600	57 767	57 767	56 000	1 767	3,1 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	72 185	104 916	102 318	98 537	3 781	-3,7 %

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger						
Bruk av bundne driftsfond	-17 563	-14 719	-15 109	-19 924	4 815	31,9 %
Bruk av disposisjonsfond	-37 587	-34 772	-35 397	-66 428	31 031	87,7 %
Sum bruk av avsettingar	-55 150	-49 491	-50 506	-86 351	35 845	71,0 %
Avsetninger						
Overføring til investering	2 702	0	0	0	0	0,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	16 442	15 583	15 583	17 453	-1 870	-12,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	50	194	-144	-288,9 %
Sum avsettingar	19 144	15 583	15 633	17 648	-2 015	-12,9 %
Netto driftsresultat	36 005	33 908	34 873	87 312	-52 439	-150,4 %
Sum driftsinntekter	-1 099 128	-1 111 410	-1 123 437	-1 184 832	61 395	5,5 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-3,3 %	-3,1 %	-3,1 %	-7,4 %	-85,4 %	0,0 %

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjoner - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Avsettingar og bruk av avsettingar						
Overføring til investering	2 702	0	0	0	0	0,0 %
Avsettingar til bundne driftsfond	16 442	15 583	15 583	17 453	-1 870	-12,0 %
Bruk av bundne driftsfond	-17 563	-14 719	-15 109	-19 924	4 815	31,9 %
Avsettingar til disposisjonsfond	0	0	50	194	-144	-288,9 %
Bruk av disposisjonsfond	-37 587	-34 772	-35 397	-66 428	31 031	87,7 %
Netto avsettingar	-36 005	-33 908	-34 873	-68 704	33 831	97,0 %

Finansielle måltal

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Det er teke omsyn til resultatet frå finansområdet, dvs. netto renter, netto avdrag og tap/gevinst på finansielle instrument (omløpsmiddel), samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak. I tillegg er det korrigert for avskrivningar, slik at desse ikkje gir resultateffekt. Netto driftsresultat kan enten nyttast til finansiering av investeringar eller til avsetning for seinare års bruk.

Netto driftsresultat

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragruppe 07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,1 %	1,5 %	-3,6 %	-7,7 %	-2,5 %	-1,0 %	-0,8 %	-0,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto driftsresultat for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. Den kraftige tilbakegangen Ørsta kommune hadde i 2023 vart ytterlegare forverra i 2024. Netto driftsresultat ligg no på -7,7 % og dermed langt under det tilrådde nivået frå TBU på 1,75 %.

TBU (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi) tilrår at netto driftsresultat over tid bør utgjere om lag 2 % av driftsinntektene for kommunesektoren samla, med ei fordeling på 1,75 % for kommunane og 4 % for fylkeskommunane. TBU tilrår elles at kvar enkelt kommune set sitt eige mål på netto driftsresultat.

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2024 i møte den 14.12.2023 i sak om budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. I vedtaket står det at netto driftsresultat over tid bør utgjere 1,75 % av brutto driftsresultat, men vi må gå ut frå at det her er meint brutto driftsinntekt, noko som i tilfelle er i samsvar med tilrådinga.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering både i drifts- og investeringsrekneskapen. Dette kan seie noko om kor stor økonomisk buffer kommunen har for den daglege drifta.

Disposisjonsfond

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda Kostragruppe 2024	07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	9,5 %	10,4 %	6,6 %	0,6 %	7,8 %	9,3 %	8,0 %	11,6 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. I perioden har kommunen hatt ei negativ utvikling med 8,9 prosentpoeng. Grunnen til at figuren ikkje viser 0,0 % til trass for at disposisjonsfondet no er tomt, er at dette er konsernet sine tal der VØR er med.

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2024 i møte den 14.12.2023 i sak om budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. I vedtaket står det at disposisjonsfondet skal vere over 5 % av brutto driftsinntekter, noko som ikkje lenger er tilfelle.

Disposisjonsfond - spesifisert

Vi har hatt fleire ulike disposisjonsfond (ubundne driftsfond) i balansen. Grunna strykingsreglane er alle desse tappa for restmidlar pr. 31.12.2024.

Sum alle disposisjonsfond

Årsmelding 2024

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2023	66 233
Endring i 2024	-66 233
Saldo pr. 31.12.2024	0

Disposisjonsfond (ordinært) konto 256080001

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2023	63 301
Saldering opphavleg budsjett 2024	-34 272
Innleige konsulent til rapporteringsprosess (K-sak 43/24)	-500
Tilskot til Svendsengarden (K-sak 66/24)	-75
Saldering del av årsresultat per 31.12.2024	-28 454
Saldo pr. 31.12.2024	0

Disposisjonsfond næring konto 256080002

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2023	2 453
Saldering del av årsresultat per 31.12.2024	-2 453
Saldo pr. 31.12.2024	0

Disposisjonsfond næring var skilt ut til næringsføremål. Ein del av midlane var allereie utdelte, men ikkje utbetalte pr. 31.12.2024.

Andre disposisjonsfond konto 256080100-256080451

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2023	479

Endring 2024	-479
Saldo pr. 31.12.2024	0

Alle disposisjonsfond er ubundne midlar, og måtte difor nyttast til å redusere underskotet i drifta i 2024.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld rekna i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og unytta lånemiddel. Totale utlån inneheld formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne middel). Dette omfattar dermed utlån der mottekne avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapen, i tillegg til innlån der det skal betalast avdrag i driftsrekneskapen.

Netto lånegjeld

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragruppe 07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	122,6 %	127,4 %	124,5 %	120,5 %	140,0 %	100,4 %	109,6 %	92,6 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. I perioden har kommunen hatt ein reduksjon i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter med 2,1 prosentpoeng. Både brutto driftsinntekter og netto lånegjeld har auka i perioden, men justert for inflasjon har netto lånegjeld vorte redusert dei to siste åra.

Dei fem største investeringane dei tre siste åra har vore bygging av ny skule i Ørsta sentrum, utbygging av Melsgjerdet industriområde, bygging av Sæbø skule og barnehage, tilbygg på Ørsta ungdomsskule og bygging av gangveg langs Dalevegen frå Mosvegen til Brungot (VA inkl. forskotering for Fylkeskommunen).

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2024 i møte den 14.12.2023 i sak om budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. I vedtaket står det at netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt over tid ikkje bør overstige landsgjennomsnittet utan Oslo. I 2024 var netto lånegjeld 120,5 % og dette var 27,9 prosentpoeng høgare enn måltalet.

KOSTRA-analyse

Administrasjon og styring

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring rekna i prosent av totale netto driftsutgifter. Dette inkluderer utgifter til politisk styring, kontroll og revisjon, administrasjon, forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga og administrasjonslokale. Netto driftsutgifter er ein indikator på prioritet.

Administrasjon og styring

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragruppe 07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,1 %	6,3 %	5,1 %	6,3 %	5,4 %	6,1 %	6,4 %	6,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto driftsutgifter til administrasjon og styring i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. Diverre vart ein stor faktura frå SSIKT ført som administrasjon og ikkje fordelt på føremålsfunksjonane i 2024. Dette er korrigert, men vil ikkje vise i KOSTRA-tala før i neste oppdatering i juni. Justert for denne feilføringa ligg administrasjonsnivået til Ørsta kommune i 2024 om lag som i 2023. Dei siste fire åra har kommunen sine netto utgifter til administrasjon og styring vorte vesentleg reduserte.

Politisk styring

Brutto driftsutgifter for funksjon 100 Politisk styring rekna i kr pr. innbyggjar, justert for inflasjon og utgiftsbehov. Brutto driftsutgifter er eit mål på produktivitet.

Politisk styring

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragruppe 07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)	430	360	420	458	501	431	468	445

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser brutto driftsutgifter til politisk styring i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. I perioden har kommunen hatt ein auke i utgiftene til politisk styring med kr 28 pr. innbyggjar. Dette svarar til ein auke på kr 0,5 mill.

Vanlegvis går desse utgiftene ned når det ikkje er valår, men i 2024 har dei likevel auka utan at dette er analysert vidare.

Arbeidskapital

Arbeidskapital ekskl. premieavvik rekna i prosent av brutto driftsinntekter. Dette vert definert som differansen mellom omløpsmiddel ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik. Dette er eit uttrykk for kommunen sin likviditet, dvs. den evna kommunen har til å betale rekningar/krav etter kvart som dei forfell. Premieavvik er halde utanfor definisjonen for gi eit betre uttrykk for likviditeten.

Arbeidskapital

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda Kostragruppe 2024	07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (B)	7,9 %	8,4 %	9,4 %	-3,0 %	14,2 %	12,4 %	10,0 %	14,5 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser utviklinga i arbeidskapital ex. premieavvik i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. I perioden har kommunen sin arbeidskapital ekskl. premieavvik vorte redusert med 10,9 prosentpoeng.

Det har vore eit mål for kommunen å halde både gjeldsnivået og unytta lånemidlar lågast mogleg. Dei siste åra har det difor vore nytta ledig likviditet til å forskottere investeringane i staden for å ta opp lån i samsvar med løyvingane i budsjettet.

Dette fører til at arbeidskapitalen vert lågare, men risikoen med dette vert vurdert som låg sidan kommunen har god kontroll med likviditeten og at det vanlegvis ikkje er vanskeleg å få nye lån i marknaden ved behov relativt raskt.

Netto lånegjeld i kr pr. innbyggjar

Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ex. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og unytta lånemiddel. Totale utlån inneheld formidlingslån og ansvarlege lån. Dette omfattar dermed utlån der mottekne avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapen, i tillegg til innlån der det skal betalast avdrag i driftsrekneskapen. Lånegjeld pr. innbyggjar er ein direkte konsekvens av nyinvesteringar, totalrenovering og betalte avdrag.

Netto lånegjeld i kr pr. innbyggjar

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda Kostragruppe 2024	07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar (B) *)	129 429	134 631	132 273	131 426	180 834	108 078	128 914	102 651

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto lånegjeld i kroner pr. innbygger i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024. I perioden har netto lånegjeld auka med kr 1 997 pr. innbygger, justert for inflasjon. Dette svarar til ein auke på 1,5 %. Samanlikna med kostragruppe 7, har Ørsta kommune kr 23 348 (21,6 %) meir i lånegjeld pr. innbygger.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter. Dette viser kor stor del av inntektene til kommunen som kjem frå utskriving av eigedomsskatt.

Eigedomsskatt

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragruppe 07 2024	Møre og Romsdal 2024	Landet uten Oslo 2024
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	2,0 %	1,9 %	1,9 %	1,9 %	2,6 %	2,1 %	3,8 %	2,8 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2021-2024.

I Ørsta kommune vart det innført eigedomsskatt på verk og bruk i 2013 og for andre eigedomar frå og med 2014.

Inntekta frå eigedomsskatt har medverka til at kommunen har fått eit positivt handlingsrom, økonomisk sett. Ørsta har den lågaste prosenten i denne tabellen.

Forklaring KOSTRA

I dette kapittelet kan du lese meir om m.a. KOSTRA, og korleis ein les KOSTRA-analysar i denne årsmeldinga.

Føremål

KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområder vert registrerte og sett saman for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om dei nasjonale måla vert oppnådde.

SSB publiserer foreløpige tall for kommunane 15. mars, og reviderte tal 15. juni.

Samanlikningskommunar

Ørsta kommune brukar kommunegruppe 7 (ny inndeling frå 2020 hos SSB) som samanlikningsgrunnlag. Kommunegruppe 7 (K07) er samansett av 38 kommunar som kan samanliknast med Ørsta. I SSB sin definisjon av K07 står det at gruppa består av kommunar med 10 000-19 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og låge frie disponible inntekter. Her er meir info om gruppering av kommunar: [Gruppering av kommuner etter folkemengde og økonomiske rammebetingelser 2020](#).

Andre samanlikningsgrunnlag:

- Volda: Ørsta sine gode nabo i sør. Etter kommunereformen er Volda frå 2020 i same kommunegruppe som Ørsta.
- Møre og Romsdal fylke: Gjennomsnitt av dei 27 kommunane i fylket.
- Landet utan Oslo: Gjennomsnitt av dei 356 kommunane i landet utan Oslo. Grunnen til at Oslo ikkje er med er at rekneskapen deira omfattar både kommunale og fylkeskommunale funksjonar, slik at tala ikkje alltid kan samanliknast. For enkelte økonomiske nøkkeltal kan dette slå kraftig ut.

Forklaring av omgrep

Døme på KOSTRA-analyse av eit økonomital: "Netto driftsutgifter pr. innbyggjar justert med deflator og utgiftsbehov". I tillegg står det på enkelte indikatorar (B) bak.

Netto driftsutgifter: Driftsutgifter inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, slik som øyremerka tilskot og brukarbetalingar er trekte frå.

Innbyggartal: For kvart år er det innbyggartalet pr. 31.12 som er brukt.

Deflator: Deflatoren for kommunesektoren er ei samanvekting av prisane på det kommunane kjøper; lønn, produktinnsats (driftskostnader) og investeringar.

Utgiftsbehov: Dette seier noko om kor mykje ein kommune, eller ei teneste i ein kommune, kostar å drive samanlikna med andre kommunar. Som eit døme vil det i ein kommune med stor tilflytting vere naturleg med større utgifter pr. innbyggjar til barnehage og skule enn i ein kommune med fråflytting. Utgiftsbehovet vert brukt til å rekne ut kor mykje frie midlar kommunen får frå staten. Ved å justere for utgiftsbehovet kan ein samanlikne kommunar som har forskjellig demografi

Tala er rekna ut frå kommunen sine KOSTRA-tall hos SSB. **(B)** betyr at talet er rekna ut av Framsikt.

Korleis lese KOSTRA-tala i årsmeldinga

I bildet nedanfor ser vi eit døme frå årsmeldinga. Framanfor kvar indikator er det ei pil til høgre. Når ein trykker på pila kjem det fram ein graf som viser tala for Ørsta og samanlikningskommunane dei siste fire åra. Forklaring av indikatoren ligg nedst i biletet. Ved å trykke på indikatorane kan ein fjerne eller legge til indikatorane i grafen.

For dei fleste indikatorane kan ein velje forskjellig vising av grafane oppe til venstre. I dette tilfellet kan ein velje mellom "Kommune" og "Historisk". I biletet ser vi Kommune-vising, der kvar kommune/-gruppe

har si eiga blokk med resultata for dei siste fire åra. Dersom ein vel "Historisk" vil ein kunne samanlikne kommunane pr. år.



Vesentlege avvik økonomi

Vesentlege avvik drift

§ 5-4, 1. ledd - Oversikt løyvingar til drift (1A)

Brutto driftsinntekter (ref. økonomisk oversikt etter art – drift) var i 2024 kr 1 185 mill. Dersom ein set grensa for kva som er vesentleg til 1 %, vil avvik større enn kr 11,8 mill. vere vesentlege.

Tabellen viser at avviket på «Sum løyvingar til drift, netto» er på kr 36,6 mill. og dermed høgare enn 1 %. For nærare spesifikasjon av avvik, sjå oversikt løyvingar til drift, fordelt.

I 2022 var avviket kr 29,3 mill. og i 2023 kr 27,9 mill. Dei store avvika over tid tyder på at det ikkje er samsvar mellom budsjett og driftsutgifter. Det er lite økonomisk handlingsrom for å auke budsjetttrammene utan å redusere tenestenivået eller auke inntektene, t.d. gjennom eigedomsskatt.

Det er også mogleg å justere rammene mellom dei ulike kommunalområda som har positive og negative avvik. Likevel må det samla driftsnivået endrast for at det samla avviket skal verte redusert.

§ 5-4, 2. ledd - Oversikt løyvingar til drift, fordelt (1B)

Tabellen viser rekneskap og budsjett i % av netto ramme pr. seksjon. Vesentlege avvik på seksjonane vert vurdert til å vere over 1 % av netto ramme.

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik av eiga ramme	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik i prosent- poeng
Netto driftsutgifter pr. kommunalområde				Del av netto ramme	Del av netto ramme	Del av netto ramme
Politikk	6 430	6 500	-1,1 %	0,7 %	0,8 %	0,0 %
Kommunedirektør og stab	32 276	34 500	-6,4 %	3,7 %	4,1 %	-0,4 %
Oppvekst, kultur og inkludering	330 442	334 640	-1,3 %	38,0 %	40,1 %	-2,2 %
Helse, omsorg og velferd	400 264	375 939	6,5 %	46,0 %	45,1 %	0,9 %
Teknisk, eigedom og landbruk	82 423	76 500	7,7 %	9,5 %	9,2 %	0,3 %
Andre område	18 715	6 243	199,8 %	2,1 %	0,7 %	1,4 %
Sum løyvingar til drift, netto	870 550	834 322	4,3 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %

Vesentlege avvik - drift

Ved samanlikning av rekneskap og revidert budsjett, viser sum netto for alle kommunalområda eit meirforbruk på 4,3 % (kr 36,2 mill.). Dei største avvika er på Andre område, med eit meirforbruk på 199,8 % (kr 12,5 mill.), Teknisk, eigedom og landbruk på 7,7 % (kr 5,9 mill.) og Helse, omsorg og velferd på 6,5 % (kr 24,3 mill.).

Alle kommunalområda hadde eit avvik som var større enn 1 % av eiga netto ramme. Dei kommunalområda som har eit meirforbruk på over 1 % må gjennomføre større endringar i drifta eller budsjettet i løpet av året for å redusere avviket. Dette vil i mange tilfelle krevje politiske vedtak om auka bruk av disposisjonsfond, endra driftsnivå eller struktur. Sidan disposisjonsfondet no er tomt, er det berre endra driftsnivå eller struktur som står att som moglege val, i tillegg til auka inntekter.

Samanlikning over tid

Slik såg tala ut for 2023:

	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik av eiga ramme	Rekneskap 2023	Revidert budsjett 2023	Avvik i prosent- poeng
Netto driftsutgifter pr. kommunalområde				Del av netto ramme	Del av netto ramme	Del av netto ramme
Politikk	5 821	6 637	-12,3 %	0,7 %	0,9 %	-0,1 %
Kommunedirektør og stab	28 858	32 274	-10,6 %	3,7 %	4,2 %	-0,6 %
Oppvekst, kultur og inkludering	309 822	306 367	1,1 %	39,2 %	40,2 %	-1,0 %
Helse, omsorg og velferd	365 573	334 172	9,4 %	46,2 %	43,8 %	2,4 %
Teknisk, eigedom og landbruk	76 778	73 967	3,8 %	9,7 %	9,7 %	0,0 %
Andre område	3 671	9 237	-60,3 %	0,5 %	1,2 %	-0,7 %
Sum løyvingar til drift, netto	790 523	762 654	3,7 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %

Oppvekst, kultur og inkludering

Dette kommunalområdet hadde i 2023 eit samla meirforbruk på 1,1 % (kr 3,5 mill.). I 2024 er dette snudd til eit mindreforbruk, men avviket har auka til 1,3 % (kr 4,2 mill.). Det skuldast m.a. nøktern drift grunna den samla økonomien til kommunen. Då det er andre kommunalområde som vil krevje fleire ressursar i framtida, blir det vanskeleg å halde på eit mindreforbruk. Sjå elles kommunalområdet si årsmelding for fleire detaljar.

Helse, omsorg og velferd

Dette kommunalområdet hadde i 2023 eit samla meirforbruk på 9,4 % (kr 31,4 mill.). I 2024 er avviket redusert til 6,5 % (kr 24,3 mill.). Kommunalområdet er i gang med konkrete tiltak for å redusere avviket vidare. Sjå elles kommunalområdet si årsmelding for fleire detaljar.

Teknisk, eigedom og landbruk

Dette kommunalområdet hadde i 2023 eit samla meirforbruk på 3,8 % (kr 2,8 mill.). I 2024 er avviket auka til 7,7 % (kr 5,9 mill.). Dette er eit område som er påverka av t.d. straumprisar og nedbør, noko som kan gjere det vanskeleg å halde avviket innanfor 1 %. I tilfelle må det leggst inn ein større buffer, noko det er lite rom for grunna den samla økonomien til kommunen. Sjå kommunalområdet si årsmelding for fleire detaljar.

Andre kommunalområde

Dei andre kommunalområda hadde i 2023 eit samla mindreforbruk på 20,3 % (kr 9,8 mill. totalt). I 2024 er dette snudd til eit meirforbruk og avviket har auka til 21,5 % (10,2 mill.) Dette skuldast hovudsakleg Andre område som er eit kommunalområde som stort sett er styrt av ytre omstende. For fleire detaljar, sjå årsmeldingane frå dei ulike kommunalområda.

Vesentlege avvik investering

§ 5-5, 1. ledd - Oversikt løyvingar til investering (2A)

Når det gjeld oversikt løyvingar til investering, vert vesentlege avvik vurdert til å vere kostnadsoverskriddingar – og forseinka framdrift som kan føre til kostnadsoverskriddingar.

Sum investeringar i 2024 var kr 159,0 mill. Opphavleg budsjett var på kr 210,9 mill. inkl. rebudsjetteringar frå året før, medan revidert budsjett var på kr 237,5 mill. fråtrekt rebudsjetteringar til året etter. Det er framleis eit vesentleg etterslep av investeringar som kan føre til vesentlege avvik i investeringsrekneskapen.

§ 5-5, 2. ledd - Oversikt løyvingar til investering, fordelt (2B)

Tabellen viser meir- eller mindreforbruk pr. prosjekt og totalt. Samla meirforbruk vert kommentert etter tabellen.

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Meirforbruk kr	Mindreforbruk kr
Frå oversikt løyvingar til investering:				
Sum investeringsutgifter (frå tidlegare 2A)	158 981	237 482	-22 620	101 121
Fordeling på prosjekt:				

Årsmelding 2024

Skule Ørsta sentrum - nybygg	55 599	108 215	0	52 616
Ørsta ungdomsskule - tilbygg	1 216	4 793	0	3 577
Ørsta kulturhus - oppgradering sambruk med Ørsta VGS	1 799	8 000	0	6 201
Sæbø - skule og barnehage	1 880	4 242	0	2 362
Ørstaheimen - ombygging 3. etg til sjukeheims plassar	63	0	-63	0
Gatellys Haslevegen/Olavsgata	109	109	0	0
Sal av grunn del av G/B 16/69 til Haslevegen 5	4	4	0	0
Justeringsrett PeMarka 2020-2029	93	0	-93	0
Ose B9 - utbyggingsavtale	529	0	-529	0
Kjøp av veggrunn 16/69	13	13	0	0
Fremre Mo B10 - regulering, grunnkjøp og opparbeiding	289	235	-54	0
Legene - utviding av bustadfelt	1	0	-1	0
Mosbakkane bustadfelt B11	1 183	0	-1 183	0
Tomtefelt Sæbøneset	187	0	-187	0
Barstadvik - bustadtomter	2	344	0	342
Melsgjerdet - infrastruktur	1 954	26	-1 928	0
Gatellys Anders Hovden-gata/Ripateigane (ref. 025901)	879	752	-127	0

Årsmelding 2024

Kulvert Vollagjølet 2023-	84	84	0	0
Sal parkeringsareal Kyrkjegata	7	0	-7	0
Anleggsmaskin CAT 920	1 805	1 805	0	0
Utbyggingsavtale Skogvegen mellom Bakkevegen og Håkonsgata	3	3	0	0
Justeringsrett Skogvegen mellom Bakkev og Håkonsg	3 270	0	-3 270	0
Sambindingsveg Smådalane (Melsvegen- Hansholen)	126	126	0	0
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot - forskotering	4 740	0	-4 740	0
Vegbygging ved Ørsta eldhus - utbyggingsavtale	2 187	0	-2 187	0
Veg Hovdenakken oppgradering	1 510	1 510	0	0
Gatelys Myrane på Vartdal	745	745	0	0
Vegar, opprusting/asfaltering	0	1 389	0	1 389
IKT - breibandutbygging innan Ørsta kommune	11 795	9 700	-2 095	0
Skredsikring Vallabøen	-32	0	0	32
Skilting og merking Engesetv-Håkonsgt, Holmegt-Anders Hovdengt	210	210	0	0
Fartsdisplay "Di fart"	201	201	0	0
Fjerning busslomme ved Velle skule	345	345	0	0

Årsmelding 2024

Asfaltering av fartshumpar	260	260	0	0
Gangveg Hovden skule	132	132	0	0
Oppgradering gatelys Dalevegen	393	393	0	0
Gatelys Bondalseidet	59	59	0	0
Brurekkverk Mosmarkvegen	440	440	0	0
Tettstadsutvikling - oppfølging av reguleringsplan Ørsta sentrum	13	12	-1	0
Grunnkjøp - oppfølging av sentrumsplanen	0	1 000	0	1 000
Tettstadsutvikling - Klokkarmarka parkering (tidl. Bedehusmarka)	488	290	-198	0
Plentraktor John Deere 1570	556	214	-342	0
Feiemaskin Dulevo D6	3 249	3 249	0	0
Sunnmøre sjøbad Vekslet	34	34	0	0
Parkanlegg	0	297	0	297
Nærmiljøanlegg	100	100	0	0
Skår ferjekai - opprusting	0	272	0	272
Strategiske grunnkjøp	0	1 832	0	1 832
Dalelina vassverk - tilbygg til naudstraumsaggregat	102	102	0	0
Overvassleidning Holmegata (ref. 032903)	1 621	1 621	0	0
Vikeøyra Renseanlegg	2 167	2 167	0	0
Sanering VA Haslevegen/Olavsgata	594	594	0	0

Årsmelding 2024

VA: Sanering Hovdebygda del 3 (ref. 032903)	108	108	0	0
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot Sanering VA (ref. 032903)	1 942	1 942	0	0
Grøthaugen biologiske minirensesanlegg	1 630	1 630	0	0
Flytting av avløpsrør ved Fora Form	21	21	0	0
Oppgradering vasskummar (ref. 032903 og 032905)	433	433	0	0
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	80	23 780	0	23 700
VA - oppgradering Sæbø, Vartdal og Barstadvik	0	747	0	747
Oppgradering avløpskummar	201	201	0	0
Geodataplan - vidareføring	213	210	-3	0
Oppgradering scenetrekk Kulturhus	245	0	-245	0
Leik i Vikegata	-40	0	0	40
Hovden skule, Øvrebygget - energiparande tiltak	3 181	1 774	-1 407	0
Velle skule - inventar til nybygg 2024	4 392	4 436	0	44
Velle skule - skjermar og kopimaskiner 2024	973	972	-1	0
Uteområde Velle skule	17 579	16 373	-1 206	0
Utstyr til reinhald nye Velle Skule	116	116	0	0

Årsmelding 2024

Hovden barnehage - Varmepumpe for driftssparing	362	179	-183	0
Sæbø barnehage - inventar til nybygg	29	0	-29	0
IKT - skule	398	398	0	0
Velle skule - parkeringsplass og tilkomst	377	377	0	0
Hovden skule uteområde	1 344	1 344	0	0
Sal av Lystad skule	101	0	-101	0
Dalevegen 24 (Velferdshuset) - Ny levegg/skjerming barnevogner	0	220	0	220
Ørstaheimen - branndokumentasjon og lukking av branntekniske avvik	151	0	-151	0
Ørstaheimen - adgangskontroll	925	1 700	0	775
Fonnavegen 4 - oppgradering (ref. 062901)	88	88	0	0
Fonnavegen 6 - oppgradering (ref. 062901)	497	497	0	0
Hjørundfjordheimen - ombygging av fire rom til leilegheiter	413	600	0	187
Sætrebakkane 16 B - totalrenovering	271	271	0	0
Sætrebakkane 16 D - totalrenovering	346	346	0	0
Institusjon - nye sengelampar	174	384	0	210
IKT - Velferdsteknologi Ørstaheimen	38	38	0	0

Årsmelding 2024

IKT - Velferdsteknologi Vartdal helsetun (ref. 054901)	6 533	5 650	-883	0
Taksikring Bakk-Ola- marka	240	240	0	0
Bil til Vartdal helsetun	163	350	0	187
KLP - pliktig kjøp av andelar	2 464	2400	-64	0
Lagerbygg Ripateigane	61	61	0	0
Sæbø brannstasjon - nybygg - prosjektering	0	375	0	375
Brannøvingsanlegg på Melsgjerdet	3 493	6 700	0	3 207
Ørstahallen - ny skillevegg mellom bane 2 og 3	0	313	0	313
Totalrenovering Enokmarka 2-10	1 160	1 160	0	0
Brannstasjonsbygningar	0	212	0	212
Låsesystem - felles elektronisk for kommunale bygg	43	43	0	0
Nytt biblioteksystem	0	250	0	250
Ørsta rådhus - Uteområde, parkering, uu, bosrom m.m.	88	0	-88	0
Brannbil og utstyr på Sæbø	1 756	1 875	0	119
Ny hovudbrannbil Vartdal - fornying av bilar og utstyr	0	311	0	311
Driftsutstyr - robotteknologi, reinhaldsmaskiner m.m.	0	290	0	290
Varebilar til seksjon Eigedom	1 357	107	-1 250	0

Årsmelding 2024

Anleggstraktor vatn/avløp 2023	2 041	2 041	0	0
Sal av kommunale eigedomar/bygg	-12	0	0	12

Vesentlege avvik - investering

Den vanlegaste årsaka til meirforbruk er at det vert ført kostnadar på eit prosjekt som ikkje har budsjettmidlar, eller at det vert ført meir kostnadar på eit prosjekt enn det er budsjettmidlar til. I slike tilfelle skuldast meirforbruket i hovudsak at rutinane ikkje vert fylgde.

Dersom rammene undervegs i prosjektet viser seg å ikkje halde, skal dette meldast til politisk nivå før arbeidet held fram. Ved hastetiltak som ikkje kan vente skal dette først avklarast med ordførar/kommunedirektør og deretter leggst fram til politisk behandling ved første høve. Dersom kostnadsauken vert kjend så seint på året at den ikkje kan behandlast politisk før nyttår, vil det føre til meirforbruk då det ikkje kan vedtakast budsjettendringar for tidlegare år.

Det er ofte ein skilnad mellom overslaget ein gjer til budsjettet og den endelege prisen ein får i eit tilbod. Dette skal rettast opp med eit politisk vedtak om budsjettendring før prosjektet vert starta opp. Å leggje eit overslag så høgt at ein ikkje treng budsjettendring er ikkje tilrådeleg, då det kan føre til at dei som leverer tilbod justerer prisen til eit høgare nivå.

For å få ei meir korrekt utgiftsføring og budsjettstyring på investeringsprosjekta, har det dei siste åra vorte sett i verk fleire administrative tiltak. M.a. har nokre av investeringane av praktiske omsyn vorte delte opp i delprosjekt. Då har det i prosjektnamnet vorte referert til prosjektnr. der midlane står.

Det er elles etablert fleire tidspunkt for gjennomgang av investeringane gjennom året, m.a. gjennom førebuingane til budsjett, rebudsjettering, investeringsplan og tertialrapportering. Det skal dermed vere mogleg både teoretisk og praktisk sett å redusere meirforbruket til eit minimum.

Rutinane for budsjettering av investeringar har hatt eit stort fokus i mange år med mål om at betring av rutinane og intern opplæring skal gi ein vesentleg positiv effekt. Sjølv om det har vore ei betring frå 2023 til 2024 er diverre meirforbruket framleis for stort. Sjølv om vi ikkje er heilt i mål, har vi framleis tru på at dette vil redusere meirforbruket ytterlegare på sikt.

Når det gjeld mindreforbruk kan ei av årsakene vere at prosjekt har vorte rimelegare eller mindre omfattande enn budsjettert, men den viktigaste årsaka er manglande kapasitet til å gjennomføre dei budsjetterte prosjekta innanfor budsjettåret. Tabellen nedanfor viser at kommunen dei siste åra berre har gjennomført mellom 36,4 % og 66,5 % av budsjetterte investeringar. I gjennomsnitt har det vore ein gjennomføringsgrad på 55,4 % dei siste fire åra.

Gjennomføringsgrad investeringar i varige driftsmiddel

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024
Investeringar revidert budsjett	405 911	414 395	343 258	235 082
Investeringar rekneskap	255 757	237 717	125 018	156 426
Ikkje gjennomførte investeringar	150 154	176 678	218 240	78 656
Gjennomføringsgrad	63,0 %	57,4 %	36,4 %	66,5 %

Som ein konsekvens av låg gjennomføringsgrad har det vore store rebudsjetteringar dei siste åra. Det er positivt at gjelda ikkje aukar like mykje som budsjettet, men det er uheldig at budsjettet ikkje er så realistisk som det bør vere. Kommunedirektøren tek høgde for noko av dette i samband med budsjettarbeidet og justerer låneopptak, renter og avdrag, men det blir mindre avvik dersom investeringsplanen vert meir tilpassa kapasiteten.

Det kan sjå ut til at dette har vorte betre i 2024, men noko av auken i gjennomføringsgrad skuldast at det vart gjort ei budsjettendring på slutten av året der nokre av investeringane vart foreslått flytta til 2025. Tidlegare år har flyttinga vorte gjort etter nyttår og då har ikkje budsjettet for føregåande år vorte justert.

Å auke gjennomføringsgraden ved å leige inn eksterne konsulentar vil vere vanskeleg då det uansett vil krevje mykje interne ressursar til å ha den økonomiske kontrollen og til å overføre kunnskap om dei ulike prosjekta mellom kommunen og konsulentane. Kjøp av tenester vil dessutan føre til auka prosjektkostnader.

Avvik investeringar 2020 - 2023

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024
Meirforbruk	*17 370	*9 445	58 109	22 620
Mindreforbruk	-240 748	-256 112	*-133 473	-101 121
Sum avvik	-223 378	-246 667	-75 364	-78 501

*) Beløpet er justert manuelt då det i 2021 og 2022 er bokført ikkje godkjende utgifter på eitt av prosjekta. Desse utgiftene vart tilbakeførte i 2023.

Tabellen ovanfor viser at mindreforbruket dei siste åra har vore stort. Delar av reduksjonen i 2024 kan forklarast med at noko av budsjettet vart flytta til 2025 i samband med budsjettvedtaket i desember.

Det har i mange år vore eit mål å redusere meirforbruket så mykje som mogleg. Etter ein reduksjon dei tidlegare åra vart det i 2023 ein stor auke der kr 37,6 mill. skuldast prosjektet Skule Ørsta sentrum (Velle

skule) der framdrifta hadde vore større enn førespegla i investeringsplanen. Dette førte vidare til at prosjektet i 2024 fekk eit stort mindreforbruk og av dei kr 101,1 mill. kjem kr 52,6 mill. frå dette prosjektet.

Elles skuldast mykje av meirforbruket manglande budsjettering. I 2023 skuldast kr 9,7 mill. av meirforbruket at det var vedteke forskotering til bygging av gangveg langs Dalevegen utan at det vart vedteke eit konkret beløp. I 2024 førte dette til ytterlegare kr 4,7 mill. i meirforbruk.

Det har også vore fleire tilfelle av at vedtak frå tidlegare år om t.d. framtidige utbyggingsavtalar som skulle innarbeidast i budsjett og økonomiplan ikkje har vorte innarbeidde. Dette har vi no vorte meir klar over slik at dette skal redusere risikoen for meirforbruk framover.

I tillegg har både administrasjonen og kommunestyret spesielt det siste året gjort investeringsplanen meir realistisk. Dette skal også bidra til å redusere både meir- og mindreforbruk framover.

Det er framleis eit mål å redusere meirforbruket så mykje som mogleg og tiltak med betring av rutinar og intern opplæring held difor fram. Eit anna hjelpemiddel for å få ned avviket kan vere å investere i eit prosjektstyringssystem som kan rapportere forbruk og framdrift i sanntid og dermed varsle tidlegare når det er fare for avvik. Det vart gjort eit forsøk i samband med anskaffing av nytt økonomi-, løns- og HR-system, men det var ikkje mogleg å få til då. Håpet er at det skal vere mogleg å få til dette på eit seinare tidspunkt.

Unytta lånemidlar

Det har i mange år vore ei målsetjing å halde nivået på unytta lånemidlar lågast mogleg. Tidlegare vart låneopptak gjennomførte før vedtekne prosjekt vart igangsette. For å halde lånegjelda og renteutgiftene på eit lågare nivå, vert det no i større grad nytta ledig likviditet før låneopptak vert gjennomførte. Tidspunkt for låneopptak saman med storleik og varigheit vert elles tilpassa vilkåra i lånemarknaden og nivået på unytta lånemidlar vil difor variere frå år til år.

Låneopptak vert vanlegvis gjennomført seinast i oktober sidan det vanlegvis er dårlegare vilkår i november og desember. Storleiken bør ligge mellom 200 og 250 mill. for å redusere talet på lån og lånekostnader, og varigheita må vere på minst tre månadar for å redusere refinansieringskostnadane. I september/oktober kan det vere vanskeleg å vite kor mykje som trengs av lånemidlar resten av året. Det er heller ikkje lov med negative unytta lånemidlar og det må difor leggast inn ein buffer som sikrar at det ikkje skjer. Basert på dette skal det vere mogleg å halde unytta lånemidlar på eit nivå under kr 100 mill.

Dei siste to åra har det diverre vorte ein ekstra stor auke i unytta lånemidlar. I 2023 skuldast det hovudsakleg at det ikkje vart gjennomført så store investeringar mot slutten av året som venta og til slutt vart berre 36,4 % av dei vedtekne investeringane vart gjennomførte. Dette må også sjåast i samanheng med eit relativt stort innskot på høgrentekontoen.

I 2024 vart 66,5 % av dei budsjetterte investeringane gjennomførte. Heile årets låneopptak på kr 207,5 mill. vart utsett til 2025. Likevel er det kr 188,4 i unytta lånemidlar. Det er vanskeleg å redusere dette vidare ned til ønska nivå fordi kommunen etter bruk av disposisjonsfondet har dårleg likviditet. Det ser vi også av at innskotet på høgrentekontoen er redusert.

At kommunen har store unytta lånemidlar har lite negative konsekvensar for økonomien sidan innskotsrenta til kommunen hovudsakleg er høgare enn lånerenta. I tillegg gir det betre likviditet. På

den andre sida fører auka gjeld til auka minimumsavdrag. Valet om å halde unytta lånemidlar på eit lågast mogleg nivå er altså basert på politikk og ikkje økonomi.

Tal i 1000 kr	2021	2022	2023	2024
Unytta lånemidlar	43 695	88 336	213 076	188 385
Innskot høgrentekonto	75 796	161 876	177 331	14 944

Vesentlege avvik premiss

Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane

Dersom det er avvik mellom budsjettert og faktisk kostnad eller premiss skal det fremjast sak for kommunestyret der dei tek stilling til om ramma eller premissen for drifta eller investeringa skal endrast. Det er ikkje sett vesentlege premissar til bruken av løyvingane korkje når det gjeld drift eller investering.

I budsjettbehandlinga vedtek kommunestyret ei generell netto økonomisk ramme til drift innanfor dei ulike kommunalområda. På investeringssida vert det vedteke generelle brutto økonomiske rammer for kvar enkelt investering, der fokus i hovudsak er på finansiering i tillegg til ev. positive eller negative driftskonsekvensar.

Drift

Det vart opphavleg budsjettert med generelle inntekter på kr 895,4 mill. og netto løyvingar til drift på kr 824,4 mill. Etter endra løyvingar gjennom året viser revidert budsjett generelle inntekter på kr 901,8 mill. og netto løyvingar til drift kr 834,3 mill.

Faktiske generelle inntekter vart kr 881,8 mill. som er kr 20,0 mill. lågare enn budsjettert. Faktiske netto løyvingar til drift vart kr 870,5 mill. som er kr 36,2 mill. høgare enn budsjettert. Dette utgjer eit netto negativt avvik mellom budsjettert drift og faktisk drift på kr 56,2 mill. Inkl. finans er avviket på kr 52,4 mill.

Investering

Det vart opphavleg budsjettert med investeringar på kr 210,9 mill. og eit låneopptak på kr 169,0 mill. Etter rebudsjettering og endra løyvingar gjennom året viser revidert budsjett ei brutto investering på kr 237,5 mill. og eit låneopptak på kr 184,3. Faktisk investering vart kr 159,0 mill. brutto og faktisk bruk av lån vart kr 114,9 mill.

Avdrag og avskrivingar

Det bør ikkje vere for stor avstand mellom avskrivingar og avdrag. Tabellen viser endringar i perioden 2021–2024.

Konto (tal i heile 1000 kr)	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024
Avskrivningar	45 240	49 517	53 088	58 172
Avdrag på lån	39 157	43 681	49 600	56 000
Avvik	6 083	5 836	3 488	2 172

Avvika ligg innanfor det intervallet som er venta. Det har ikkje har skjedd spesielle endringar innan dette området det siste året.

Personal og organisasjon

Likestilling

Utgreiing om likestilling for Ørsta kommune 2024

Frå 2020 er *aktivitets- og redegjørelsesplikten* (ARP) styrka, i samsvar med Likestillings- og diskrimineringslova, som gjeld frå januar 2018.

For offentlege verksemdar betyr desse endringane at:

- Alle arbeidsgjevarar skal jobbe med å hindre samansett diskriminering, kjønnsbasert vald og seksuell trakassering
- Verksemdene skal følgje ein lovbestemt arbeidsmetode på fire trinn når ein skal jobbe med likestilling
- Alle verksemdene skal kartleggje lønnsforhold etter kjønn og ufrivillig deltidsarbeid annakvart år
- Verksemdene må gjere greie for arbeidet med aktivitetsplikta

Statistikkgrunnlaget vårt er henta frå både PAI registeret og Visma Enterprise BI. Dei ulike kjeldene gjev noko ulikt resultat, truleg på grunn av ulik teljemåte og oppsett. Derfor kan tala frå denne rapporten avvike noko frå tilsvarande tabell i årsrapport frå dei enkelte kommunalområda. Vi har per no ikkje klart å kartleggje kvifor dette oppstår, men vil følgje opp dette med systemeigar.

Kort oppsummering av utgreiinga:

- Kjønnsbalansen i Ørsta kommune er stabil, med ei fordeling på omtrent 80/20 mellom kvinner og menn.
- Det er fokus på å skape attraktive stillingar for å redusere deltidsarbeid.
- Tiltak som årsturnus er innført for å oppnå ein heiltidskultur og likestilling.
- Ørsta kommune arbeider aktivt for likestilling og mot diskriminering, med fokus på rekruttering, lønn, arbeidsvilkår, forfremming og utvikling, tilrettelegging, og arbeid og familie.

- Vern mot trakassering og diskriminering er prioritert, og det vert lagt vekt på å skape trygge og inkluderande arbeidsmiljø gjennom ulike tiltak.

Del 1: Utreiing for kjønnslikestilling

1.1 Kjønnsbalanse

Kjønnsbalansen har vore stabil over år, med eit forholdstal på om lag 80/20 mellom kvinner/menn. Talet på menn er 23 %, medan del årsverk er 20 %. Dette er uendra frå 2023. I heiltidskultur er eitt av måla å skape attraktive stillingar og arbeidsplassar. I ein deltidskultur der små stillingar og mangel på kontinuitet er resultatet, er det grunn til å tru at menn vel å søkje seg vekk eller ikkje søkje i det heile.

Når vi ser på korleis kvinner og menn fordeler seg i ulike aldersgrupper, er det flest tilsette i aldersgruppa 35- 44 år, både blant kvinner og menn. Gjennomsnittsalderen blant tilsette i kommunen er 44 år.



Kjelde: Visma/BI/HRM


Kjønnsfordeling på ulike område, prosent

Årsmelding 2024

År		2022	2022	2023	2023	2024	2024
	Måltall	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent
Org.enhet	Gruppe1	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
0	Ukjent org.enhet	33,33%	66,67%				
10000	Politikk				100,00%		100,00%
20000	Kommunedirektør	76,92%	23,08%	74,36%	25,64%	81,08%	18,92%
30000	Oppv, kultur			78,65%	21,35%	78,30%	21,70%
31000X	Kultur og landbruk	45,16%	54,84%				
32000X	Skule	75,70%	24,30%				
33000X	Barnehage	91,03%	8,97%				
40000	HOV (He,Om,Ve)			90,93%	9,07%	91,32%	8,68%
41000x	Helse og velferd	91,67%	8,33%	100,00%			
47000x	Omsorg og sj.h.	93,05%	6,95%				
51000X	Eigedom	63,79%	36,21%				
60000	Teknisk, eigedom og landbruk			32,43%	67,57%	34,67%	65,33%
60000X	Tekniske tenester	14,61%	85,39%				

Kjelde: Visma/BI/HRM


1.2 Kvinner og menn i høve til stillingsstorleik – omfang av deltid



Kjelde: Visma/BI/HRM

1.2.1 Oppvekst, kultur og inkludering






Kjelde: Visma/BI/HRM

Oppvekst kultur og inkludering har ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 86,3 %, som er tilnærma lik som i 2023. Del av tilsette som har 100 % stilling har ein liten reduksjon frå 67 % i 2023 til 65 % i 2024.

1.2.2 Helse, omsorg og velferd






Kjelde: Visma/BI/HRM

Helse, omsorg og velferd har ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 85,8 %, som er tilsvarande året før. Del av tilsette som har 100 % stilling har auka frå 55 % i 2023 til 58 % i 2024. Dette viser at vi er på rett veg, men vi må framleis arbeide grundigare med oppgåvedeling slik at vi nyttar tilgjengeleg kompetanse betre.

1.2.3 Teknisk, eigedom og landbruk






Kjelde: Visma/BI/HRM

Teknisk, eigedom og landbruk har ein gjennomsnittleg stillingsprosent på 66 % i 2024. Kommunen har tilsett brannkonstablar i om lag 1,06% stilling. Desse kjem inn i statistikken for stillingar 0-24% med fire kvinner og 33 menn. Desse har andre stillingar i tillegg, anten i kommunen eller i andre verksemdar. Dei kan såleis ikkje sidestillast med andre tilsette i deltidsstillingar under 25 %. Dette påverkar også talet på del av tilsette som har 100% stilling, som er 59 % i 2024, som er ei svak auke frå 57 % i året før.

1.2.4 Kommunedirektør (med stab og støtte)





Kjelde: Visma/BI/HRM

Kommunedirektør med stab og støtte har 39 tilsette. Disse har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 79,7 %. Del av tilsette som har ei 100 % stilling er 69 %, som er ein reduksjon frå 85 % i 2023.

1.3 Permisjonar og fråvær i samsvar med lov og avtaleverk

Foreldrepermisjon		Menn	Kvinner
Gjennomsnittleg tal på permisjonsdagar for kvinner og menn som har tatt ut foreldrepermisjon	2024	69	65
	2023	26	77
	2022	34	78
Fråvær omsorgsdagar			
Samla tal på fråværsdagar på grunn av sjuke born	2024	180	787
	2023	153	830
	2022	168	874

Foreldrepermisjon

Tabellen syner gjennomsnittleg tal på dagar som kvinner og menn har teke ut foreldrepermisjon. Gjennomsnittet er rekna ut frå antal dagsverk totalt per år delt på antal unike tilsette, då nokre tilsette har delt opp permisjonen i fleire periodar. Gjennomsnittstalet vil variere frå år til år, avhengig av kor mange som har foreldrepermisjon og kor stor stilling dei har. Tala for 2024 syner at gjennomsnittleg permisjonsdagar for menn har gått vesentleg opp frå 2023. Dette talet er noko missvisande, då den eine av dei to mennene eig ei 1,93 % stilling og dermed trekk gjennomsnittet betrakteleg ned dette året.

Fråvær pga. sjuke barn

Kommunen har fleire menn med barn i småbarnsalder no enn tidlegare, og arbeidsgjevar ser at mennene i større grad enn tidlegare nyttar seg av retten til å vere heime med sjuke born. I gjennomsnitt har menn nytta 6 dagar omsorgspermisjon i 2024, som er ei auke frå 4 dagar i 2023. Til samanlikning har gjennomsnittstalet for kvinner ein liten reduksjon frå 3,7 dagar i 2023 til 3,5 dagar i 2024. Omsorgsdagar kan takast ut både som heildagsfråvær og i fråværstimar, avhengig av behovet til drifta og dette varierer innanfor dei ulike områda i kommunen.

1.4. Kartlegging av ufrivillig deltid

Gjennom eit spørjeskjema vart alle tilsette i deltidsstilling spurt om dei står i ufrivillig deltid. Tilsette som har fleire arbeidsforhold som til saman utgjer ei full stilling var trekt frå. Skjemaet vart sendt ut til 342 tilsette. Av 53 som har respondert på skjemaet, har 16 svart ja på at dei står i ufrivillig deltid. Desse er tilsette innanfor kommunalområda Helse, omsorg og velferd, og Oppvekst, kultur og Inkludering. Det er 2 menn og 14 kvinner som har svart ja på spørsmålet. Resultatet vil vere viktig kunnskap i vidare rekrutteringsarbeid.

1.5 Lønsskartlegging

Tala frå lønsskartlegginga er henta frå KS Pai-Register.

Lønnsutvikling for fast- og timelønte hoved- og bistillinger i Ørsta kommune.
Tall pr. 1.12.2023 og 1.12.2024 basert på KS' PAI-register.

Kjønn	Månedss- fortjeneste 2024	Grunnlønn 2024	Endring i månedss- fortjeneste 2023-2024	Endring i grunnlønn 2023-2024	Ansatte 2024	Årsverk 2024	Endring i årsverk 2023-2024
Kvinner og menn	51.198	47.926	6,1%	5,8%	1.164	908	-0,4%
Kvinner	51.029	47.625	6,1%	6,0%	901	720	0,4%
Menn	51.842	49.075	5,8%	5,1%	263	188	-3,0%

Tabell 3
Lønnsforhold justert for ulike faktorer. Ørsta kommune.

Gjennomsnittlig fortjeneste pr. månedsverk og gjennomsnittlig grunnlønn pr. månedsverk for kvinner i prosent av menns lønn. Tall pr. 1.12.2022, 1.12.2023 og 1.12.2024.

Justert for	Årstall		2023		2024	
	2022		2023		2024	
	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	98,8	97,4	98,2	96,3	98,4	97,0
Alder	98,8	97,4	98,2	96,3	98,4	97,0
Stillingsgruppe	103,8	103,9	103,7	103,5	103,4	103,3
Stillingskode	100,1	100,7	101,0	101,2	100,4	101,2
Utdanning	98,8	99,6	98,8	99,2	99,5	100,5

Tallene uttrykker hva kvinners lønn som andel av menns lønn ville vært dersom kvinner og menn hadde hatt samme årsverksfordeling innenfor hver av variablene det er justert for. Tallene justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør brukes som mål på kjønnsforskjell i lønn, siden tallene i stor grad holder utenfor den delen av lønnsforskjellen som skyldes ulike yrkesvalg.

Tabell 4a Ørsta kommune. Kapittel og arbeidstakergruppe. Kvinner og menn.

Ansatte etter antall, årsverk, gjennomsnittlig månedsfortjeneste, grunnlønn og variabel overtid pr. månedsverk. Tall pr. 1.12.2024. Endring av lønn og årsverk 2023 - 2024.

Kapittel	Arbeidstakergruppe	Antall ansatte	Antall årsverk	Månedsfortjeneste	Grunnlønn	Variabel overtid	Vekst i månedsfortjeneste 1.12.23-1.12.24	Vekst i grunnlønn 1.12.23-1.12.24	Vekst i årsverk 1.12.23-1.12.24
Alle	Alle	1.164	908	51.198	47.926	961	6,1%	5,8%	-0,4%
3	Alle	49	49	66.831	66.207	330	4,7%	4,5%	2,2%
	Ledere kap. 3.4.1	6	6	87.431	87.431	0	9,2%	9,2%	-14%
	Ledere kap. 3.4.2	25	25	65.947	65.620	200	4,8%	4,9%	0,2%
	Ledere kap. 3.4.3	18	18	61.199	59.954	621	5,3%	4,6%	12,5%
4	Alle	1.076	828	49.803	46.307	990	6,3%	6,1%	-0,7%
	Utdanningsstillinger	3	2	44.815	36.424	8.176	6,7%	8,1%	-77%
	Ledere kap. 4	29	25	56.819	55.566	439	6,6%	7,2%	1,1%
	Stillinger uten særskilt krav om utdanning	273	151	38.953	36.577	1.083	6,4%	5,7%	0,7%
	Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	319	235	47.708	42.574	1.710	6,5%	6,3%	-1,5%
	Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	2	2	52.278	45.513	4.049	17,3%	8,1%	0,0%
	Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning	239	211	52.838	49.073	764	5,7%	5,3%	-4,8%
	Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning	99	83	54.739	51.960	663	6,6%	5,8%	6,1%
	Adjunkt med tilleggsgutdannning og Stillinger med krav om 5-årig	86	78	57.779	55.637	36	5,5%	5,4%	-5,3%
	Lektor og Stillinger med krav om mastergrad	17	16	54.090	52.202	159	5,4%	4,6%	33,5%
	Lektor med tilleggsgutdannning	26	25	58.568	56.679	3	4,7%	4,5%	45,4%
5	Alle	40	31	63.682	62.180	1.197	0,7%	-0,9%	6,5%
	Ledere	4	4	63.618	59.616	6.997	6,4%	2,2%	-17%
	Andre	27	22	66.703	66.234	159	3,0%	2,8%	-0,2%
	Utdanningsstillinger	9	5	49.794	45.701	930	-9,2%	-17%	139%

Årsmelding 2024

Tabell 4c Ørsta kommune. Kapittel og arbeidstakergruppe. Menn.

Ansatte etter antall, årsverk, gjennomsnittlig månedsfortjeneste, grunnlønn og variabel overtid pr. månedsværk. Tall pr. 1.12.2024. Endring av lønn og årsverk 2023 - 2024.

Kapittel	Arbeidstakergruppe	Antall ansatte	Antall årsverk	Månedsfortjeneste	Grunnlønn	Variabel overtid	Vekst i månedsfortjeneste 1.12.23-1.12.24	Vekst i grunnlønn 1.12.23-1.12.24	Vekst i årsverk 1.12.23-1.12.24
Alle	Alle	263	188	51.842	49.075	1.379	5,8%	5,1%	-3,0%
3	Alle	14	14	68.880	67.366	591	5,3%	4,3%	-6,3%
	Ledere kap. 3.4.1	2	2	81.667	81.667	0	7,5%	7,5%	-33%
	Ledere kap. 3.4.2	9	9	66.752	66.180	550	5,3%	5,3%	0,5%
	Ledere kap. 3.4.3	3	3	66.841	61.444	1.109	9,4%	5,0%	0,0%
4	Alle	232	158	49.634	46.649	1.381	7,0%	6,6%	-1,1%
	Utdanningsstillinger	1	1	36.442	36.442	0	1,3%	7,7%	-58%
	Ledere kap. 4	15	12	56.107	54.469	847	5,1%	5,4%	-7,4%
	Stillinger uten særskilt krav om utdanning	54	29	39.737	37.290	815	10,2%	9,6%	-10%
	Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	81	41	47.495	42.379	3.573	7,0%	7,4%	5,7%
	Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	2	2	52.278	45.513	4.049	17,3%	8,1%	0,0%
	Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning	31	30	51.126	49.094	924	6,2%	5,2%	0,2%
	Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning	22	16	52.924	50.867	47	5,1%	4,9%	2,9%
	Adjunkt med tilleggsgutdanning og Stillinger med krav om 5-årig	23	21	56.727	54.444	42	3,9%	3,9%	-4,4%
	Lektor med tilleggsgutdanning	7	7	57.459	55.021	0	4,5%	4,5%	34,0%
5	Alle	17	16	58.739	57.030	2.066	1,3%	-0,3%	-16%
	Ledere	3	3	66.060	60.795	9.206	7,6%	2,1%	-21%
	Andre	13	12	58.287	57.413	297	1,5%	1,0%	-8,1%
	Utdanningsstillinger	1	1	36.442	36.442	0	-34%	-34%	-60%

Del 2: Utgreiing av arbeidet for likestilling og mot diskriminering

Ørsta kommune ynskjer å arbeide aktivt for likestilling og mot diskriminering. I kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er eitt av hovudområda *Mangfald og inkludering*.

Overordna mål:

Ørsta kommune har arbeidsplassar som vert opplevde som trygge og meningsfulle. Ørsta kommune arbeider aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering.

Likestillings- og diskrimineringslova § 6. Forbud mot å diskriminere:

Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av disse er forbode. Etnisitet handlar mellom anna om nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge og språk.

Ørsta kommune skal gjere greie for arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering på følgjande område:

Kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion / livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering og kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk.

2.1 Risikovurdering

Utgreiingsplikta gjeld innanfor desse områda, som er med i risikomatrisa:

	Rekruttering	Løn og arbeidsvilkår	Forfremjing/ utvikling	Tilrettelegging	Arbeid/ familie
Kjønn					
Graviditet					
Etnisitet					
Religion					
LHBTQ+					
Omsorgsoppgåver					
Nedsett funksjonsevne					

Rekruttering

Kommunen lyser ut stillingar med fokus på mangfald, og oppfordrar til å søke, uavhengig av kjønn, funksjonsnivå og etnisitet. Ved utydeleg språk og ordval i t.d. stillingsannonser kan det skje at innhaldet ikkje tiltalar kvinner/menn å søke. Kommunen skal gjere ei jobbanalyse før stillingsteksten blir utforma. Slik analyse skal gjennomførast utan tanke på den personen som går ut av stillinga. Det er viktig å vere tydeleg på ønska kompetanse og at denne er uavhengig av kjønn, religion eller om søkeren har nedsett funksjonsevne. Kommunen skal stille krav til norskkunnskapar i ein del stillingar. Søklarar med annan etnisk bakgrunn kan såleis oppfatte seg som diskriminert når vedkomande ikkje får jobb eller lærlingplass med bakgrunn i manglande norskkunnskapar.

Lønn og arbeidsvilkår

Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av kommunalområde, alder og kjønn. Å behalde rett kompetanse kan gi saklege grunnar til lønnsforskjell. Her må ein ta ei vurdering på om forskjellsbehandlinga er nødvendig. For yrkesgrupper der vi ser at det er vanskeleg å rekruttere eller behalde naudsynt kompetanse, kan det vere aktuelt å yte eit rekrutteringstilskot eller endre lønsplassering i samsvar med HTA.

Forfremjing og utvikling

Strategisk plan for kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Risikofaktorar kan vere at tilsette føler seg lite verdsett eller diskriminerte, fordi dei opplever at ein stor del av kompetansen deira ikkje vert nytta og at andre går føre. Ein kan også kjenne seg urettferdig behandla i høve kompetanseheving, der ein meiner andre "alltid får først".

Ein risikofaktor som gjeld gravide er at med auka tendens til lange sjukemeldingar som vert avløyst av ein lang morspermisjon, kan kvinnene vere borte frå arbeidet i 1 – 2 år i samband med fødsel. Det også ein auka trend at kvinnene tek ut uløna permisjon etter at rettane til fødselspermisjon er tekne ut. Slike, til dels sjølvvalde lange fråvær frå arbeidet kan få som konsekvens at kvinnene går glipp av utviklinga på arbeidsplassen, og treng tid for å hente inn att kompetansen som trengst for å oppnå forfremjing.

Det same gjeld tilsette som er minoritetsspråklege. På grunn av mangel på norskkunnskapar vel desse ofte mangle grunnlag for fagleg utvikling.

Tilrettelegging

Ein arbeidstakar med nedsett funksjonsevne har rett på eigna individuell tilrettelegging ved behov, både på arbeidsplassen og i ein tilsetjingsprosess (LDO.no).

Tilrettelegging er alle dei tiltaka som arbeidsgjevar set i verk som gjeld organisering og utføring av arbeidet, utforming av arbeidsplassen og arbeidsmiljøet generelt. Arbeidsgjevaren skal organisere arbeidet og legge det til rette slik at arbeidstakarane kan stå i størst mogleg jobb og være like friske når dei går heim frå arbeidet som då dei kom. Tilrettelegging gjeld for alle arbeidstakarar, ikkje berre for personar med redusert arbeidsevne.

Å legge arbeidet til rette for arbeidstakarane er ein del av arbeidsgjevar si plikt til å iverksette tiltak som sikrar eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakar har plikt til å medverke i tilretteleggingsarbeidet, slik at arbeidsgjevar og arbeidstakar kan finne gode løysingar i samarbeid.

Arbeidsgjevar må vere merksam på at stor grad av tilrettelegging over tid for fleire arbeidstakarar kan gå ut over andre arbeidstakarar - og kan føre til auka fråvær.

Arbeid/familie

Arbeidsmiljølova gir rett til redusert arbeidstid dersom ein har en helsemessig, sosial eller velferdsmessig grunngeving. Foreldre med barn under 10 år kan søkje om redusert arbeidstid på grunnlag av denne lovregelen.

Kommunen skal legge til rette for at småbarnsforeldre i størst mogleg grad kan kombinere arbeid og familie. Kommunen arbeider for å skape ein heiltidskultur der heiltidsstillingar er det vanlege. Deltidsstillingar og ynske om reduserte stillingar er mest utbreidd hos kvinner. Dette er ei utfordring, og skaper eit motsetningsforhold til målet om ein heiltidskultur.

2.2 Organisering av likestillingsarbeidet

Strukturering av arbeidet

Ørsta kommune har etablert kvalitetsråd, som har møte to gonger i halvåret. Her møter kommunedirektøren si leiargruppe, kommuneoverlegen, og hovudverneombodet. Kvalitetsrådet har som oppgave å sjå til at brukarane og innbyggjarane i Ørsta kommune får ei trygg og fagleg forsvarleg teneste gjennom kvalitetsstyring og risikobasert internkontroll. Kvalitetsrådet skal sikre at faglege rutinar er godkjende i tråd med lovverket, at rutinar vert følgde opp og at dei legg grunnlag for kompetanseheving og ein forbettringskultur i heile organisasjonen. Kvalitetsrådet skal ha innsikt i arbeidet med likestilling på eit overordna nivå.

Når det gjeld likestilling for personar med funksjonshemming, er *Rådet for likestilling av funksjonshemma* eit sentralt organ. Dei har hatt 6 møter i 2024, og arbeider aktivt, både i høve til Ørsta som samfunn og til kommunen som organisasjon.

2.3 Tiltak innanfor dei ulike personalpolitiske områda for å fremje likestilling og hindre diskriminering

Mangfald og inkludering

Ørsta kommune sin arbeidsgivarstrategi har som mål at Ørsta kommune skal arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering. Arbeidsgjevarstrategien seier også at utanforskap er ei utfordring for kommunen både som tenesteytar og som arbeidsgjevar.

Rekruttering

I Strategisk plan for kompetanse og rekruttering, 2015–2019, har kommunen peika på viktige strategiar for rekruttering og likestilling. Mellom desse er:

- Vere tydelege på krav til kompetanse ved utlysing av stillingar
- Auke talet på lærlingar, sørgje for god kvalitet på lærlingtilbodet, leggje til rette for at ufaglærte får ta fagbrev
- Sikre ei lønsutvikling i konkurranse med kommunane rundt oss
- Leggje til rette for auka stillingsprosentar og heile stillingar

Den strategiske planen for kompetanse og rekruttering er ein av planen som skal reviderast i løpet av dei kommande åra.

Kommunen har utarbeidd nytt tilsetjingsreglement i 2023. Tilsettingsreglementet skal, saman med dei andre styringsdokumenta våre, stimulere til høg kvalitet på tenestene vi gir og god bruk av ressursar.

Reglementet føreset at kommunen skal arbeide for ein heiltidskultur der m.a. heile stillingar og tenesteretta bemanningsplanar skal leggje grunnlag for tilsetjing. Ørsta kommune skal arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering.

Kommunen rekrutterer medarbeidarar med innvandrarbakgrunn, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i omsorgsyрке og innanfor reinhald. Ved ledige stillingar for fagarbeidarar vert desse sikra lik behandling som andre søkjarar. Kravet til universell utforming i nybygg vert ivareteke av dei ansvarlege instansane. Gravide eller søkjarar i fødselspermisjon vert vurderte på lik linje med andre søkjarar til stillingar.

Det vert gjennomført strukturerte intervju med standardisert intervjuomal, som bidrar til å minimere feilvurderingar (for eks. førehandsvurderingar, førsteinntrykk, magekjensle, osv.) og sørge for at alle kandidatar får lik moglegheit til å demonstrere sin kompetanse og egnar seg for stillinga.

Ørsta kommune har eit særst godt partsamarbeid. I alle rekrutteringsprosessar deltek to tillitsvalde. Dette bidreg til å styrke arbeidet med likestilling. Tillitsvalde si rolle i intervju er mellom anna å ivareta kandidatane rettigheter og sikre at ingen vert diskriminert.

Løns- og arbeidsvilkår

Lønspolitikk for Ørsta kommune vart sist vedteken i administrasjonsutvalet i desember 2020, og gjort gjeldande frå 1.1.2021. Planen vart rullert for 2024. Kommunen sin lønspolitikk og kriterium for lønsutvikling skal vere kjent i heile organisasjonen. Lønspolitikken vert utarbeidd i samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Den generelle delen er tufta på kommuneverdiar og arbeidsgjevarstrategien vår. Vedlegga skildrar ein praksis som forhandlingspartane er samde om og ulike kriterium for lønsdanning. Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av seksjon, alder og kjønn. I tillegg til Lokal lønspolitikk for Ørsta kommune avgjer sentrale føringar i kvart tariffoppgjer lønsutviklinga for våre tilsette.

Permisjonsreglementet byggjer på arbeidsgjevarstrategien, og skal sikre permisjonsvilkår i tråd med lov og avtaleverk som dekkjer dei tilsette sine behov så langt som råd. Permisjonsreglementet sikrar mellom anna omsorgspermisjonar og velferdspermisjonar som skal gjere det mogleg å stå i størst mogleg stilling i ulike livsfasar og kombinere arbeid og familie.

Høve til utvikling og karriere

Strategisk plan for kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Kompetansomobilisering er å ta i bruk alle dei menneskelege ressursane og den kompetansen som finst i organisasjonen, også kompetanse som ikkje kan dokumenterast med vitnemål. Medarbeidarane sitt kompetansepotensial må mobiliserast gjennom relevante oppgåver og utfordringar.

Leiarar på alle nivå er ansvarlege for å kartleggje kompetanse- og utviklingsbehovet innanfor sitt tenestemråde og setje i verk tiltak, i samsvar med prinsippa i denne planen. Kompetanseutvikling skal vere ein naturleg del av årshjulet på arbeidsplassen.

Den årlege medarbeidersamtalen skal danne viktig grunnlag for mobilisering og utvikling, og skal byggje på resultata og prosessane etter medarbeidarundersøkinga *10-FAKTOR* (KS). Denne er eit verdfullt verktøy i arbeid med kompetanse-mobilisering og utvikling.

Vern mot trakassering og diskriminering

Ørsta kommune har utarbeidd ny rutine for varsling av kritikkverdige forhold i 2023.

Varslingsrutinen skal sikre eit godt ytringsklima på arbeidsplassen og trygge varslingsforhold i samsvar med arbeidsmiljølova § 2A. Rutinen skal vidare sikre at varsling av kritikkverdige forhold vert handsama forsvarleg og vert følgt opp, og sikre at arbeidstakarar skal kunne seie frå utan å vere redde for negative konsekvensar.

Alle former for mobbing og trakassering på arbeidsplassane våre er ikkje akseptert. Kommunen har teke i bruk Compilo som system for kvalitetshandbok, avvikshandtering, varsling om kritikkverdige forhold, risikoanalyse og HMT-handbok.

Heiltidskultur

Deltidskulturen medverkar til ein kjønnsdelt arbeidsliv. Slik arbeidet har vorte organisert, særleg innafør tenester med heildøgnsdrift, har det vorte lagt opp til at ein stor del av arbeidstakarane, særleg dei innleigde, må gå i små stillingar for å dekkje opp behovet for personale på helg. Denne tunge deltidskulturen finst i hovudsak der kvinner er i fleirtal blant dei tilsette. Kommunen har i dei føregåande åra sett inn store ressursar på den store prosessen med heiltidskultur, som skal gje store positive ringverknader, særleg for kvinner i høve til stillingsstorleik og løn. Dette er å sjå på som den mest omfattande og avgjerande prosessen for å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling i kommunen. Kommunen er også medviten på å unngå å sosialisere nye vi tilset, t.d. fagarbeidarar, inn i ein deltidskultur. Dette hindrar vi med å tilsetje nyutdanna fagpersonar som er kvalifiserte i heile, faste stillingar.

I 2024 har fokuset vore størst på endringar innan helse og omsorg, som har innført årsturnus som eit verktøy i prosessen for å oppnå ein heiltidskultur. Årsturnus er, for Ørsta kommune, ein ny måte å organisere arbeidet på. Det er ei endring som krev mykje av alle partane i arbeidslivet. Eit av måla med årsturnus er at han skal medverke til meir føreseielege arbeidsplanar for den tilsette, samt gi ein meir stabil personalmasse. Dette vil vere positivt i høve arbeidsmiljøet ved den einskilde avdelinga.

Kommunen som heilskap har no ei dreining mot ei meir heilskapstenking i heile verksemda, på tvers av kommunalområda.

Utanforskap

KS set lyset på korleis kommunesektoren kan medverke til inkludering og til å motverke og førebyggje utanforskap. Utanforskap handlar om einskildpersonar og/eller grupper som fell utanfor ulike arenaer eller fellesskap utan å ynskje det. Konsekvensane for utanforskap kan vere store, både for den einskilde og for samfunnet. Ørsta kommune vil sjå på kommunen si rolle i å auke *innanforskapet*, korleis vi som

arbeidsgjevar kan medverke til å skape integrasjon og oppleving av å høyre til. Ørsta kommune er ein stor og mangfaldig arbeidsgjevar. Vi skal lage fleksible løysingar som dekkjer ulike behov. Ei tydeleg plattform med verdiar og rammer skaper tryggleik og trivsel. Ørsta kommune har halde fram med å prioritere nærværarbeid i 2024, som skal ha som mål å førebyggje utanforskap.

2.4 Tiltak som er planlagt for å fremje likestilling og hindre diskriminering

- Kommunane står føre store utfordringar innanfor helse og omsorg i åra som kjem. Ny organisering av tenestene skal leggje grunnlag for ei berekraftig framtid i helse og omsorg. Målet er å sikre god tenestekvalitet og helsefremjande arbeidsvilkår gjennom å byggje gode lag. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom rett kompetanse til rett tid – og som byggjer på ein heiltidskultur der kvalitet er avhengig av kontinuitet, kompetanse og kapasitet. Kommunen arbeider med ein strategi for heiltidskultur, og legg til grunn at strategien skal leggje føringar for likestilling mellom ulike yrkesgrupper og utdanningsgrupper når det gjeld organisering og belastningar i arbeidet, som t.d. helgefaktoren
- Halde fram med å styrke medverknad gjennom partssamarbeidet i den sentrale trepartsgruppa Kveik og Gneist-gruppene på einingane. Arbeide målretta for at Gneist-gruppene skal vere motorar for utvikling på arbeidsplassane gjennom innspel og samlingar for Gneist-gruppene, og gjennom arbeidet med heiltidskultur
- Økt fokus på å utarbeide stillingsannonse som er inkluderende og kjønnsnøytrale. Val av ord i annonseteksta har innverknad på om teksta tiltrekker ulike kjønn og kan dermed føre til ubalanse i søkarmasse. Det er difor viktig å vere medvitne i utforminga slik at vi skaper kjønnsbalanse blant søkjarane
- Halde fram med arbeidet om heiltidskultur og heilskapstenking i kommunen. Kartlegginga av uønskt deltid viser at det nokre tilsette uttrykker ønskje og er tilgjengeleg for å arbeide meir. Tilbakemeldingane vert fylgt opp vidare med den enkelte og i framtidige rekrutteringsprosessar

Investeringar

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. Rekneskap bud. 2024	2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringar i varige driftsmiddel	125 018	208 526	156 426	235 082	78 656	33,5 %

Årsmelding 2024

	Note	Rekneskap 2023	Opph. Rekneskap bud. 2024	2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Tilskot til andre sine investeringar		2 710	0	91	0	-91	
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		2 282	2 400	2 464	2 400	-64	-2,7 %
Utlån av eigne midlar		0	0	0	0	0	
Avdrag på lån		0	0	0	0	0	
Sum investeringsutgifter		130 009	210 926	158 981	237 482	78 501	33,1 %
Kompensasjon for meirverdiavgift		-18 659	-33 035	-25 478	-38 865	-13 387	-34,4 %
Tilskot frå andre		-8 660	-3 466	-10 372	-5 290	5 082	96,1 %
Sal av varige driftsmiddel		-8 685	-3 000	-5 817	-6 600	-783	-11,9 %
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0	
Mottatte avdrag på utlån av eigne midlar		0	0	0	0	0	
Bruk av lån		-89 006	-169 025	-114 916	-184 327	-69 411	-37,7 %
Sum investeringsinntekter		-125 009	-208 526	-156 584	-235 082	-78 498	-33,4 %
Vidareutlån		26 754	18 000	29 195	31 820	2 625	8,3 %
Bruk av lån til vidareutlån		-26 754	-18 000	-25 876	-31 820	-5 944	-18,7 %
Avdrag på lån til vidareutlån		1 725	4 000	2 523	4 000	1 477	36,9 %
Mottatte avdrag på vidareutlån		-2 408	-4 000	-5 469	-4 000	1 469	36,7 %
Netto utgifter vidareutlån		-683	0	372	0	-372	
Overføring frå drift		-2 702	0	0	0	0	
Avsetningar til bundne investeringsfond		1 069	2 000	701	2 000	1 299	65,0 %
Bruk av bundne investeringsfond		-383	-2 000	-1 067	-2 000	-933	-46,7 %
Avsetningar til ubundne investeringsfond		37	0	61	0	-61	
Bruk av ubundne investeringsfond		-2 337	-2 400	-2 464	-2 400	64	2,7 %
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0	0	
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		-4 317	-2 400	-2 769	-2 400	369	15,4 %
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0	

Rebudsjettering – ny praksis i 2024

I 2024 vart det gjennomført ei endring av korleis kommunen gjennomfører rebudsjettering av ikkje fullførte investeringar frå eitt år til seinare år. Praksis til no har vore at så snart status pr. 31.12 er kjend har det blitt laga eiga sak om rebudsjettering i løpet av våren året etter. Dette vart også gjort våren 2024 med restmidlar frå 2023.

I 2024 vart denne praksisen endra slik at forslaget til rebudsjettering av restmidlar til seinare år var basert på ein prognose. Det som vart foreslått rebudsjettert til seinare år vart så innarbeidd i neste års budsjett samtidig som det reduserte investeringsbudsjettet for 2024. No når status pr. 31.12 er kjend fører dette til at nye restmidlar må rebudsjetterast.

For å unngå eiga sak om rebudsjettering vert dette no innarbeidd som eige punkt i årsoppgjeret. Sidan det ikkje er lov med budsjettendringar for 2024 etter årsskiftet vil ikkje denne rebudsjetteringa påverke investeringsbudsjettet for 2024. I samband med denne nye rebudsjetteringa er det laga ei oversikt som de finn her: [Rebudsjettering frå 2024](#).

Oversikta viser at ikkje alle midlar blir foreslått rebudsjetterte. Dette gjeld m.a. fullførte prosjekt eller prosjekt som allereie har nok midlar i investeringsbudsjettet for 2025. Når det gjeld Velle skule må dette beløpet sjåast i samanheng med framdrifta der det allereie i 2023 vart brukt ein del av budsjettet for 2024. Denne oversikta tek ikkje høgde for det. Ev. restmidlar her vil kome fram når prosjektrekneskapen er ferdig.

Som ein følge av den nye praksisen vil det i samband med behandlinga av årsrekneskapen bli lagt inn eit eige punkt om godkjenning av denne rebudsjetteringa slik at dette vert vedteke formelt. Kommunestyret kan likevel gjere endringar av det som er lagt inn som foreslått rebudsjettering utan at dette vil påverke årsrekneskapen eller budsjettet for 2024 som forklart ovanfor.

Slike endringar bør likevel unngåast då det kan føre til at budsjett som er oppstarta eller fullført hittil i 2025 allereie har ført til utgifter som då ikkje lenger vil ha budsjettdekning. Det kan også føre til vidare utgifter eller erstatningsansvar dersom det allereie er inngått bindande kontraktar på arbeid som hittil i år ikkje er påstarta eller fullført.

Erfaringa frå denne endringa i praksis tilseier at vi foreslår ei ny endring til seinare år. Sidan både opphavleg og revidert budsjett i 2024 inneheld rebudsjetteringar har det blitt meir komplisert og tidkrevjande å dokumentere overfor bankane kva som er vedteke som nye investeringar og kva for investeringar det allereie er gjennomført låneopptak til.

Det vil difor i forslag til neste års budsjett bli lagt inn eit verbalpunkt om at alle restmidlar på ikkje fullførte prosjekt vert rebudsjetterte dersom det er behov for det. Når status pr. 31.12 vert kjend vil det bli laga ei oversikt tilsvarande den som ligg ved her og rebudsjetteringa vert då formelt godkjent i samband med årsrekneskapen.

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investerings	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Helse, omsorg og velferd				
Bil til Vartdal helsetun	350	163	187	Brukt bil er innkjøpt.
Institusjon - Nye sengelampar	384	174	210	Resten av dei planlagde sengelampene var kjøpte i 2024.
Sum - Helse, omsorg og velferd	734	338	396	
Kommunedirektør og stab				
Grunnkjøp - oppfølging av sentrumsplanen	1 000	0	1 000	Fleire tiltak som må sjåast i samanheng og prioriterast. Veg til Vikeøyane bør ha høgast prioritet.
IKT-investeringar	15 786	18 764	-2 978	Midlar på dette hovudprosjekt er nytta til å dekke kostnad ført på prosjekt 044101 IKT-skule. Resten av midlane er flytta til prosjekt 054901 IKT-velferdsteknologi og varsling.
Justeringsrett PeMarka 2020-2029	0	93	-93	Vi krev tilbake mva frå utbygginga av byggefeltet PE-marka over 10 år og betalar ut ein del av mva til utbyggar.
KLP - pliktig kjøp av andelar	2 400	2 464	-64	Budsjett 2,400 mill., endeleg innskot vart 2,464 mill. finansiert av ubunde investeringsfond.
Sal av kommunale eigedomar/bygg	0	89	-89	Lystad skule er seld, viser på eige prosjektnummer.
Sal parkeringsareal	0	7	-7	Eingongssal av parkeringsareal.
Kyrkjegata frå GB 14/59				
Strategiske grunnkjøp	1 845	2 200	-355	Utgifter i 2024 er ført på underprosjekt.
Sæbø - skule og barnehage	4 242	1 880	2 362	Står att arbeid på utomhus område våren 2025. Sluttoppgjer for sjølvbyggingsprosjekt er utbetalt.
Velle skule - nybygg	108 215	55 599	52 616	Bygget var overteke og teke i bruk i 2024. Mindre reklamasjonar vert avslutta i 2025.
Ørsta kulturhus - oppgradering sambruk med Ørsta VGS	8 000	1 799	6 201	Arbeid med skisseprosjekt i gang. Reguleringsarbeidet har starta. Anbudsgrunnlag etter planen klart på slutten av 2025. Anbudskonkurranse 2025/2026. Planlagt oppstart 2027 og ferdig sommaren 2029.
Ørsta ungdomsskule - tilbygg	4 793	1 216	3 577	Prosjektet er avslutta. Mindre reklamasjonar står att. Det meste er utbetra no i 2025. Formell avslutting i 2025.
Ørstaheimen - ombygging 3. etg til sjukeheimsplassar	0	63	-63	Prosjekt ombygging av 3 høgda av Ørstaheimen vart handsama av kommunestyret i sak 106/23. Det vart då gjort vedtak om å ikkje gå vidare med ombygging av 3 høgda åleine. Kommunedirektøren vart bedt om å utarbeide ei beskriving av korleis Ørstaheimen er organisert, sjå på moglege løysingar for effektivisering av drifta og utgreie eit byggeprosjekt som tek i vare heile Ørstaheimen i eit langsiktig perspektiv. Arbeidet pågår. Ombygging av 3 høgda ligg ikkje inne i økonomiplanperioden 2025-2028 Jamfør Kommunestyret sitt vedtak om budsjett for 2025 og økonomiplan.
Sum - Kommunedirektør og stab	146 281	84 174	62 107	
Oppvekst, kultur og inkludering				
Nytt biblioteksystem	250	0	250	Prosjekt utsett av fylkeskommunen, blir oppstart i 2025.
Oppgradering scenetrekk Kulturhus	0	245	-245	Prosjekt gjennomført og teke i bruk. Finansiert av mindreforbruk i drift.
Sæbø barnehage - inventar til nybygg	0	29	-29	Ekstraavgift grunna feilbestilling etter HMS-krav. Gjeld stallebord.

Årsmelding 2024

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Uteområde Velle skule	16 373	17 579	-1 206	Uteområde inklusive tursti Velle skule til Rossåa. I hovudsak ferdig, siste finpuss våren 2025.
Velle skule - inventar til nybygg 2024	4 436	4 392	44	Rakk ikkje alt innkjøp til ny skule i 2024. Behov melder seg etter kvart. Ferdig i 2025.
Velle skule - skjermar og kopimaskiner 2024	972	973	-1	Omfattar 12 nye 86 tommer skjermar til klasserom på nye skulen. Lydanlegg til klasserom.
Sum - Oppvekst, kultur og inkludering	22 031	23 218	-1 187	
Teknisk, eigedom og landbruk				
Barstadvik - bustadfelt	344	2	342	Reguleringsarbeid i gang.
Brannbil og utstyr på Sæbø	1 875	1 756	119	Bil innkjøpt i 2024. Gjenstår tilpassing til anna utstyr.
Brannstasjonsbygningar	212	0	212	Miljøtiltak på Vartdal brannstasjon.
Brannøvingsanlegg på Melsgjerdet	6 700	3 493	3 207	Anlegg under bygging. Ferdig i 2025.
Dalevegen 24 (Velferdshuset) - Ny levegg / skjerming barnevogner	220	0	220	Dagens levegg er ikkje i samsvar med plan og bygningslova. Ferdig i 2025.
Driftsutstyr - bilar, maskiner m.m.	179	362	-183	Innkjøp utført
Driftsutstyr - robotteknologi, reinhaldsmaskiner m.m.	406	116	290	Tiltak for å redusere driftsutgifter.
Fremre Mo B10 - regulering, grunnkjøp og opparbeiding	235	289	-54	Klagesakshandsaming hos Statsforvaltar Erverv pågår.
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot	0	4 740	-4 740	Siste finpuss gjenstår, ferdig i 2025
Gatelys	2 058	2 185	-127	Utgifter og budsjett er registrert på på underprosjekt.
Justeringsrett	0	3 270	-3 270	Vegbygging ferdig.
Skogvegen mellom Bakkev og Håkonsg 2024 - 2033				
Kommunale bygg - driftssparande tiltak	2 374	3 594	-1 220	Utgifter er bokført på underprosjekt og kommentert der.
Kommunale eigedomar - asfaltering og tiltak uteareal	377	465	-88	Brukast til tilkomst nye Velle skule. Ferdig våren 2024.Velle skule - parkeringsplass og tilkomst: Gjenstår toppdekke asfalt parkeringsplass og asfalt gangveg til Velle skule grunna vinterstans.
Kommunale eigedomar - oppgradering	4 050	4 050	0	Utgifter er bokført på underprosjekt og kommentert der.
Kommunalteknikk - fornying av maskiner, bilar og utstyr	3 463	3 805	-342	Budsjett fordelt på underprosjekt.
Legene - utviding av bustadfelt	0	1	-1	Kommunestyret utsette sak om eigengodkjenning av reguleringsplan i 2024 og bad om nytt planframlegg som inneheld utbygging av område 1. Dette krev ny offentleg høyring. Dette arbeidet har ikkje starta opp enno grunna mykje ressursbruk på kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel.
Leik i Vikegata	0	-40	40	
Melsgjerdet - infrastruktur	26	1 954	-1 928	Arbeid med ferdigattest pågår.
Mosbakkane bustadfelt B11	0	1 183	-1 183	Oppgjer for utbyggingsavtale.
Ny hovudbrannbil Vartdal - fornying av bilar og utstyr	311	0	311	Ventar på leverandør.

Årsmelding 2024

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Nærmiljøanlegg	100	100	0	Gapahuk på Vallabøen.
Ose B9 - utbyggingsavtale	0	529	-529	Ferdigstilt i 2024.
Parkanlegg	272	0	272	Rebudsjettering nyttast til tiltak på Simahaugen.
Sambindingsveg	126	126	0	Kjøp av areal til Holane-vegen
Smådalane (Melsvegen-Hansholen)				
Skredsikring Vallabøen	0	-32	32	Dividende etter konkurs i KA Aurstad.
Skår ferjekai - opprusting	297	0	297	Dialog med fylkeskommune om fending for ferje.
Sunnmøre Sjøbad	34	34	0	Utviklingsplan ferdig. Deltiltak er innarbeidd i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.
Vekslet				
Sæbø brannstasjon - nybygg - prosjektering	375	0	375	Søknad om byggeløyve i 2024. Riving og bygging i 2025.
Tettstadsutvikling - Klokkarmarka parkering (tidl Bedehusmarka)	290	488	-198	Ferdigstilt 2024.
Tettstadsutvikling - oppfølging av reguleringsplan Ørsta sentrum	16	16	0	Utgifter til arbeid med formingsretteleiar for tiltak i Ørsta sentrum. Materialval visuelle profilar mm.
Tomtefelt Sæbøneset (520807)	0	187	-187	Tilbakekjøp av tomt og sal til ny eigar.
Trafikktryggingstiltak	1 588	1 588	0	Utgifter og budsjett er registrert på på underprosjekt.
Utbyggingsavtale veg mellom Bakkevegen og Håkonsgata	3	3	0	Kjøp av veggrunn til framtidig eige.
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	2 041	2 041	0	Sjå kommentarar på underprosjekt.
Varebilar til seksjon Eigedom	107	1 357	-1 250	Bilar var bestilt i samsvar med budsjett. Leveringstid nesten 3 år. Rebudsjettering ikkje vedteke.
Vegar, opprusting/asfaltering Ørstahallen - ny skillevegg mellom bane 2 og 3	2 983	1 594	1 389	Budsjett fordelt på prioriterte underprosjekt. Restmidlar blir rebudsjettert.
Ørstaheimen - adgangskontroll	313	0	313	Innkjøp blir gjort i 2025.
Ørstaheimen - branndokumentasjon og lukking av branntekniske avvik	1 700	925	775	Skrive kontrakt. Ferdig i 2025.
	0	151	-151	Under arbeid. Lysast ut på anbod i mars, planlagt kontraktinngåing juni og planlagt oppstart august 2025
Sum - Teknisk, eigedom og landbruk	33 075	40 333	-7 258	
Sum	202 121	148 063	54 058	

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Teknisk, eigedom og landbruk				
Geodataplan - vidareføring	210	213	-3	Utgifta i 2024 har gått til nykartlegging slik som planlagt.
VA - oppgradering Sæbø, Vartdal og Barstadvik	2 377	1 630	747	Sjå kommentarar på underprosjekt.
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	32 774	9 074	23 700	Sjå kommentarar på underprosjekt.

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Sum - Teknisk, eigedom og landbruk	35 361	10 918	24 443	
Sum	35 361	10 918	24 443	

Klimarekneskap

Klimarekneskap Ørsta 2024


Som grunnlag for denne rapporteringa nyttar vi Miljødirektoratet sin statistikk for direkte klimagassutsleppa innan kommunen sine fysiske grenser (scope 1). Siste tilgjengeleg tal er frå 2023. Utslepp frå elektrisitetsforbruk (scope 2) og indirekte utslepp knytt til effekt av innkjøpte varer og tenester produsert utanfor kommunen (scope 3) vert då ikkje omfatta.

Det er ikkje laga eige klimarekneskap for kommunen som organisasjon, men rapporten til Asplan Viak frå 2018 syner kva område som gjev største klimafotavtrykka. Aller størst er effekten av byggeprosjekt og det er viktig at kommunen no haustar erfaring frå samarbeidet med Møre og Romsdal fylke i høve planlegginga av Ørsta KKS.

Nasjonalt har forbruket av fossil energi gått ned (14 % sidan 2015) og andelen fornybar energi aukar, men framleis utgjer fossil energi 46,9 prosent av totalt energibruk.

I løpet av 2023 vart det krav led-lys, som redusere energibruken til lys med 50-70 %.

Innan Møre og Romsdal fylket gjekk klimagassutsleppa ned med 2 % frå 2022 til 2023, men i Ørsta kommune syner statistikken at dei direkte klimagassutsleppa auka med 2 % (ca 850 CO₂ ekv). Det er då særleg utsleppa frå sektoren «annan mobil forbreining» og auke i forbruket av LPG gass under sektoren oppvarming som bidreg til utviklinga. Ser ein på heile perioden frå 2009 til 2023 har klimagassutsleppa gått ned med ca 14 %.




Utsleppa frå vegtrafikk og då særleg personbilar held fram med å gå ned. Samla er reduksjonen frå 2009 til 2023 på 22 % for vegtrafikk samla og 39 % for personbilar, trass i at utkøyrte lengde har auka mykje i same periode. Andelen av køyring med el-personbilar var i 2023 like stor som køyring med bensinbilar (18 %), medan andelen innan varebilar heng etter med berre 3,7 %. I 2023 vart også andelen biodrivstoff i bensin auka frå 9 til 23 %.



Innan sektoren Sjøfart går utsleppa frå passasjerbåtar, som omfattar ferjene ned, grunna elektrifisering av td Festøy – Solavågen. Det er derimot ein auke i offshore og havbruk lokalt, noko som kan skuldast landligge ved Ørstaterminalen ved ombygging eller når båtar er i opplag. Ved Ørstaterminalen er det etablert eit lågspent landstraumanlegg, men dette anlegget har ikkje kapasitet å forsyne store båtar som då må ligge med motoren i gong for å drifte pumpene. 30 % av utsleppa frå sjøfart i kommunen skjer i dag ved kai og 9 båtar står åleine for 50 % av utsleppa. Utgreiing av og søknad til ENOVE om eit høgspent landstraumanlegg er prioritert i klimabudsjettet, men arbeidet har ikkje kome i gong enno.

Innan sektoren Annan mobil forbrenning syner tala frå MD ein stor auke innan «andre næringar» som består av til dømes sports- og fritidsaktivitetar, vaktteneste, akvakultur, reise- og aktivitetar administrasjon- helse- og undervisningstenester, post mv og er basert på tal frå omsetjing av petroleum.



Innan Jordbruk går utsleppa gradvis ned, med knapt 4 % frå 2022 til 2023 og 12,6 % frå 2009. Det er her nedgang innan både fordøyingsprosessar, gjødselhandtering og jordbruksareal, men størst innan fordøyingsprosessar som heng saman med nedgang i talet drøvtyggarar.

Samtidig går opptaket av Co2- ekv i skog og arealbruk ned, grunna arealbruk og omdisponering av areal.

Lenke til Miljødirektoratet sin statistikk over kommunefordelte klimagassutslepp:

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslepp-kommuner/?area=458&or=-2>

I høve dei 6 hovudmåla i klimaplanen er status slik:

MÅL 2030	STATUS
1 Etablere miljø-leiing og integrere klimabudsjett	Kommunedirektør har hatt møte med representant for stiftinga miljøfyrtårn, men ikkje kom i gong med sertifisering.
Redusere klimafotavtrykket frå innkjøp vesentleg	Frå 2024 er det krav til å vekte miljø/klima 30 % i kommunale anbod. Ei utfordring med innføringa at ansvaret er noko spreidd.
2 Redusere behovet for fossil transport og ta veksten med miljøvennlege køyretøy, og tilrettelegging for sykkel og gange.	Sjå kommentar ovanfor under vegtrafikk.. Behov for meir systematisk tilnærming og kartlegging av mobilitet/snarvegar. Bør prioritere sykkelparkering i tettstadprosjektet.
3 Bevare evna til opptak og skjermje karbonrike areal	Det er søkt eksterne midlar til planvask av eldre reguleringsplanar der skjerming av karbonrike areal er eit av føremåla.
Bærekraftig arealbruk	Det er også planar om å lage eit arealrekneskap som grunnlag for «bærekraftig arealbruk».
4 Utnytte lokal fornybar energi	Nye krav til led-lys, utskifting gatelys, men systematikk rundt ENØK og EOS-systemet.
Redusere energiforbruk kom bygg med 15 %	Auka bygningsmasse gjev førebels auka energiforbruk samla sett.
5 Redusere direkte utslepp med 60 % (jf 2009)	Tala frå MD syner at utsleppa har gått ned med 14,7 % sidan 2009, men aukar i 2023 med 2 %
6 Betre evne til å tole venta klima-endringar	Systematisk arbeid med klimatilpassing og vurdering av klimarisiko av større investeringar har ikkje kome i gong. Einskilde tiltak

	innan naturbaserte løysingar som biotopforbetringstiltak i Barstadvik
--	--

Kommunen sine tenesteområde

Politikk

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 821	6 430	6 500	70	1,1 %


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 495	3 302	3 351	49	1,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 445	1 692	1 274	-418	-32,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	766	793	769	-24	-3,2 %
Overføringsutgifter	386	994	1 376	382	27,8 %
Sum Driftsutgifter	6 092	6 781	6 770	-11	-0,2 %
Salgsinntekter	-7	-5	-7	-2	31,4 %
Refusjoner	-228	-338	-263	75	-28,5 %
Overføringsinntekter	0	-8	0	8	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-35	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-270	-351	-270	81	-30,0 %
Netto resultat	5 821	6 430	6 500	70	1,1 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Kommunedirektør og stab

Beskriving av tenestoområde

Kommunedirektør og stab

- Kommunedirektør, Kommuneoverlege, Politisk sekretariat (2), jurist (2), IKT/digitalisering (2), til saman 8 tilsette
- Økonomi til saman 9 tilsette
- Personal og organisasjon (7), Service og dokumentasjon (7), til saman 14 tilsette

Politisk sekretariat

Sekretariatet har sekretærfunksjon for desse utval og råd i kommunen:

Kommunestyret, formannskapet, levekårsutvalet, samfunnsutvalet, eldrerådet, råd for likestilling av funksjonshemma og landbruksutvalet.

Andre oppgåver:

- Velferdsteknologi
- Sensor for kunnskapsprøve i alkoholova for skjenkeløyve/salsløyve og etablerarprøve for serveringsverksemd.
- Borgarleg vigsel frå medio august 2024.
- Sakshandsaming for saker til utval og råd. Rådsarbeidet krev tid og innsats då sakene til råda ikkje vert førebudde og sakshandsama på same måte som for utvala.
- Visma – legg inn grunnlag for utbetaling av møtegodtgjersle til råd og utval, inkl. kontrollutvalet, ungdomsrådet og medlemar i representantskap og etterpå attestere.
- Fakturering, utbetaling av tilskot med meir.

Utvikling, tal politiske saker for formannskapet og kommunestyret:

Utvikling, tal politiske saker	2020	2021	2022	2023	2024
Tal på saker til formannskapet	253	150	149	126	148
Tal saker til kommunestyret	146	172	109	124	130
Totalt	399	322	258	250	278

Tal politiske saker i perioden 2020-2024 viser variasjon, 2022–2024 viser ein nedgang i tal saker, samanlikna med åra 2020 og 2022.

Dei to siste åra har kommunestyret hatt ei auke i tal saker, i 2023 var det 15 fleire saker enn i 2022 og i 2024 var det 6 fleire saker enn i 2023.

Formannskapet har hatt 22 fleire saker i 2024 enn i 2023. I 2024 er talet på saker nært tala for perioden 2020–2022.

Rigge til kommunestyremøta:

Opne to veggjar, flytte og ordne borda og stolar, talarstol og anna utstyr og syte for at alt teknisk fungerer. Etter møta skal kommunestyresalen riggast tilbake til 3 møterom og ryddast. Det hadde vore ein fordel å ha ein fast kommunestyresal.

Kommuneoverlegen

Kommuneoverlegen vart i 2024 ferdig med spesialiseringa og er no spesialist i samfunnsmedisin. Kommuneoverlegen er medisinskfagleg rådgjevar i kommunen og involvert i mange saker i alle kommunalområda. Nokre av dei: I 2024 starta arbeidet med godkjenning av skular og barnehagar etter den nye forskrifta om helse og miljø i barnehagar, skular og SFO. Psykososialt kriseteam fekk ny struktur og hadde i 2024 sju saker dei var involvert i. Auka fokus på beredskapsarbeid og arbeid med overordna beredskapsplanar.

Juristane

Det har vore liten etterspørsel etter **tomter** i 2024. Tre eigedomar er selde og to av desse er overført frå kommunen til huskjøparar i løpet av året. Den siste vart overført i 2025, etter at oppmålingsarbeidet vart ferdig. Stadig auke av rente på lån har ført til at fleire som har sett på tomter har gitt tilbakemelding om at dei ikkje vågar å satse på husbygging no.

Ved årsskiftet var talet på ledige einebustadtomter i kommunale bustadfelt slik: Barstadvik 3 (2006) , Nordre Vartdal 12 (1992) , Vartdal 6 (2019), Mosbakkane 4 (2024), Osmarka II 6 (2022) , Rystefeltet 2 (1989), Sæbø 1 (2024). Tala i parantes er siste året det vart selt bustadtomt i feltet. Totalt er det 34 ledige kommunale bustadtomter ved årsskiftet.

Det er ikkje selt **næringstomter** i 2024, men det er arbeidd med tilrettelegging for sal av næringstomt på Melsgjerdet. Det er gjort avtale med tidlegare entreprenør om oppgjer for arbeidet. Kommunestyret har fastsett tomtepris, med ut frå vedtak i kommunestyret om å inngå avtale med entreprenør, må det opp ny sak om tomtepris i 2025. Det vert arbeidd aktivt for å få verksemdar til å etablere seg på næringsområdet. Her vil Ørsta næringskontor vere viktige i arbeidet.

Arbeidet med gjennomføring av sentrumsplanen er i gong. Det har vore arbeidd mykje med avtale med ALTI Ørsta AS om utbygging.

Det har vore arbeidd med andre utbyggingsavtaler der utbyggjarar og kommunen har delt kostnaden for å få utbygging med veg og anna infrastruktur.

I løpet av året har **deleringsreglement** vore gjennomgått, og nytt delegeringsreglement er vedteke av kommunestyret. Dette ligg på heimesida til kommunen slik at alle som ynskjer det får innsikt i korleis den politiske delegeringa er. Den administrative delegeringa vert det arbeidd med tidleg i 2025.

Ut over dette har ein god del mindre saker som gjeld fast eigedom blitt løyst i løpet av året.

Ørsta kommune deltek i **innkjøpssamarbeidet** med konserninnkjøp (Ålesund kommune). I 2024 meldte vi oss på 14 av konkurransane konserninnkjøp gjekk ut med. Blant anna rammeavtalar om vikartenester helsearbeidarar, leasing og kjøp av bilar, og elektronisk kjørebok.

Gjennom året har Ørsta kommune gjennomført mange **anskaffingar** på eiga hand, der innkjøpsjurist har vore involvert i 15 av desse anskaffingane. Jurist tek enten heile prosessen eller gir råd om avskaffinga og regelverket og godkjenner konkurransegrunnlaget.

Kontraktsoppfølging for rammeavtalen om skyssbåten har kravd mykje tid. Det kjem inn klager, spørsmål og det oppstår uventa situasjonar. I tillegg har Ørsta kommune vore ueinig med fylkeskommunen om tolking av avtalen. I snitt tek denne avtalen 15-20 % av tida til innkjøpsjurist

I 2024 deltok innkjøpsjurist på sertifiseringskurs for offentlege anskaffingar gjennom KS, eit 8 dagars langt kurs gjennom tre delar.

Jurist har bidrege i saker om ulovlegheitsoppfølging, førehandsvarsel og juridiske spørsmål knytt til helse og omsorg.

Digitalisering/IKT:

- Digitalisering, få KI-løysingar på plass i 2024 først for skule, og seinare for alle tilsette i Ørsta kommune.
- Ein dedikert ressurs innan IKT i Ørtaskulen, basert på google sine løysingar og bruk av chromebooks/chromebox.
- digitaliseringsprosjekt/ velferdsteknologi/IKT og digitaliseringsstrategi i kommunen på tvers av alle fagområder,
- leveranseansvar inn mot SSIKT,
- sikkerheitsansvarleg i Ørsta kommune, utfører IKT innkjøp, breibandsutbyggjing
- leiar for Digitaliseringsrådet for Søre Sunnmøre og det lokale digitaliseringsrådet i Ørsta kommune,

Utskifting av brukarterminalar i vår infrastruktur

Mobilitet er viktig så ein del berbare maskiner har også dette året erstatta eldre stasjonære PCar, samt ein viss grad av utskifting av gamle berbare maskiner har funne stad. Berbar PC med dockingstasjon og 2 stk 27 tommer skjermar er standard arbeidsterminal for kontortilsette. Lærarar har tilsvarande men der nyttar terminalen google sitt operativsystem, og ein terminal av type eldre PC eller chromebox.

Chromebooks i Ørtaskulen

Nokre chromebooks har det vore behov for å bytte ut i 2024 pga slitasje/feil, men det har ikkje vore behov for eige innkjøp av chromebooks for å bytte ut nokon som går ut på dato i høve naudsynte oppdateringar frå Google. Lang levetid på chromebooks gjer at vår valde løysing er veldig kostnadseffektiv samanlikna med bruk av PC/Microsoftprogramvare som elevterminal. For elevane nyttar vi robuste modellar som fungerer veldig bra til dette formål. Løysinga har vorte enno meir berekraftig i løpet av 2024 då vi gjenbruker berbare/stasjonære PCar som ikkje lenger fungerer som ein windows PC. Desse kan nyttast i 2-3 år til som ein kraftig velfungerande chrome OS flex terminal for skule. For meir info om digitalisering i Ørtaskulen sjå <https://om.orstaskulen.no/>

KI i Ørsta kommune

Bruken av kunstig intelligens var eit fagområde med veldig sterkt fokus i 2024. Ørsta kommune involverte seg raskt med bruk av KI og tok dette først i bruk i Ørstaskulen [KI i Ørstaskulen](#). Løysinga vår er bygd på Randaberg sin modell, og denne vart sett i drift i februar 2024. Løysinga nytta for skule har vore grunnlag for å utvikle ein eigen variant som alle tilsette i Ørsta kommune kan bruke [KI for tilsette i Ørsta kommune](#). I den løysinga er der 2 chatbotar, ein KI assistent du kan bruke for å få svar på dine spørsmål og ein KI-tekstverkstad der du kan handtere ein tekst du limer inn og utøver ulike prosessar på denne. Vanlege KI verkty som copilot, gemini og chatgpt vert nytta, og vi følgjer med på utviklinga rundt bruk av KI i ulike fagsystem. Både inn mot turnusplanlegging og velferdsteknologi vil der kome KI-løysingar som gjev gevinstar. Bruken av KI vert gjort i samarbeid med dei andre kommunane på Søre og i regi av DigiMR.

Velferdsteknologi

Ørsta kommune tek i bruk sensio sjukesignal på Ørstaheimen juni 2023. Det er same løysing som vi nyttar på Bakk-Ola og Hjørundfjordheimen, også her har vi søkt om støtte frå husbanken og får dekt 55 % av totalkostnad. Etablering av ny TV-løysing for Ørstaheimen vart ein ikkje ferdig med i 2023 så denne kjem på plass i 2024. Denne er basert på Tussa si løysing institusjonspakken basert på TV-sentral frå Telia. På Ørstaheimen får alle rom nye IP-TV og det vert også skifta ut nokon TV i fellesareal. TV-løysinga er frå før implementert på Hjørundfjordheimen, Bakk-Ola og Vallamarka.

Vartdal helsetun er siste helsebygg der ein må fornye sjukesignalsystem, etablere Wifi dekning alle stadar, og få på plass ny datakabling til heile bygningsmassen. Vi får einsarta løysing for sjukesignal for alle helsebygg når også Vartdal helsetun får sensio si løysing på plass. Også i dette prosjektet så finansierte husbanken 55 % av totalkostnaden på prosjektet, inkludert ny TV-løysing. Prosjektet startar i november 2023 og ny sjukesignalløysing vert driftsett september 2024. Tv-løysing vert ikkje i driftsett før i 2025, TV løysing vert basert på IP-TV og Tussa si løysing som vi nyttar på dei andre helsebygga.

Sensio bustad er løysing for tryggleiksalarm i eigen bustad. Ei lita auke i antal trygghetsalarmar i drift vert det i 2024.

Bruk av medisindispenser er ein teknologi som vår organisasjon vert meir moden for etter å ha nytta det ei stund, og vi aukar difor bruken av dette i heimetenesene. I løpet av året aukar vi til 40 Karie medisindispensere, og gevinstane vi får er målbare i form av spart arbeidstid for sjukepleiarkompetanse, som normalt utfører medisintildeling. Sjukepleiarkompetanse er det svært utfordrande å rekruttere, så det er avgjerande å nytte teknologi til denne type arbeid slik at vi får nytta sjukepleiarkompetanse til andre arbeidsoppgåver som ikkje kan løysast med teknologi.

Breibandsutbygging

Ørsta kommune søkte i 2020 om breibandsmidlar for områda Flåvika-Flåskjer, Masdal-Rot, Digernes, Festøya-Ytre Standal-Trandal og fekk støtte til alle desse. Tussa er valt som leverandør på desse områda, utbygging av områda starta opp i 2022 og vart fullført av Tussa i 2024. I tillegg til dei 4 områda så fekk ein også bygd ut eit område på Nordre Vartdal med dei løyvde midlane. Prosjekt avslutta haust 2024.

Kompetanseløft 2.0

Kommunalområde TEL-Teknisk, eigedom og landbruk er einaste fagområde som har rom for å delta på dette prosjektet gjennomført av DigiMR. Leiargruppa til TEL saman med lokalt digitaliseringsråd deltek. Begge IKT ressursane deltek som endringsagentar i prosjektet. Målet med tiltaket er å auke summen av digitaliserings- og endringskompetanse i dei kommunale organisasjonane som deltek.

Arbeidsoppgåver IKT/digitalisering 2024

- IKT utvikling – strategi-digitaliseringsprosjekt i kommunen alle fagområder
- IKT/mobil innkjøp for heile kommunen, bestillareining inn mot SSIKT
- Deltaking interkommunale og kommunale digitalisering/IKT prosjekt
- Leiar Digitaliseringsrådet for Søre Sunnmøre, og lokalt digitaliseringsråd, deltaking Digi MR styringsgruppe, leveranseansvarleg mot SSIKT, sikkerheitsansvarleg
- Data og telekommunikasjon, bygge robust lokal infrastruktur
- Drifte velferdsteknologiske løysingar, sensio sjukesignal/sensio bustad(tryggleiksalarmar)/roommate/medisindispensere
- Gjennomføre sensio sjukesignal prosjekt Vartdal helsetun
- Delta i interkommunal velferdsteknologi gruppe
- Leie arbeid med digitalisering av Ørstaskulen og Ørstabarnehagen, drifte, administrere og vidareutvikle løysinga, leie lokalt digitaliseringsråd for skule
- Drift KI-løysing for tilsette i Ørsta kommune

Økonomi- og rekneskapsstaben

Økonomi- og rekneskapsstaben har funksjon som stab for kommunedirektøren og støtte for leiarane på dei ulike kommunalområda. Vi arbeider m.a. innanfor fagområda kommuneøkonomi, budsjett, rekneskap, rapportering, innkrevjing, behandling av startlån og tilskot til etablering eller tilpassing av bustad. Verksemda til kommunen femner om eit vidt spenn av tenester og det er eit omfattande tal av oppgåver og kompleksitet innan desse fagområda.

Rekneskapen vert ført i Visma Enterprise Plus. Dette er eit relativt nytt, moderne skybasert system som vi på sikt håper skal frigjere ressursar til å arbeide meir med kontroll og analyse av rekneskapstal. Dette skal kunne betre kvaliteten på rekneskapen og gi ein høgare informasjonsverdi som grunnlag for nye tiltak og avgjersler.

Til utarbeiding av budsjett og rapportering nyttar vi Framsikt. Tidlegare vart mykje av budsjettarbeidet gjort manuelt i Excel og Word, men no vert dette knytt opp mot Visma slik at det på sikt vert ein meir automatisert prosess. Når dette i neste omgang vert nytta til rapportering, er målet at dette skal gi ein betre og meir effektiv prosess utan at det skal gå ut over kvaliteten. Skifte av system er omfattande og tidkrevjande og vi må nok gjennom nokre rundar med budsjettering og rapportering før vi ser dei store gevinstane av dei nye systema.

Som omtala i dei siste årsmeldingane ser vi at store omleggingar av system har kostnadar i form av høgt sjukefråvær. Det vart ein stor auke i 2022 som diverre har halde fram både i 2023 og 2024. Krava til

effektivitet og kvalitet vert stadig større og vi håpar difor at sjukefråværet vil verte redusert etter kvart som vi får effekt av dei ulike omleggingane.

Startlån og tilskot til etablering eller tilpassing av bustad

Ordninga med startlån har siste åra hatt ei tydeleg satsing på å hjelpe familiar med barn som er økonomisk vanskelegstilte på bustadmarknaden, eller som treng hjelp til å behalde bustaden. Vi har eit krav til butid for å prioritere innbyggjarar som bur i kommunen, men kravet har vorte redusert frå 2 år til 1 år, noko som gjer at fleire no kan søkje om startlån. Storleiken på startlåna har vorte større og fullfinansiering har vorte mykje nytta.

Unge i etableringsfasen er etter retningslinene frå Husbanken ikkje lenger i målgruppa, men det vart i 2024 etablert ei ny prøveordning for førstegongsetablerarar i alle aldrar som Ørsta kommune er med i for 2025.

I 2024 vart det gjennomført ei nedskriving av startlån på kr 284' pga. forelding. Det har ikkje vore klagesaker i 2024.

Tildelte startlån (tal i 1000 kr):

År	Tal søknadar	Tal avslag, ikkje innvilga	Tal innvilga, ikkje utbetalt	Tal utbetalt	Utbetalt beløp	Tal kjøpt totalt	Tal nye	Tal refinansiering	Tal barnefamilia	Tal anna
2015				4	1 540					
2016				3	1 350			2	1	
2017				5	4 550	3		2		1
2018				6	6 080	2	1	3	3	1
2019	28	22		6	5 299	3		2	3	
2020	24	18		6	7 380	5	2	1	4	
2021	41	33	5	3	4 940	3	2		3	1
2022	37	25	5	7	9 337	4			4	3

Årsmelding 2024

2023	29	18	2	9	20 579	8	1		8	1
2024	36	24		12	25 779	10		2	8	2

Tabellen viser : Tal søkjarar som har fått/ikkje fått lån og utbetalte startlån i kroner. Ein del av søknadane vert trekte fordi dei ikkje er innanfor kriteria for å få startlån, eller at bustaden dei søker på vert seld i mellomtida. Kolonnane til høgre viser føremål med tildelinga. Nokre tildelingar dekkjer fleire føremål.

Krav til egenkapital og/eller manglande sikker inntekt, er hovudårsak til avslag på søknadar. I tillegg har vi ein del søkjarar som ikkje bur i kommunen som får avslag grunna kravet om butid. Det er også store forventningar hos nokre søkjarar om at kommunen «pliktar» å gje lån når andre låneinstitusjonar/bankar gir avslag. Det er og ein trend at fleire søker startlån for å refinansiere anna gjeld fordi gjeldsbyrda trugar søkjar si evne til å behalde noverande bustad.

Tildelte tilskot til etablering eller utbetring som er utbetalt (tal i 1000 kr):

År	Tal etablering	Beløp etablering	Tal utbetring	Beløp utbetring
2014	1	400		
2015			2	47
2016	2	256	2	53
2017	4	1 100		
2018	1	220	4	365
2019	2	500	3	230
2020	4	680	3	52
2021			1	40
2022	3	800	2	35
2023	2	300	7	208
2024	4	400	2	65

Tabellen viser : Tal søkjarar som har fått tilskot og tildelte midlar i kroner.

2019 var siste året kommunane fekk midlar frå Husbanken til etablerings- eller utbetringstilskot. Frå 2020 vart desse tilskota ein del av rammeoverføringane til kommunane.

Tilskot vert i utgangspunktet gitt som rente- og avdragsfrie lån i 10 eller 20 år og vert ofte kombinert med ordinære lån.

Personal- og organisasjonsstaben

Arbeidet i personal- og organisasjonsstaben

Personal og organisasjonsstaben har både ein stabs- og støttefunksjon. Vi har ansvaret for å initiere og drifte prosessar knytt til organisasjons-/utviklingsarbeid, i tillegg til sakshandsaming og handsaming/utarbeiding av retningslinjer og rutinar for heile kommunen.

Staben har dei to siste åra hatt eit skifte i tilsette grunna naturlege avgangar. Etter ein overgangsperiode har situasjonen stabilisert seg. Eit kvart skifte av medarbeidarar fører til tap av etablert kompetanse, samstundes som at det opnar opp for nye impulsar og at ny kunnskap vert tilført organisasjonen.

På grunn av skifte i medarbeidarar vart det eit behov for ei intern oppgåvekartlegging i staben. Dette vart berre i liten grad gjennomført, på grunn av ekstremt auka arbeidspress m.a. knytt til prosess med PWC og budsjett for 2025. Kartlegginga og oppgåvedelinga held fram i komande år.

Frå 01.08.24 vart avdeling Service og dokumentasjon ein del av personal og organisasjonsstaben. Avdelinga famnar servicekontor, kommunikasjonkonsulent, arkiv og noko sakshandsaming.

Staben har i tillegg til avdeling Service og dokumentasjon, ansvar for koordinering av lærlingane våre og både frikjøpte hovudtillitsvalde og hovudverneombodet er direkte knytt til personalsjefen.

Sjukefråvær og nærværsarbeid

Det overordna IA- utvalet og Kvalitetsrådet gjennomførte fire møte. Det er framleis stort behov for støtte i det individuelle sjukefråværsarbeidet, eit arbeid staben ikkje hadde tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å gjennomføre i 2024. Det har også vore ein del endringar på leiarsida i kommunalområda og nye leiarar har ikkje blitt ekstra skulerte i dette arbeidet.


I fylgje årsrapporten for 2024 frå NAV var det ei gledeleg utflating på landsbasis høve sjukefråvær knytt til psykiske lidningar. Ei gruppe som har vore bekymringsfullt aukande før dette. Det var i Ørsta kommune planlagt auka fokus på tematikken emosjonell belastning, men også dette arbeidet måtte vike plass for PWC og budsjettprosess.

IA- avtalen mellom partane i arbeidslivet skulle reforhandlast hausten 24, men det vart ikkje oppnådd semje. Året vart difor avslutta utan ein ny avtale som var gyldig.

I tertialrapporten frå 2. tertial viste tala at fráværsprosenten for kommunen var stabilt høgt gjennom heile 2024. I 1. tertial var talet 9,63%, medan det gjekk marginalt ned til 2.tertial til 9,48%

Statistikken henta frå Visma BI syner at det er langtidsfráværet på over 60 dagar som er mest urovekkjande. Det eigenmelde korttidsfráværet ligg innfor det ein så stor organisasjon må rekne med. Medan det legemeldte fráværet har auka, samanlikna med tala frå 2023.

Statistikk 2024



Læringar:

Ørsta kommune er knytt til Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre. Staben har organisatorisk og budsjettansvar for lærlingane.

Den store utfordringa knytt til lærlingar er mangelen på rekruttering. Hausten 2024 fekk kommunen berre to søkjarar til helsefag og ein til barne og ungdom. Den dårlege søkinga er ein fellestrend og ikkje spesiell for vår kommune.

Utviklinga i Ørsta har, på lik linje med alle kommunane på Søre Sunnmøre, gitt grunnlag for bekymring. Vi ser ein aukande trend av at plassane innan for yrkesfaga i vidaregåande skule vert oppfylt av elevar som ikkje har planar om å fullføre eit lærlingeløp, men å gå det tredje året med påbygg i staden slik at dei får generell studiekompetanse. Fleire av desse ser vi igjen på søkjalistene våre til assistentstillingar, då ikkje alle kjem inn på (eller greier å fullføre) påbyggingsåret for å studere høgare utdanning, eller dei dukkar opp som ufaglærte tilkallingsvikarar.

Opplæringskontoret har egne rekrutteringspatruljer som deltek på karrieredagar, informasjonsmøte mm. knytt til både ungdomssteg og vidaregåande nivå. I tillegg har kommunen, saman med våre egne hovudtillitsvalde deleteke på jobbmesser i regi av NAV. Vi prøver også å rekruttere ungdom til yrka våre gjennom t.d .ordninga med trivselsmedarbeidarar.

Vilkåra for lærlingane i Ørsta kommune er gode og vi nyttar dei konkurransefortrinna vi har tilgjengelege. Døme på dette er at dei vert avlønna med 50% løn gjennom heile læretida, i staden for gradvis opptrapping og vi har faglege koordinatorressursar lokalt som er med på å fylg dei opp. I tillegg har vi mange gode instruktørar som fylg dei opp i arbeidskvardagen deira.

Hausten 2024 hadde kommunen 13 ordinære lærlingar. Desse fordeler seg slik: 8 helsefaglærlingar, 4 barne- og ungdomsfaglærlingar og 1 byggdriftar. I tillegg har vi 2 lære kandidatlar, 1 barne og ungdom og 1 kokk/kjøkken. Vi hadde også 8 tilsette som tek fagbrev på jobb.


Totaloversikt tal tilsette

Antall ansatte		Totalt
Kvinner 785	Menn 228	1 013
Antall årsverk		Totalt
Kvinner 681,77	Menn 171,84	853,61


Statistikk for heimeside, Facebook og Instagram 2024

Innlegg heimeside

Gjeld berre tal på nyhendeartiklar. Ikkje oppdaterte artiklar, banner, aktuelt, kunngjeringar, tenestebeskrivingar, div. oppdateringar eller liknande.




Populære sider/innlegg:



Rekkevidde heimeside


Sidevisningar:



Innlegg Facebook

Facebooktala er meir representative for fullstendig aktivitet pga. det viser meir av det vi deler frå heimesida + andre innlegg.

Antall facebook-innlegg:




Rekkevidde Facebook og Instagram

2023:

Årsmelding 2024


Facebook reach ⓘ

103,642 ↑ 30.7%



Instagram reach ⓘ


1,870 ↓ 28%




2024:

Facebook Instagram

416.5K ↑ 369.6%



34.5K ↑ 2.0K%



Følgjarar Facebook

Dato	Tal	Auke siste år
Pr. 01.01.2017	2 494	
Pr. 01.01.2018	2 685	191
Pr. 01.01.2019	2 836	151
Pr. 01.01.2020	2 986	150
Pr. 01.01.2021	3 424	438

Pr. 01.01.2022	4 063	639
Pr. 01.01.2023	4 323	260
Pr. 01.01.2024	4 524	201
Pr. 01.01.2025	4 767	243

Overordna mål for Servicekontoret

Servicekontoret arbeider for å vedlikehalde og vidareutvikle servicenivået og gje innbyggjaren ei positiv oppleving i møtet med kommunen. Arbeidet med å bli mest mogleg digitale og å få innbyggjarane elektronisk sjølvhjelpete har stort fokus. Vi skal samtidig vere til hjelp for dei som ikkje ønsker/kan nytte seg av dei digitale løysingane.

Servicekontoret har desse ansvarsområda (lista er ikkje uttømande)

- Publikumsmottak
- Sentralbordet, frå 1. mars 2024 tok vi også over sentralbordet for Volda kommune
- Overordna ansvar for arkivtenesta i Ørsta kommune inkludert systemoppfølging/oppgradering/opplæring, inngåande og utgåande post, postmottak og journalføring, innsyn.
- Sakshandsaming og forvaltning av bustønad for Statens Husbank
- Sakshandsaming av TT-kort, parkeringskort og følgjekort for forflyttingshemma (Frå hausten 2024 tok Tildelingskontoret over TT-kort ordninga.)
- Sakshandsaming av einskildhøve og ambulerande skjenkebevilling.
- Informasjon til innbyggjarane/publikum/media og drift av heimesida til Ørsta kommune, og informasjon via sosiale media.
- Førehandsrøysting ved stortings- og sametingsval og kommune- og fylkestingsval
- Innbetaling/sal ved kopiering av dokumentasjon/rett kopi til publikum. Sal av Ørstaalbum, Ørstingar, Hjørundfjordbøkene, Vartdalssoga, Næringsssoga, konfirmantboka, handtak og krykkjer. Betaling via vipps eller faktura.

Annonsering.

Vi nyttar dei lokale avisene for fellesannonsering via servicekontoret, i Møre-Nytt kjem annonsen i fredagsutgåva. Utgiftene for annonsering via servicekontoret var pr. 31.12.2024 – kr. 59.400,- Det meste av annonseringa gjeld politiske møter, kunngjeringar og planar til høyring. Ledige stillingar ligg i WebCruiter, i NAV sine system og på Ørsta kommune si Facebookside. Ein tilpassar også annonser som betalt teneste på Facebook. Enkelte stillingar som er vanskeleg å rekruttere i og leiarstillingar vert også lyste ut i andre relevante medium.

Frankering


Utgåande post vert levert til posten med fraktbrev I 2024 brukte kr.33.750,-. dette gjeld frankering av

brev og postpakkar. Kostnadane til grafisk design som skriv ut og sender brev og fakturaer til dei som ikkje har elektronisk postkasse, utgifter til KS og altinn for bruk av SvarUt og SvarInn kr. 150.100,-. Dei fleste fagsystema er no oppgradert til å ta i bruk SvarUt, noko som gjer at fysiske brev som skal ut har minka. Ein del vert gjennom SvarUt systemet sendt til print, noko som er naturleg då ein del av innbyggjarane ikkje er digitale og kan ta i mot elektronisk post.

Sentralbord/skranke/postmottak.


Sentralbordet gjekk inn avtale med Volda kommune om å ta over deira sentralbord frå 01.03.2024. Vi fekk tilsette 50 % stilling dedikert til sentralbord. Vi endra dermed tilbake opningstida til å vere lik opningstida til servicekontoret 09 – 15. Vi oppmodar stadig om at til flinkare vi alle i kommunane er til å oppdatere kalendrane og sett oss opptatt vil det gagne arbeidet for dei på sentralbordet (Informasjonen ut vert ikkje betre enn informasjonen inn).

Statistikk Ørsta frå 01.01.2024 - 31.12.2024:



Statistikk Volda frå 01.01.2024 - 31.12.2024:

Årsmelding 2024



I skranken kjem dei som vil få eller har avtale med sakshandsamar, dei som har avtale vert henta av sakshandsamar. Ein del kjem for å hente skjema og levere ting.

Chatfunksjon fungerer ikkje optimalt, men vi har nokre pr veke der også. Mest førespurnadar kjem via epost, på Messenger på Facebook har det auka med meldingar, sjølv om vi anbefaler at dei brukar e-post til postmottak.

Vi får no meir post inn elektronisk på postmottak og som SvarInn i mottak i Acos websak enn kva som kjem gjennom posten, noko kjem fortsett over skranke.

Acos Websak

I 2024 start Arkivgruppa i SSIKT-samarbeidet eit prosjekt der vi ville sjå på korleis vi kan automatisere arkivoppgåvene og korleis vi kan samarbeide om arkivoppgåvene på tvers av kommunane. Vi fekk løyve frå kommunedirektørgruppa til å jobbe med dette prosjektet. Vi søkte også midlar frå Arkivverket som vi dessverre ikkje fekk. Vi fekk også med oss Acos, leverandør av sak/arkivsystemet WebSak, på dette prosjektet, som kompensasjon for at vi ikkje fekk oppgradert WebSak som planlagt i 2024. Prosjektet vil gå til utgangen av 2025.

Det er pr i dag ca 180 sakshandsamarar i WebSak som skal fyljast opp med opplæring, rettleiing, nye malar osv. Dette krev mykje ressursar frå arkivet men er eit viktig arbeid skal ein få systemet til å fungere som det skal. Vi håpar at eit arkivsamarbeid på tvers av kommunane kan gjere dette arbeidet meir effektivt, samtidig med høgare kvalitet.

Arkiv og journalføring 2024

Dei daglege rutineane våre er registrering av post, arkivering, svare på spørsmål frå sakshandsamar og publikum (vedk. Acos websak, rutinar og innsyn i arkiv) samt oppfølging av restansar.

I 2024 vart det oppretta 6670 nye saker. Det vart oppretta 31331 journalpostar i 2024.

Arkivplan/dokumentasjonsstrategi

Dokumentasjonsstrategien ligg tilgjengeleg på heimesida vår som ein underportal. Det meste er på

plass, det som står at er oversikt over gammalt arkiv, samt oversikt over elektroniske system. Ein slik plan treng kontinuerleg oppdatering slik at den til ei kvar tid er ajour, og dette er noko vi arbeider med.

Gamalt arkiv

I 2024 har vi vidareført arbeidet med arkivet til landbruksetaten/skogbruksetaten. Det er eit svært stort arkiv og held fram med dette arbeidet i 2025. Omlag 10 hyllemeter er ordna i gardsarkivet, og vi er over halvvegs med dette. Skogsarkivet har vi ikkje byrja på.

Avlevering

Det er ikkje avlevert arkiv til IKA i 2024.

I 2024 vart fylgjande søknadar handsama av servicekontoret:

-Bustønad: 139 stk mottok bustønad pr 31.12.2024, ein liten nedgang frå frå 2023

-Parkeringsløyve: Sakshandsaminga held seg på det jamne. I 2024 hadde vi 19 nye søknadar i tillegg til fornyingar.

-Følgjekort: I 2024 hadde vi 27 nye søknadar i tillegg til fornyingar.

-Skjenkeløyve for einskildhøve (ope arrangement) og ambulerande løyve (lukka lag) 19 søknadar vart handsama for 2024.

Møte og kurs service og informasjon

Vi representera Ørsta kommune i Sjustjerna når det gjeld kommunikasjon, web/portalgruppe, interakt (elektroniske skjema) og arkivgruppe. Alle sjustjerna gruppene har eigne teamskanalar der ein kan rådføre seg med kvarandre.

Det vert gjennomført elektroniske møte og gruppesamlingar ilag med Sjustjerna, også i lag med representantar frå leverandør, SSIKT, i tillegg til oppfølgingsarbeid mellom møta/samlingane.

Supportsaker til leverandør går gjennom oss i samarbeid med SSIKT.

Ørsta kommune har ein hovudrepresentant i prosjektet med sak og arkivsystem som starta i 2019, prosjektet er i seg sjølv ferdig men gruppa arbeider vidare med vedlikehald, support, oppgradering, implementering av fagsystem og elektroniske opplæringskurs.

Dei arbeider no med ein samarbeidsavtale for dokumentasjonsforvaltning for 6 kommunane.

Kommunikasjonskonsulenten våre er kommunen sin representant på kommunikasjon/Interact/web og portalgruppa.

Tre av våre tilsette er med i Ørsta kommune sitt digitaliseringsråd, der ein har tatt del i Digi Møre og Romsdal sitt kompetanseløfte 2.0

Vi prøvar å ta del i web-baserte kurs og opplæringar innanfor fagfelta våre.

25.04.2025. Leiar service og dokumentasjon Elisabeth Sæbønes.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Årsmelding 2024

Kommunalområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	28 858	32 276	34 500	2 224	6,4 %


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	28 134	30 273	30 721	448	1,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 442	5 646	5 177	-469	-9,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	140	143	27	-116	-429,6 %
Overføringsutgifter	1 292	1 081	1 275	194	15,2 %
Finansutgifter	177	302	50	-252	-504,5 %
Sum Driftsutgifter	33 185	37 445	37 250	-195	-0,5 %
Salgsinntekter	-883	-834	-813	21	-2,6 %
Refusjoner	-3 138	-4 087	-1 887	2 200	-116,6 %
Overføringsinntekter	-7	-76	0	76	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-300	-173	-50	123	-246,4 %
Sum Driftsinntekter	-4 327	-5 170	-2 750	2 420	-88,0 %
Netto resultat	28 858	32 276	34 500	2 224	6,4 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Oppvekst, kultur og inkludering

Beskriving av tenestoområde

Kommunalområde Oppvekst, kultur og inkludering dekkjer tenestoområda barnehage, skule, vaksenopplæring, flyktningteneste, kulturhus, kino, bibliotek, kulturskulen, Kaihuset, frivilligsentral, kulturkonsulent og folkehelsekoordinator. I tillegg ligg samordning med interkommunal PPT til dette kommunalområdet.

På kulturområdet har vi kulturskule og ungdomstiltak som eitt tenestoområde og Kulturhus, kino og bibliotek som eitt tenestoområde. I tillegg har vi kulturkonsulent i 50 % stilling kombinert med 50 % stilling som folkehelsekoordinator. Frivilligsentralen er også organisert her med 100 % stilling.

Ørsta kommune har sju kommunale og tre private barnehagar. Vi har felles styrmøte for alle barnehagane, og barnehagemynde har tilsyns- og rettleingsansvar for både kommunale og private

barnehagar. Spesialpedagogisk koordinator har tilsetjing i oppvekststaben og koordinerer det spesialpedagogiske tilbodet for alle barnehagane i kommunen. Barnehagane si drift er hovudsakleg heimla i barnehagelova, nasjonal- og lokal rammeplan for barnehagen, samt barnehagane sine eigne årsplanar.

I kommunen er det sju kommunale grunnskular. Av desse er fire reine barneskular, to er 1-10 skular, og vi har ein ungdomsskule. I kommunen er det også ein privat grunnskule, Åmås friskule, som tek imot elevar frå 1.-7, trinn. Vaksenopplæringa har grunnskule og spesialundervisning for vaksne. Desse tenestene forvaltar oppgåver styrt av opplæringslova og Kunnskapsløftet - læreplanverket for grunnskulen. Ørsta opplæringscenter har i tillegg ansvar for undervisning etter integreringslova. Eit tilbod som er blitt betydeleg utvida sidan mars 2022.

Flyktingtenesta har ansvar for mottak og busetting av flyktningar, og bidra til at flest mogleg kjem seg ut i arbeid.

Som konsekvens av innsparing vart det ikkje tilsett ny logoped i august, og los-stillinga er også kutta på grunn av innsparing. Frå august 2025 tilset vi logoped i 100 % stilling og deler 50/50 med Volda kommune.

Tilsette:

Teneste	Tal tilsette
Heile kommunalområdet	436
Kultur	26
Skule	265
Barnehage	127
Flyktingteneste	9
Andre funksjonar	9

Oversikta er henta frå Visma Enterprise. 340 kvinner 96 menn. Det betyr at mannsandelen har auka frå 20 til 22 posent. 377 årsverk. Særleg i Kulturområdet og delvis på skule (SFO) er det mange deltidsstillingar. Største endringa frå 2023 til 2024 er at vi har hatt ein nedgang i tilsette i barnehagane, og fleire tilsette i skule og SFO. Dette handlar både om oppbemanning av SFO på grunn av gratis kjernetid for 1.-3. trinn, og auke i talet på 1. klassingar, og elevar med behov for særskilde tiltak.

Overordna mål

Vi nyttar måla i kommuneplanen sin samfunnsdel, og mål og strategiar frå levekårsplanen.

Frå kommuneplanen sin samfunnsdel:

I 2025 er Ørsta ein inkluderande kommune med eit mangfald av opplevingar og gode oppvekstmiljø

- Ørsta er ein attraktiv kommune å bu i og med gode oppvekstmiljø
- Ørsta er ein attraktiv kulturkommune
- Ørsta har gode og samordna kommunale tenester
- Ørsta har attraktive skular, arenaer for utdanning og kompetanseutvikling

Frå levekårsplanen:

Overordna mål for innbyggjarne sine levekår og folkehelsa er:

Gode levekår i alle livsfasar

Tre strategiar:

- Helsefremjing og førebygging
- Tidleg innsats
- Universell utforming som strategi

Utvalde resultat

Resultat og samanlikning KOSTRA-tal

Barnehage

Å oppleve at ein høyrer til, er kjempeviktig, og der er barnehagen ein undervurdert arena. Her møtest folk med ulik bakgrunn og interesser.

Gjennom barnehagen blir det skapt eit band mellom barn, tilsette og foreldre.

Nøkkeltal for barnehagedrifta i 2024 - henta frå Framsikt (kostra-SSB)

	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragr. 7	M & R
<u>Prioritering</u>						
Netto driftsutg. barnehage i prosent av totale netto driftsutgifter i kommunen	15,5 %	15,9 %	14,8 %	15,2 %	14,3 %	13,5 %
Barn i alle barnehagar	614	621	576	550	-	-
Kommunale barnehagar	387	398	362	336		
Private barnehagar	227	223	220	223		

Årsmelding 2024

Tabellen over viser at barnehagedrifta i 2024 utgjer ein mindre del av utgiftene til den totale drifta av kommunen. Det er størst nedgang på barnetalet i kommunale barnehagar. Barnetala tek utgangspunkt i barn som hadde barnehageplass 15. desember 2024.

	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda 2024	Kostragr. 7	M & R
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til Barnehage	11 056	12 271	12 485	12 834	11 069	10 836
Tal barn korrigert for alder per årsverk til basisverksemd i kommunale barnehagar	5,3	5,5	5,4	5,4	5,7	5,4
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehagar samla (f.201, f. 211, f. 221) per barn i kommunal barnehage (i kroner).	250 645	270 378	262 517	287 699	269 535	284 848
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert opphaldstime (kr)	85,5	94,1	91,8	97,1	92,9	97,8
Kommunale overføringar av driftsmiddel til private barnehagar (1000 kr)	38 305	40 677	48 121	53 130	-	-
Tal barn 0 år med barnehageplass ift. innbyggjarar *	12,1 %	7,4 %	6,3 %	7,9 %	5,1 %	10,1 %
Tal barn 1-5 år med barnehageplass	97,4 %	96,8 %	96,2 %	96,8 %	94 %	96,2 %
Tal barn i kommunale barnehagar i forhold til alle barn i barnehage	63 %	64,1 %	62,2 %	60,1 %	56,1 %	47 %
Tal minoritetsspråklege barn i forhold til alle barn med barnehageplass	11,7 %	10,5 %	8,7 %	13,6 %	17 ,2 %	16,3 %

Tabellen over viser at kommunen klarte å ta ned driftsutgiftene til barnehage i 2024, i tråd med synkende barnetal. Vi ser også at kommunen har redusert talet på plassar til barn som ikkje har rett på

plass. Når vi ser på kostnaden pr innbyggjar til barnehagedrift, brukar Ørsta meir enn kostragruppe 7. Dersom vi ser på kostnaden pr. barn i aldersgruppa, brukar Ørsta mindre enn kostragruppe 7. I barnehageåret 2023/24 hadde vi ei forholdsvis stor barnegruppe og det gjer utslag på driftsutgiftene, men når vi ser på kostnaden pr. barn brukar vi mindre enn dei vi samanliknar oss med.

Rekruttering

I kommunale barnehagar hadde vi 14 % mannlege medarbeidarar i 2024. Ein auke frå 9,6 % i 2021. Dette er gledeleg mellom anna fordi det gir meir mangfald i rollemodellar for barna. Til samanlikning har kostragruppe 7, 6,9 % mannlege medarbeidarar.

Grunnskule

	Ørsta 2022	Ørsta 2023	Ørsta 2024	Volda	Kostragrupp 7	Møre og R.	Landet u. Oslo
<u>Prioritet</u>							
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samla netto driftsutgifter	23,1 %	24 %	22,8 %	21,9 %	24,1 %	22,5 %	22,6 %
<u>Produktivitet</u>							
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss (202, 222, 223), per elev	135 723	145 581	156 409	169 338	154 927	166 040	158 966
Netto driftsutgifter til grunnskule (202) pr. innbyggjar 6-15 år		120 254	123 370	126 796	118 568	125 165	119 797
<u>Dekningsgrad</u>							
Elevar alle trinn Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning (prosent)	6,2 %	7,1 %	6 %	5,7 %	7,9 %	9,1 %	8,0 %
Del timar til spesialundervisning av tal lærartimar totalt	17,9 %	18,9 %	17,8 %	19,5 %	17,3 %	19,3 %	18,9 %

Del elevar i grunnskulen som får særskilt norskopplæring	4,7 %	5,9 %	5,5 %	6,7%	5,1 %	7,3 %	6,2 %
--	-------	-------	--------------	------	-------	-------	-------

Tabellen viser nøkkeltal for grunnskuledrifta, samanlikna med tala til Volda kommune og kostragruppe 7. Tala viser at Ørsta kommune framleis driv effektivt på grunnskuleområdet. Snittet av kommunane i kostragruppe 7 brukar mindre pr. elev enn Ørsta. Dette har samanheng med tal elevar pr. skule. Ørsta kommune har i snitt 186 elevar pr. skule, medan snittet for kostragruppe 7 er 244. På funksjon 202 som gjeld sjølve skuledrifta (undervisning, administrasjon mm.) ser vi at avstanden mellom Ørsta og kostragruppe 7 er større enn når vi inkluderer skyss (f. 223) og driftsutgifter til skulelokale (f.222). Kostragruppe 7 brukar meir på skyss og skulelokale enn Ørsta kommune gjer. Her kan det ligge noko usikkerheit i korleis dei ulike kommunane rapporterer.

I 2024 fekk vi ein nedgang i timar til spesialundervisning. Det er positivt fordi det gir større handlingsrom for tidleg innsats og tilrettelegging for fleire elevar når ressursane ikkje er bundne i enkeltvedtak.

SFO

	2022	2023	2024
Ørsta	8 562	11 151	13 156
Volda	7 791	10 148	12 399
Ulstein	8 212	9 037	9 826
Herøy	5 921	6 968	7 175

Tabellen viser brutto driftsutgifter til SFO (1000 kr)

	2022	2023	2024
Ørsta	3864	7592	10082
Volda	3056	5995	8218
Ulstein	2891	4917	6282
Herøy	1743	4009	5086

Tabellen viser kommunens eigenfinansiering av SFO (1000 kr)

	2021	2022	2023	2024
Ørsta	3 837	6 641	14 078	18 179

Volda	3 364	5 652	11 978	14 915
Ulstein	5 101	7 163	11 068	15 014
Herøy	2 580	4 768	10 460	13 458

Tabellen viser netto driftsutgifter til SFO pr. innbyggjar 6-9 år (kr.)

Kommunen sine utgifter til SFO har auka mykje sidan 2021. Dette heng saman med at alle 1.-3. klassingar har gratis kjernetid i SFO frå og med skuleåret 2024/25. Ordninga er gradvis innført sidan august 2022. Vi får dekt mykje av den reduserte foreldrebetalinga i overføringar frå staten, men kommunen si finansiering er likevel høg når vi ser på netto driftsutgifter pr. innbyggjar 6-9 år. Vi ser at dei andre kommunane løyser dette rimelegare enn Ørsta.

Vaksenopplæring og integrering

Sidan sommaren 2023 har vaksenopplæringa og flyktningtenesta vore organisert som ei samla teneste med 23 tilsette i 2024. Denne omorganiseringa har ført med seg ein stor omstillingsprosess som sette sitt preg på 2024.

Resultatet er eit tettare og meir systematisk samarbeid, betre koordinering av tenestene, og betre resultat på opplæringa. Vi opplever nokre utfordringar knytt til å vere lokalisert på to ulike stadar, m.a. med tanke på leiling, samarbeid, koordinering og oppfølging. Behovet for ei samla teneste som er nærare fleirtalet av flyktningane i deira daglege liv, lever framleis. Samhandlingsrutinar med NAV og lokalt arbeidsliv har vore i fokus i 2024, og dette arbeidet held fram inn i 2025. Vi har også arbeidd systematisk med beredskap og ROS-analyser. Administrasjonssystemet Visma flyktning og vaksenopplæring har gjort det mogleg for oss å administrere arbeidet rundt flyktningane på ein lovmessig og kvalitativt god måte.

I 2024 tok vi initiativ til eit enda meir strategisk og systematisk flyktningarbeid i kommunen, på tvers av kommunalområde og tenester. Vi håper å halde fram med dette arbeidet og sjå resultat i 2025.

Tenesta deltek m.a. i nettverksarbeid både med kollegaene i 7-stjerna og med Nav Møre og Romsdal.

Flyktningtenesta

Dei tilsette i flyktningtenesta har gjort ein stor innsats for å tilpasse seg dei høge flyktningtala vi har hatt dei siste tre åra. Stadige endringar i lovverk og nye føringar frå myndigheitene, mange nye arbeidsoppgåver, rutinar, samarbeid og problemstillingar, samt rask oppbemanning og omorganisering, har vore krevjande. Integreringslova er rammeverket for vårt arbeid, og i 2024 har vi hatt om lag 9 årsverk i flyktningtenesta, fordelt på fagleiar, oppfølgingsteam og introteam. Dei tospråklege tilsette i oppfølgingsteamet har ei viktig rolle, og avlaster og fungerer som ei bru til mange oppgåver utover eigne ansvarsområde, spesielt i samarbeidet med NAV, helse, skule og introduksjonsprogrammet. Dei lettar tolkebehovet også i dei andre tenestene.

Dei tilsette i flyktningtenesta jobbar tett på menneska, og i tillegg til det "ordinære" busettings-, etablerings- og integreringsarbeidet, må vi handtere utfordringar knytt til helse, traumer, åtferd, rus og psykiatri. Med høge busettingstal over fleire år aukar naturleg nok talet på slike saker.

Vi gir oppfølging til flyktningar i fem år etter busetting, og nokre har behov for hjelp også utover denne perioden. Frå 2022 til 2024 har Ørsta kommune busett 259 flyktningar, og dei fleste av desse har hatt oppfølgingsbehov frå flyktningtenesta i større eller mindre grad i 2024.

I Ørsta kommune vart det først gjort vedtak om å busette 90 flyktningar i 2024. Kommunestyret gjorde nytt vedtak i september/oktober om å redusere busetting av flyktningar i 2024 til 80. Dvs at vi nådde busettingstalet i 2024.

Av desse:

- Ukrainarar med kollektivt vern: [76]
- Overføringsflyktningar: [4]
- familiegjenforeint med flyktning : [1]

Av desse:

- Busette i aldersgruppa 18-55 år med rett på introduksjonsprogram [42]
- Busette i aldersgruppa 55-67 år [[6]
- Busette i aldersgruppa 67+ år [7]
- Barn 0-18 busette [25]
- Person funksjonsnedsetting, der vi skal søkje ekstratilskot [1]
- Einslege mindreårige med følgjeperson [2]

Vi har busett ein relativt stor andel eldre over 55 år. Dette påverkar statistikken vår negativt når det gjeld arbeidsledige og kor raskt vi får folk ut i arbeid. Vi verken kan eller vil busette etter økonomiske kriterier åleine, men skal ta imot dei som har behov og som vi har kapasitet til å ønske velkomen.

Introduksjonsprogram

Målet med introduksjonsprogrammet er å gi flyktningar i aldersgruppa 18-55 år tilstrekkelege ferdigheiter i norsk, innsikt i norsk samfunns- og arbeidsliv, og førebu dei på arbeid eller utdanning. Samarbeid med vaksenopplæringa, NAV, offentleg sektor og privat næringsliv er avgjerande for å lukkast med intensjonane i programmet.

I 2024 har vi hatt om lag 60 deltakarar i introduksjonsprogrammet. Dette omfattar flyktningar busette i 2022, 2023 og 2024.

Vi har skaffa praksisplass til dei aller fleste innan tre månader etter oppstart i intro – totalt om lag 45 deltakar var i praksis i 2024.

52% gjekk over i lønna arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogrammet. Mange har halde fram med arbeidsretta tiltak frå NAV etter introduksjonsprogrammet.

Under oversikt over dei som avslutta introduksjonsprogram perioden 01.01.2024- 31.12.2024

Tal	Avslutningsårsak	Prosent
18	Arbeid	40,90
1	Arbeid og utd. vgs	2,27
4	Utdanning vgs	9,10
23	Sum arbeid/utdanning	52,27
21	Annan årsak	47,73
44	Totalt	100
2	Utvandring	Ikkje medrekna

Vaksenopplæring - Ørsta opplæringsssenter

Våre tilbod:

- Førebuande opplæring for vaksne (FOV) (tidlegare grunnskule for vaksne).
- Individuelt tilrettelagd opplæring for vaksne (ITO) for dei som treng vedlikehald av grunnleggande ferdigheiter, med vedtak om tilbod etter sakkunnig vurdering frå PPT.
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar med rett / rett og plikt til opplæring, inkludert nybegynnarkurs, arbeids- og bransjeretta kurs, bransjespesifikke kurs, digital opplæring og samfunnskunnskap på eit språk deltakaren forstår.
- Testsenter for Norskprøven, Samfunnskunnskapsprøven og Statsborgarprøven – for deltakarakar (gratis) og privatistar (betalande) .

Vaksenopplæringa ved Ørsta opplæringsssenter utfører lovpålagde kommunale oppgåver i tråd med både opplæringslova og integreringslova. Vi følgjer eigne læreplanar for vaksne, og forhold oss til føringar frå Udir, HK-dir og IMDI.

Sidan 2022 har vi hatt eit deltakartal som har svinga mellom ca 90-140 deltakarakar.

I 2024 var totalt 199 deltakarakar registrerte ved opplæringsssenteret. 89 avslutta opplæringa i løpet av 2024.

I 2024:

Flyktningane frå Ukraina har gjort det naudsynt å bemanne opp på opplæringsssenteret . Dei siste tre åra har vi meir enn dobla talet på tilsette. I 2024 hadde vi, inkludert leiinga, 13 tilsette fordelt på ca. 10,5 årsverk. Av desse er 9 fast tilsette. 3 av dei tilsette starta hausten 2024 på etterutdanning i norsk som andrespråk, finansiert gjennom HK-dirs vikarordning. Dette betyr at 8 fast tilsette no har denne vidareutdanninga, som frå 2029 vil bli obligatorisk for å undervise i vaksenopplæring.

Det krevst stor innsats frå alle, og det er ikkje utan utfordringar å få så mange nye inn i eit skulesystem i endring og med mykje eigenart samanlikna med den ordinære grunnskulen. Men med stort

engasjement og dyktige folk har vi i løpet av 2024 etablert eit solid kollegium med mykje fagleg tyngd og kompetanse innan vaksenpedagogikk. Vi har ein god kultur for kunnskaps- og erfaringsdeling, og i 2024 har vi vore organisert i to team.

Vi har brukt tid på å etablere nye samhandlingsrutinar med flyktningtenesta og NAV, og vi har tilpassa oss føringane i den nye opplæringslova, både for Førebuande opplæring for vaksne og ITO.

Vi har også gjennomført utviklingsarbeid og implementert ny læreplan i FOV (Forberedande opplæring for vaksne) frå august 2024.

Vi har utvikla og etablert eit tilbod om (delvis) individuelt arbeids- og bransjeretta norskopplæring med oppfølging av lærarar på praksisplassen. For deltakarar etter 3 månader+ i intro.

Vi har utvikla og starta opp kurset *Helsenorsk* med praksis, i samarbeid med NAV og praksisplassar innan den kommunale helsetenesta.

Vi har teke i bruk det digitale tilbodet Lingu for meir fleksibel norskopplæring for deltakarar som skal kombinere opplæring med praksis eller arbeid.

Vi har auka salet av tiltaksplassar i Nav- noko vi vil satse på også komande år, helst i form av ein fungerande offentleg-offentleg samarbeidsavtale.

Kulturskulen

Ørsta kulturskule har i 2024 (haust) hatt det høgste elevtalet som er registrert sidan vi fekk vårt noverande administrasjonssystem (2017), med om lag 220 elevar som fyller om lag 240 elevplassar.

Det er ein låg andel av elevar som sluttar ved overgong mellom skuleår, og nye søknader kjem inn gjennom heile skuleåret. Dette er veldig bra, men samstundes er ein konsekvens at vi har lang venteliste sidan kapasiteten er sprengd.

Vi gjer tiltak for å gje flest mogleg eit tilbod, eitt av desse er oppstart av songgruppe slik at vi har kunne tilby mellom 15 og 20 av dei yngste søkjarane på song plass der.

Kulturskulen har sine faste, store produksjonar på kulturhuset både vår og haust.

Våren 2024 sette vi også opp ei større dramaframsyning på kulturhuset, der elevar på instrument bidrog med live musikk. Ei flott erfaring! Vi samla også ein del av skulane til skulekonsertar på kulturhuset framfor å reise ut. Dei fekk då oppleve korleis ein produksjon med kulturskulen kan framstå i den konteksten. Dette fungerte også fint og kan vere ein fin måte å variere skulekonsertopplegget vårt på, men kjem ikkje til å erstatte besøk ute på skulane fullt og heilt.

Elles har kulturskulen hatt mange små og store konsertar gjennom året, og i tillegg får vi nærast kvar månad førespurnader om elevinnslag på ulike tilstellingar og hendingar i kommunen, frå kunstutstillingar til årsmøte.

Kaihuset og open møteplass

Open møteplass i Ørstahallen har hatt sitt første heile driftsår i 2024. Vi ser at tilbudet er populært, og at der er behov for eit slikt tilbod. Svært mange born/ungdommar kjem innom open hall i løpet av ei veke, mest trøkk er det naturleg nok den første timen etter skuleslutt.

På kaihuset har der vore bra besøk, og med ei fast kjerne. Gjennom dialog og samarbeid særleg med dei ungdommane som engasjerer seg mest i ungdomskafeen vart der planlagt tiltak for oppussing og fornying, som gjennomførast vinteren 2025.

UKM vart arrangert på Ørsta kulturhus. I Ørsta held vi framleis på modellen med ei mønstring, men utan jury. Alle innslag som er innanfor aldersbegrensingane vert nominerte til fylkesfestivalen, eitt av innslaga som deltok der vart også teke med til landsfestivalen som vert arrangert i 2025.

Ørstahallen og frivilligsentralen

Ørstahallen

Ørstahallen har aktivitetar frå 08:15 – 22:00 kvar dag. Skulane Velle, Ørsta ungdomsskule og Ørsta vidaregåande har kroppsøving her.

Sesong 23/24

Bane

Tildelte timar	Lag	Idrettar
104	Ørsta idrettlag	Handball
	Hovdebyda IL	Futsal
	Sæbø IL	Friidrett
	Åmdal IL	Innebandy
	Kaihuset	Turn

Årsmelding 2024

Uavhengige(ukrainske flyktningar)	Barneidrett
Sunnmøre	Fotball
indremosjon	Volleyball

Bordtennisrom/treningsrom

Tildelte timar	Lag	Idrettar
17	Ørsta idrettslag	Bordtennis
	Ørsta og Volda	Turn
	Linedance	Linedance

Arrangement

18. januar - Grand Prix

21. mars – Næringskonferansen

11. mai – Vassendgutane

17. mai- Nasjonaldagsfeiring

11. juni- Generasjonsleikar

13. juni – Avslutningsfest Vikemarka

20. jun - Avslutningsfest for ungdomsskulen

21. juni- avslutningsfest for Opplæringsenteret

26. oktober - Rotlaus

Møteromma vert nytta til både små og store møte, av både kommunale og ikkje kommunale instansar.

Frivilligsentralen

Statstilskot: 498 000

I tillegg til dagleg drift og eigne prosjekt har frivilligsentralen ansvar for

Den kulturelle spaserstokken, 17.mai, UKM og TV-aksjonen

Prosjekt:

- «Alle med - Ørsta» i samarbeid med flyktningkontoret, Kaihuset og Småjobbesentralen. Ørsta kommune fekk 1,793 mill over 3 år til å drifte ferieaktivitetar, utlånssentral, open møteplass og lokal fritidskasse. Frivilligsentralen er koordinerande eining og har hovudansvar for delprosjektet Feriemoro og fritidskassa.
- «Bli med – Ørsta» i samarbeid med flyktningkontoret og THO, samt frivillige som Røde kors og andre enkeltståsnade frivillige. Ørsta kommune fekk 1,15 millionar kroner til eit inkluderingsprosjekt for vaksne, med hovudmål å forhindre einsemd og utanforskap. Prosjektet er todelt med aktivitetar både knytte mot Ørstahallen og mot aktivitetsenteret på Bakk-ola-marka. Prosjektet vart starta opp i september og restmidlane er ført over til 2025.
- Ei god jul på Søre Sunnmøre – Eit prosjekt i samarbeid med dei andre frivilligsentralane. Prosjektet fekk ein samla sum på 1,5 mill kroner fordelt på dei 7 kommunane. Ørsta kommune sin del var på 275 000 kroner. Midlane vart vidarefordelte til Frelsesarmeen (vilkår frå stiftinga9, Røde kors omsorg og Juleglede Volda/Ørsta i tillegg til at vi sjølve arrangerte førjulsfesten i samarbeid med flyktningkontoret.

Frivilligsentralen samarbeider breitt med både frivillige lag og organisasjonar og andre kommunale instansar.

Ørsta kulturhus

Tabellen under syner aktiviteten på Ørsta kulturhus i 2024. Dette er utdrag av aktivitetar og framsyningar som har gått igjennom vårt billettsystem.

Norske kulturhus. Arrangementer med billettsalg

Navn	Antall forestillinger
Kino	632
Musikk	26
Show	8
Dans	10
Teater	13
Litteratur	6
Sum	695

Totalt har vi i 2024 hatt 278 aktivitetar/arrangement (+ kino).

Utleige av rom og salar i kulturhuset

Ein stor del av drifta er utleigebasert, der vi er tilretteleggarar for andre sine møte og arrangement.

Ei framtid ilag med Ørsta vidaregåande skule

Ørsta kommune vedtok i desember 2020 at Ørsta kulturhus og kino skal rivast, og nytt kulturhus med kino og bibliotek skal byggast i sambygg med ny vidaregåande skule. I 2024 har dette arbeidet halde fram, og det er forseinking i prosjektet. Informasjonen vi har ved årsskifte er at kulturhuset skal ha normal drift i heile 2025 og halve 2026.

Ørsta kino

Besøk og billettinntekt Ørsta kino 2012-2024

År	Besøk	Billettinntekt	Tal titlar	Tal frams.
2012	21 465	1 637 401	98	611
2013	21 892	1 717 621	130	641
2014	20 067	1 675 780	150	597

Årsmelding 2024

2015	26 126	2 340 335	164	654
2016	25 804	2 054 336	186	756
2017	15 883	1 315 900	128	429
2018	23 290	1 979 450	201	695
2019	19 539	1 621 781	184	691
2020	7 467	628 655	119	432
2021	8 790	721 380	145	545
2022	12 395	1 044 966	143	545
2023	17 384	1 543 559	148	627
2024	15 543	1 361 751	140	633

Heile Noreg opplevde eit dårleg kinoår i 2024. Med få store filmar å lokke publikum på kino med vart ikkje besøket det heilt store.

Dagkinokonseptet vårt held seg levande, og i 2024 arrangerte vi desse treffa 21 gongar og hadde eit snittbesøk på 66,3 gjestar per gong og totalt 1393 besøk.

Dei fleste som kjem på desse visningane ynskjer ikkje å gå på kino på kveldstid, og seier at dette tilbodet er midt i blinken. Vi har eit godt samarbeid med Ørsta vidaregåande skule, mat- og restaurantfag. Dei leverer maten vi serverer, og vi betalar berre for råvarene. Kaker og kaffi/te er inkludert i billetten.

Dagkinovisningar i 2024:

Årsmelding 2024

tittel	dato	kl	ant_solgt
Vertshuset The Old Oak	2024-01-08	13:30:00	94
Konvoi	2024-01-22	13:30:00	91
The Color Purple	2024-02-05	13:30:00	72
The Holdovers	2024-02-19	13:30:00	79
Sau	2024-03-04	13:30:00	88
Mirakelet i Gullspång	2024-03-18	13:30:00	119
Hammarskjöld	2024-04-08	13:30:00	62
Back to Black	2024-04-15	13:30:00	30
Wicked Little Letters	2024-04-22	13:30:00	46
Ukjent landskap	2024-05-06	13:30:00	28
Ibelin	2024-05-13	13:30:00	21
Fly Me to the Moon	2024-09-02	13:30:00	22
Quislings siste dager	2024-09-16	13:30:00	125
Den siste reisen - Tilbake til Rivieraen	2024-10-07	13:30:00	106
Lee	2024-10-14	13:30:00	45
Nr. 24	2024-10-28	13:30:00	138
Nr. 24	2024-11-04	13:30:00	55
The Apprentice	2024-11-11	13:30:00	41
Tre menn til Vilma	2024-11-25	13:30:00	85
Skal hilse fra naturen	2024-12-09	13:30:00	18
We Live in Time	2024-12-16	13:30:00	28

Tekniske utfordringer

Kinoprojektoren syng på siste verset, og snart finst det ikkje reservedelar til å reparere den. Service og evt reparasjonar er dessutan kostbart, og det er eit stressmoment i dei tilsette sin arbeidskvardag at projektoren er ustabil. Vi har hatt fleire driftsstansar i 2024, men alle har løyst seg raskt.

For konsertar og show er det stadig meir tydeleg at kulturhuset manglar det som trengs av teknisk utstyr. PA-anlegget er meir enn 12 år gammalt, og er ikkje dekkande for dei krava som ligg føre for dei fleste arrangementa. Det betyr at vi må leige inn ekstra for kvart arrangement, og det har ein kostnadsramme på alt frå 6000 – 35.000 kr per gong. Det som oftast kan arrangerast utan at vi må leige inn ekstra utstyr er foredrag og enkle standupshow.

Nytt på huset

2024 vart året der vi fekk montert dei første 4 elektriske scenetrekka, som var ei særskild nødvendig oppgradering av amfisalen vår. Sveivetrekka er tunge å halde på med, og dei 4 trekka vi brukar mest vart ikkje godkjent for meir bruk utan reparasjon og utbytting av delar. Med 4 elektriske trekk er riggetida for teater og konsertar litt redusert, og HMT ivareteke på ein betre måte enn tidlegare.

Ørsta folkebibliotek

Oversikt over viktige tal og endringar i 2020-2024:

Besøk / Lån	2020	2021	2022	2023	2024
Besøkstal	18 410	19 144	19 694	25 796	26 241
Tal på aktive personlege lånarar: BARN (0-18)	409	443	341	487	412
Tal på aktive personlege lånarar: VAKSNE (19-99)	837	800	763	855	820
Samla utlån av fysiske medium	22 982	22 542	23 767	28 388	30 342
Bøker sendt til andre bibliotek	1 179	1 239	1 372	1 838	2340
Bøker fjernlånt frå andre bibliotek	1 329	1 530	1 697	2 750	2622

Bestand fysiske medium	2020	2021	2022	2023	2024
Bøker	37 047	36 007	34 906	32 604	28 931
Lydbøker	2 120	2 075	2010	1 931	1 932
Musikk på CD'er	698	136	133	95	94
Film på DVD og Blu-ray	1 937	1 924	1 802	1 782	1783

Arrangement	2020	2021	2022	2023	2024
	Arr. / Publikum	Arr. / Publikum	Arr. / Publikum	Arr. / Publikum	Arr. / Publikum
For skular (inkl. DKS)	7 / 182	3 / 72	23 / 442	5 / 409	24 / 733
For barnehagar	0	6 / 128	0	0	1 / 39
Kulturarr., kurs, forfattarmøte	2 / 89	4 / 58	11 / 180	18 / 440	25 / 699
(av dette for barn, utanom skule)	(1)	(0)	(1)	(2)	(2)

Både bibliotekets besøkstal og utlån har gått oppover. Samstundes har bibliotekets samling gjennom åra blitt jamt redusert, og det har vore i større grad satsing på arrangement, forfattarbesøk og kurs. I 2024 har direktesending av forfattarsamtalar med kjende forfattarar frå Litteraturhuset i Oslo blitt eit fast innslag i bibliotekets arrangementsprogram, og fortent ros frå besøkande. I fyrste halvår av 2024 gjekk det også datakurs på biblioteket, som tiltrekte mange (spesielt eldre) menneske.

I mellomtida, medan bibliotekets samling er blitt redusert, har fjernlånstala gått oppover. Tenesta til Norsk Bibliotektransport leverer og hentar bestilt media til og frå meir eller mindre alle Noregs bibliotek. Slik er bibliotek-Noreg knytt saman, og biblioteka kan låne frå kvarandre.

Ørsta folkebibliotek er også ein viktig møteplass for menneske som kjem for å lese papiraviser. Bruk av brukar-PC-ar, ofte kombinert med utskriving/kopiering frå bibliotekets skrivarkopimaskin, har blitt ei baseteneste på biblioteket, på same linje med utlån av bøker.

Ørsta folkebibliotek har også ei rekkje populære digitale tilbod: Bookbites (lån av elektroniske bøker og lydbøker), Flipp (over 90 titlar av bestseljande magasin, ukeblad og teikneseriar frå Noreg, Sverige og Danmark), Filmoteket (strømmeteneste som gir tilgang til ca 2000 filmar og seriar av høg kvalitet), Lesekroken (flerspråkleg portal til eventyr og læring).

Alt av bibliotekets tilbod, inkludert arrangement, er gratis. Det einaste våre brukarar betaler for er utskrift og kopiering. Ørsta folkebibliotek har også vore samarbeidspartnar for NAV og Furene AS og teke imot søkjarar som ønskjer seg arbeidspraksis. I løpet av 2024 var det fire forskjellige personar som jobba midlertidig på biblioteket. Ein av dei har no byrja på bibliotekstudium ved OsloMet som følgje av si praksis i Ørsta.

Sjukefråvær i kommunalområdet

Samla for kommunalområde Oppvekst, kultur og inkludering fekk vi eit sjukefråvær på 9,24 % i 2024. 1,77 % av fråværet var knytt til korttidsfråvær og 7,47 % er knytt til sjukmeldingar. Dette er ein liten auke frå 2023 då det samla fråværet var på 8,93 %.

Helse, miljø og tryggleik


I 2024 vart det registrert totalt 347 avvik i oppvekstsektoren. I 2023, var det meldt inn 206 avvik medan det i 2022 vart meldt inn 98 avvik. Auken kan skuldast betre rapporteringsrutinar, større fokus på avvikshandtering eller generelt endring av type utfordring.

Barnehagane står for 53,9 % av avvika, medan skulane utgjør 41,5 %.

263 avvik var melde innan kategorien helse, miljø og tryggleik.

Kategori

1. jan 2024 - 31. des 2024



Hausten 2024 hadde vi tilsyn frå Arbeidstilsynet. Det var Velle skule og SFO, Ørsta ungdomsskule og overordna nivå som fekk besøk. Arbeidstilsynet fokuserte på om det var gjennomført overordna risikovurdering av arbeidsmiljøet, om det var gjort risikovurdering inn mot det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet og om det var gjort analysar og laga handlingsplanar for å redusere risiko. Kommunen fekk fire pålegg til utbetring. Det vert arbeid med å følge opp desse våren 2025.

Klima og miljøtiltak

Klima og miljøtiltak er tema i opplæringa i barnehage og skule.

Fleire skular kjeldesorterer avfall knytt til undervisning i mat og helse. Sortering av papir/papp og restavfall i alle klasserom. Elevane bidreg i den årlege ryddeaksjonen kvar vår før 17. mai.

Ørsta ungdomsskule har stor ryddeaksjon kvar vår i samband med prosjekt Raudøya.

Det er fokus på sløkkje lys på rom ein ikkje nyttar, også på toalett, men her er det meir å hente. Mange har no automatisk styring av lyset. Samhandlar med eigedom for å halde nede energiforbruk til oppvarming.

Fleire skular og barnehagar deltek på strandryddeveka.

Fokus på matsvinn med tanke på både økonomi og miljø.

Barnehagane har fokus på sporlaus ferdsel når dei er på tur.

Fleire barnehagar og skular sår og dyrkar grønnsaker.

Internkontroll

I Oppvekst, kultur og inkludering har vi følgjande internkontroll:

Alle tilsette er kjende med Compilo og korleis dei kan melde avvik. Statistikk for avvik er fast tema i kvalitetsrådet til kommunedirektør.

Oppdaterte rutinar og vedtekter skal vere tilgjengeleg i Compilo.

Vi har ei oversikt over saker knytt til skulemiljø (oppl.lov kap. 9 A), spesialundervisning og særskilt norskopplæring. Rektor skal jamnleg oppdatere oversikta slik at kommunalsjef kan sjå om skulen fylgjer lova i desse sakene. Blir etterspurt i tett-på-samtalar mellom kommunalsjef og rektorane. Systemet er utvikla i samråd med rektorane.

Plan for trygt og godt skulemiljø gir retningslinjer for korleis vi konkret skal opptre i skulemiljøsaker. Blir no oppdatert etter ny opplæringslov som trer i kraft 1.8.24. Vi har også retningslinjer for å førebygge, handtere og følgje opp mobbing i Ørstabarnhagen. Desse inneheld konkrete tiltak for kva barnehagen skal gjere.

Alle skular har fått opplæring av risikovurdering i forhold til vald og trugslar. Her fekk vi pålegg om betring frå Arbeidstilsynet i 2024, og dette blir innarbeidd i 2025. Planen er at barnehagane skal ha ei liknde kompetanseheving i 2026.

Økonomi - Barnehagar og skular får tildelingsbrev for ressursbruk i februar/mars kvart år. Vi har tett oppfølging i forhold til tilsettingar til nytt barnehage- og skuleår.

HMT-årshjul som vi følgjer og etterspør med leiarane.

Viktige hendingar

Ferdigstilling av nye Velle skule

Etter ein intens byggeperiode klarte vi å opne nye Velle skule til skulestart i august 2024. 354 5.-7. klassingar fekk plass i nye, friske lokale. I mange år har elevar ved Velle og Vikemarka skular hatt klasserom på Ørstahallen. Velle-elevane har hatt kunst og handverk på kulturhuset, og vi har hatt klasserom i brakker. No er alle samla under same tak med gode arbeidsvilkår for både elevar og lærarar. Eit oppgradert uteområde vart også delvis klart til haustferien 2024. Resten skal blir klart til 17. mai 2025. Skulen opnar for meir praktisk læring både inne og ute.

Utviklingsarbeid i lag med høgskulen i Volda

Ørsta får årleg tildelt midlar til lokal kompetanseutvikling. I dette arbeidet har vi høgskulen i Volda som partner. Føremålet er at våre barnehagar og skular og høgskulen i Volda, skal bidra med utvikling av kvarandre. Det er viktig at høgskulen som utdannar av barnehage- og grunnskulelærarar har god kontakt med praksisfeltet. Frå høgskulen får vi oppdatert forskning og fagleg oppfølging til utviklingsarbeidet vårt.

Livsmeistring

Barnehagane sette fokus på livsmeistring i 2024, og held fram i 2025. Innanfor teamet har barnehagane formulert korleis dei vil jobbe, og utviklingsarbeid og felles fagdagar har dette som fokus. Barnehagane jobbar i nettverk og tek del i utviklingsmøte i lag med høgskulen i Volda.

Lesesatsinga

I Ørstaskulen er vi inne i år to av eit utviklingsarbeid for å styrke lærarane si kompetanse innan lesing og leseopplæring. Eit viktig arbeid som skal munne ut i ein felles digital leseplan for Ørstaskulen. Skulane jobbar i nettverk, og vi har to store samlingar i året der vi samlar alle lærarane til erfaringsdeling, fagleg påfyll, og at dei legg fram praksisdøme for kvarandre. satsing på bibliotek og tilslag på kulturfondbøker.

Lokal kultursekk

Til grunnskule får vi årleg kulturmidlar frå fylkeskommunen for lokale kulturtilbod til skulane. Mykje av midlane går med til å skygge elevane til ulike kulturtiltak. Vi prøvar å fordele slik at nesten alle trinn får ei kulturell oppleving årleg. I 2024 fekk 4. klassingane besøke Brudevolltunet, 9. og 5. trinn fekk forfattarbesøk i regi av Ørsta folkebibliotek. 3. trinn fekk reise til Aasentunet på opplegget Bli kjend med Ivar Aasen, medan 10. trinn fekk vere med på Snakk om språk! 10. klassingane fekk også ein musikktime med Stig Ulv. 8 trinn fekk besøk av festspeldiktaren.

Kvalane frå Dalane vann First Lego League!



Kvalane frå Dalane vann lokal First Lego League 2024! Bildet er henta frå Møre-Nytt 9.11.24.

First Lego League er ei av verdas største kunnskapskonkurransar og skal inspirere barn i alderen 6-16 år til å morgondagens forskarar, ingeniørar og problemløysarar. Deltakarane førebur seg på eigen skule i mange veker før sjølve konkurransedagen. Eit slikt prosjekt krev at elevane jobbar godt i lag, men også lærarar og foreldre. Arbeidet er tverrfagleg, og det kan vere bruk for andre sider av elevane sin kompetanse enn det ein vanlegvis ser i skulekvardagen. 5.-7. trinn ved Dalane skule hadde ein veldig god ide og ein flott presentasjon - og vann den lokale konkurransen. Gratulerer så mykje!

Betre tverrfagleg innsats (BTI) - frå implementering til drift

Ørsta kommune er ein BTI-kommune. Det betyr at vi skal auke kompetansen vår for korleis vi kan hjelpe barn eller unge vi er urolege for. Det skal også vere eit verktøy som innbyggjarane kan nytte for å sjå korleis dei kan få fram når dei er uroleg for eit barn eller ungdom. På Ørsta kommune si heimeside er der no ein film som fortel om kva BTI er og ein [handlingsrettleiar](#).



Rekrutteringssituasjonen

Gratis kjernetid i SFO har ført til ein auke behovet for assistentar og fagarbeidarar. Dette førte til at vi frå august 2024 hadde vanskar med å tilsette nok folk, og å få på plass ei stabil bemanning ved fleire SFO-ar. Dette forplanta seg også til barnehagane utover hausten når sjukefråværet steig. Det var også vanskeleg å få lærarvikarar når influensasesongen sette inn. Det er grunn til å tru at dette er noko vi kjem til å merke vidare i åra som kjem. Tilgangen på arbeidskraft blir knappare. Det er viktig at vi jobbar for å få fleire ut i arbeid. For nokon kan ei ettermiddagsstilling i SFO vere akkurat den stillingsstorleiken som passar, og for ungdom kan dette vere ein fin første jobb.

Barnas Vel barnehage er ein av barnehagane som merkar endringane. Styrar gir følgjande tilbakemelding frå ein strid haust: Vi registrerer at arbeidsmarknaden er endra, og erfarer at det er vanskeleg å dekke opp personale både ved fråvær og vakante stillingar. I staden har vi ofte måtte ta interne grep for å fordele ekstrabelastninga. Både frå dag til dag, men og for lengre perioder. Det skaper sjølvstekt litt uro, men det fremjar også samhold og lagkjenning i eininga. Personalet har løyst det på ein førebiletleg måte, og det syner at fleksibilitet og samarbeid er nokre av våre styrker."

Omstilling

Budsjettprosessen hausten 2024, med støtte frå PwC, vart meir krevjande enn på lenge. Vi fekk beskjed om å sjå på alle moglegheiter for innsparing. Frå Oppvekst, kultur og inkludering vart det lagt fram

mange tiltak, mellom anna om strukturendring i barnehage og skule. Forslaget innebar mellom anna å legge ned Dalane skule og Kvitveisen barnehage. Dette vekte engasjement og det var organisert apellar og fakkeltog både på Dalane skule og i Ørsta sentrum. I demokratiske prosessar må vi både ønske og forvente at innbyggjarane engasjerer seg og seier i frå.

Med bakgrunn kommunen sin økonomiske situasjon må omstillingsarbeidet halde fram, og dette vil føre til uro både for tilsette, innbyggjarar, barn og unge. Mange vaksne som har meiningar både for i imot. Det er viktig at vi opptre slik at vi ikkje påfører barn og unge unødig uro.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	309 822	330 442	334 640	4 198	1,3 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for kommunalområdet syner i skrivande stund eit mindreforbruk for 2024 på kr. 4 millionar. Årsresultatet for Oppvekst, kultur og inkludering fordeler seg slik mellom tenesteområda:

Område 31 - kultur- fekk eit meirforbruk på omlag kr. 700 000,- Dette skriv seg hovudsakleg frå kinodrifta som hadde eit meirforbruk på kr. 900 000. . Kulturhusdrifta hadde eit overskot på kr. 200 000. Kulturskulen og ungdomstiltak hadde også eit lite meirforbruk, medan vi brukte mindre på tilskot til Viti enn det som var budsjettert.

Område 32 - skule- inkludert vaksenopplæringa fekk eit samla mindreforbruk på kr. 3 millionar. Dette skriv seg hovudsakleg frå norskopplæringa (introduksjonsprogrammet for flyktningar) som fekk inn mykje i tilskot frå staten i 2024. I tillegg til dette kom det inn ein del i sjukelønsrefusjonar frå NAV, og vi har halde stillingar vakant der det har vore forsvarleg.

Område 33 - barnehage - eit mindreforbruk på omlag 1 million kroner som hovudsakleg skriv seg frå at det ikkje alltid er mogleg å skaffe vikarar, og at det vi får inn i sjukelønsrefusjonar frå NAV, overstig vikarutgiftene.

Område 34 - flyktingtenesta - enda med eit mindreforbruk på omlag 1 million kroner. Dette skriv seg hovudsakleg frå at det gjekk mindre til introduksjonsstønad til flyktningane enn det som var budsjettert.

Samla får vi eit mindreforbruk på vel fire millionar, 1,25 % av totalbudsjetten.

Oppsummering tiltak

Det var gjort ei rekkje tiltak for å halde budsjetten i 2024. Med eit samla driftsresultat på 330 millionar, får vi ein vekst i utgifter frå 2023 til 2024 på vel 6 %. Det meste av dette skriv seg frå løns- og prisvekst, medan noko kjem av auke i sfo-drifta.

Rekneskap


Årsmelding 2024

Beløp i 1000


	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	294 475	305 515	305 134	-381	-0,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	25 248	28 898	20 149	-8 749	-43,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	50 921	58 842	57 512	-1 330	-2,3 %
Overføringsutgifter	9 769	15 287	6 681	-8 606	-128,8 %
Finansutgifter	3 407	3 334	0	-3 334	0,0 %
Sum Driftsutgifter	383 820	411 876	389 476	-22 400	-5,8 %
Salgsinntekter	-24 755	-27 311	-20 330	6 981	-34,3 %
Refusjoner	-46 845	-47 445	-33 700	13 745	-40,8 %
Overføringsinntekter	-849	-3 819	-10	3 809	-38092,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 549	-2 858	-796	2 062	-259,1 %
Sum Driftsinntekter	-73 997	-81 434	-54 836	26 598	-48,5 %
Netto resultat	309 822	330 442	334 640	4 198	1,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Helse, omsorg og velferd

Beskriving av tenesteområde

Helse, omsorg og velferd vart frå 01.01.2023 inndelt i fire tenesteområde.

I tillegg har kommunalsjefen ein rådgjevar. Rådgjevar er prosjektleiar for årsturnus og TØRN. I tillegg har ho vore prosjektleiar for heltidskultur fram til hausten 2024. Personalansvaret for kommuneoverlegen vart som ein del av ei organisasjonsendring overflytta til kommunedirektøren frå 1.8.24.

Dei fire tenesteområda er:

Helse, tildeling og koordinering

Bu og habilitering

Heimetenester

Omsorg og sjukeheim

Det er totalt 405 årsverk i kommunalområdet og gjennomsnitt stillingsstorleik på 85,5%.

Helse, tildeling og koordinering

Tenesteområdet gir i hovudsak tenester etter helse- og omsorgstenestelova, barnevernlova og sosialtenestelova og omfattar følgande avdelingar/tenester:

Tenesteområdet har 33,55 årsverk. I tillegg kjem 17 heimlar/stillingar for fastlegar og LIS1-legar og 5,4 årsverk for fysioterapeutar med driftsavtale, fordelt på sju fysioterapeutar.

Tenesteområdet har også ansvar for om lag 90 støttekontaktar og knapt 10 private avlastar.

Avdelingar:

Helsestasjon herunder kommunepsykolog

Fysio, ergo, friskliv

Vertskommuneansvar for felles Nav Ørsta Volda

Tenester utan avdelingsleiar: (som vert leia av tenesteleiar)

Tildeling og koordinering

Fastlegeordninga inkl. legevakt

Vertskommuneavtalar med andre kommunar: Barnevern (Volda vertskommune) , Barnevernsvakt (Ålesund vertskommune) , Interkommunal legevakt (Søre Sunnmøre legevakt) - legevakt utanom ordinær opningstid (Volda vertskommune) .

Bu og habilitering

Tenesteområdet består av to avdelingar med til saman 56,45. Dette etter å ha fått overført 5,26 årsverk frå heimetenestene frå 01.01.24. Bu og habilitering gir i korte trekk tenester til personar med funksjons variasjonar alt frå avlasting til praktisk bistand.

Heimeteneste

Tenesteområdet heimetenestene består av 4 avdelingar med til saman 101,76 årsverk. Det er avdelingane heimeteneste aust og vest, bufellesskapet på BakkOla-marka og teneste for psykisk helse og rus. Tenesteområdet omfattar ambulerande teneste, demenskoordinator, kreftkoordinator, kvardagsrehabilitering , BPA, småjobbsentralen, møteplassen, rustenesta, FAST - team,

Tenesteområdet yter tenester til innbyggjarar i eigen heim. I eigen heim blir nytta om innbyggjar som bur heime, i eigen bustad eller leigd bustad. Det omfattar også dei som leiger omsorgsbustad.

Omsorg og sjukeheim

Tenesteområdet består av 3 sjukeheimar med tilsaman 175,78 årsverk og gir tenester til bebuarar i;

- **Sjukeheim;** personar med omfattande medisinske behov som krev kontinuerleg tilsyn og behandling frå helsepersonell, og der det også blir gitt pleie og behandling på høgt nivå.

- **Bufellesskap/omsorgsbustad med heildøgn omsorg;** personar med særskilt behov for tilrettelegging og stort omsorg behov gjennom døgnet, men som ikkje har behov for kontinuerleg medisinsk behandling

- **Heimebasert omsorg;** tenester som blir gitt i brukarens heim for å støtte dei i dagleglivet for å fremje sjølvstende og livskvalitet.

I tillegg har tenesteområdet kortidsavdeling som tek imot utskrivingsklare pasientar frå helseføretaket samt øyeblikkeleg hjelp pasientar frå heimane og etter søknad.

Ørstaheimen; 3 somatiske langtidsavdelingar, ei skjerma demens avdeling og ei kortidsavdeling. Totalt 78 rom.

- Felleskjøkken
- Fellesvaskeri
- Fellesavdeling
- Dagavdeling for demente.

Vartdal Helsetun; ei sjukeheimsavdeling (9 rom) og bufellesskap tilknytt heildøgns omsorg (18 rom).

- Heimebasert omsorg
- Kjøkken

Hjørundfjordheimen; ei sjukeheimsavdeling (12 rom) og bufellesskap tilknytt heildøgns omsorg (18 rom)

- Heimebasert omsorg
- Kjøkken

Tenester utan avdelingsleiar: (som vert leia av tenesteleiar)

- Fellesvaskeriet
- Fellsavdelinga Ørstaheimen

Vi gjorde ei lita organisasjonsendring i 2024, slik at fagavdelinga for menneske med demens no er organisert saman med Bakketun, langtidsavdelinga.

Overordna mål

Overordna mål

Å gjere prioriteringar slik at vi kan skape eit godt, rettferdig og likeverdig helse- og omsorgstilbod til befolkninga. Prioriteringsprinsippa nytte, ressurs og alvorligheit bidreg til at ressursane vert brukt på dei som treng dei mest og der dei gir størst nytte.

Å sikre god kvalitet og betre flyt i tenestene med brukarane i sentrum. Dette skal oppnåast gjennom ein årsturnus med betre helge dekning, målretta rekruttering, og styrka samarbeid på tvers av tenestemråda og andre kommunalområder samt auka samarbeid med frivillige.

Utfordringane i helse, kan ikkje løysast av helse aleine, men er eit samfunns oppdrag.

Helse, omsorg og velferd i Ørsta har jobba for å skape kultur for omstilling, at det skal vere ein måte å tenke å jobbe på framover.

Med bakgrunn i fleire år med tenestetilbod høgare enn økonomisk rammer tillet, er det naudsynt å gjere store endringar.

Med bakgrunn i folketalsutviklinga, er det også naudsynt å ta grep no, slik at vi kan ha berekraftige tenester i framtida.

Kun på den måten kan dei som treng det mest, få tenester.

Vi har **heilskapleg innsatstrapp** som strategi, det betyr at vi må styrke innsatsen på dei lavast stega, slik at fleire klarer seg sjølv lengre.

Utvalde resultat

Utvalde resultat

Resultatet viser at effekten av tenesteretta bemanning har starta å gi resultat.

Det er fleire i faste stillingar, og mindre bruk av vikarar. I heimetenesta har vi feks ikkje nytta innleigebyrå sidan 1. sept-24.

Vi har hadde problem med å rekruttere ferievikarar, og sjukepleiarar. I tillegg har vi hatt utfordring i bu og habilitering i høve å bemanne opp einskildtiltak. Det betyr at bruken av innleigebyrå (der målet er null), var like stor som i 2023.

Det at vi har jobba med oppgåvekartlegging (kven gjer kva av dei ulike fagkunnskapar) og fått fram årsturnus, gjer at vi sakte men sikkert får meir kontroll over lønnskostnadene. Pga årsturnus, har vi no kunne opprette faste stillingar som går i årsturnus, slik at situasjonen i høve vikarbruk vil verte endra i 2025.

Sjukefråværet samla sett i 2024 var på 11,7, altså 1 % høgare enn 2023.

Med bakgrunn i stort omstillingsarbeid som innføring av årsturnus, som i realiteten er organisasjons og kulturendring, må det forventast ei endring i fråværet i ei omstillingsperiode.

Prioriteringane til helse, omsorg og velferd var dette i 2024 og har vore kommunisert politiske sidan feb-24 i økonomirapportar.



Våre prioriteringar 2024

1. Å halde budsjetttramma
2. Å varsle via politiske saker ved avvik økonomisk ramme
3. Heiltidskultur
4. Årsplanlegging heile kommunen, vårt kommunalområde
5. Samordna samarbeid mellom dei tre kommunalområda og stab støtte
6. Prosjekt Årsturnus, med oppstart 1. des
7. Dynamon forenklar og effektiviserer utarbeiding av turnus ved bruk av kunstig intelligens.
8. Oppgåvedeling heile kommunen, vårt kommunalområde
9. Heilskaplege Innsatsstrappa, fram politisk før sommaren
10. Kvalitetsstandard, fram politisk etter påske
11. Demensplanen innan 2024
12. Implementering BTI (betre tverrfagleg innsats for born og unge)
13. Ørstaheimen, framtidig bruk sak innan 2024

Sometimes all you need is a full tank of gas, good friends, and good music to make memories that last a lifetime.



12

Å halde budsjetttramma

Vi har hatt ein krevjande økonomi, og sette i 2024 gong fleire tiltak for å klare å snu drifta til ei berekraftig framtid. Å halde budsjetttramma har dermed vore eit felles arbeid i fjoråret. Kommunalsjefen har leiarmøte kvar veke, der økonomi er på agendaen. Tenesteleiane har møte med avdelingsleiarar og fellesmøte med avdelingsleiarar, der økonomi er på agendaen. HOV har møte med hovedtillitsvalde og hovudverneombod kvar sjetste veke der økonomi er på agendaen. Og i kommunalsjefen LAG mail er økonomi fast tema. Vi hadde fram to einskildsaker politisk der vi såg vi ikkje klarde å halde ramma.

Årsturnus

Heiltidskultur er ein del av arbeidsgivarstrategien i Ørsta kommune, og skal prege alt vi gjer både politisk og administrativt.

Strategi for heltidskultur vart vedteken av Kommunestyret i mai. Ørsta kommune har ikkje ved tilbod av større stillingar i døgnavdelingane tatt nok høgde for at da må tilsette også jobbe helg. Så å ha nok folk på helga, var ein årsaka til at vi fekk fram Ørsta sin første årsturnus 2. desember for 11 av 13 døgnavdelingar. Dei siste to skal fram i år.

TØRN - nasjonalt nettverk for å sikre effektive, økonomisk berekraftige tenester. Vi kom med i det nasjonale nettverket i januar, og prosjektperioden var ferdig i april-25. Ein av dei største gevinstane for kommunalområdet er at prosessen har bidrege til å auke evna til omstilling i organisasjonen, ein

kompetanse som vil vere verdifull i alt endring – og omstillingsarbeid. Utarbeiding av årsturnus og realisere gevinstar i årsturnus held fram som eit kontinuerleg forbetringsarbeid der erfaringar og læring frå prosjektperioden har gjort oss betre rusta vidare.

Kvalitetsstandard

Ørsta kommune fekk sin første kvalitetsstandard vedtatt før jul i fjor. Når behova aukar, og personar i arbeidsdyktig alder går ned, er vi nøydd til å omstille oss. Å sjå på nivået for tildelinga av tenester og vasking (gjennomgong av alle vedtak) har vore ein del av denne jobben i 2024 Dette vil iallfall i ei periode medføre fleire avslag, pga strengare, men lovheimla prioritering. Aktuelle brukarar vil i større grad verte utfordra til sjølve å finne løysingar på ulike behov.

Tabellen under viser at talet på brukarar med tenester har auka med 260 personar berre på 4 år. Talet på kor mykje tenester den einskilde får har auka omlag tilsvarande.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Brukarar med tenester	773	768	812	862	846	827	877	894	948	1019	1100	1154
Tal tenester	1852	1882	2127	2107	2208	2135	2183	2241	2210	2287	2297	2557

Kjelde KOSTRA/SSB

Timetal tildelte tenester/tal brukarar

Denne tabellen viser at tal på tildelte timar praktisk bistand går ned, medan tal både på brukarar og timar i heimetenesta har auka med over 2000 i løpet av fire år.

	2021	2022	2023	2024
Praktisk bistand, daglege gjeremål (heimhjelp) tal brukarar	279	273	274	258
Praktisk bistand,daglege gjeremål (heimhjelp), timetal	14539	14168	13288	12 085
Brukarstyrt personleg assistanse, tal brukarar	12	:	15	10
Brukarstyrt personleg assistanse, timetal	22630	23706	26898	28564
Praktisk bistand opplæring, tal brukarar	:	:	35	30
Praktisk bistand opplæring, timetal	47937	47666	47258	42719
Heimesjukepleie/helsetenester i heimen, tal brukarar	746	815	900	943
Heimesjukepleie/helsetenester i heimen, timetal år	104004	103857	122558	122274
Gjennomsnittleg antal tildelte timar i veka, totalt*	4,10	3,90	4,30	7,30
Gjennomsnittleg antal tildelte timar i veka,* heimetenestebukarar 0-66 år	12,4	11,40	10,60	10,0

Gjennomsnittleg antal tildelte timar i veka,* heimetenestebukarar 67 år og eldre	3,70	3,60	4,00	3,90
---	------	------	------	------

: =vert ikkje vist av SSB pga konfidensialitetshensyn

*heimetenester består av praktisk bistand daglege gjeremål (heimehjelp), praktisk bistand opplæring, praktisk bistand BPA og helsetenester i heimen(heimesjukepleie)

Det har vore gjennomført heile 4 tilsyn i kommunalområdet i 2024.

Arbeidstilsynet har hatt eit tilsyn med ressurskrevjande teneste/tiltak., og eit med bruk/handtering av medisindispensarar i kommunen.

Statsforvaltaren har hatt 2 tilsyn, eit av heimetenesta og eit av Ørstaheimen.

Vi fekk godkjent scor på alle tilsyn, men fekk ting å forbetre innan rutine og bruk av Compilo.

Viktige hendingar

Viktige hendingar i 2024:

Den viktigaste hendinga i 2024, var at vi fekk rulla ut Ørsta sin første årsturnus 2. desember, for 11 av 13 døgnavdelingar.

Proessen har vore omfattande både når det gjeld endring og kor mange som har vore involverte. Ved å bruke metodikken tenesteretta bemanningsplanlegging og prosesstøtte frå Tørn (vi vart medlem i KS sitt nasjonale TØRN-prosjekt som er eit forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer i helse –og omsorgstenestene).til å innføre årsturnus i 11 av 13 avdelingar. Tenesteområda har fått god innsikt i drift gjennom oppgåveplanlegging, kartlegging av ansattbeholdning og bruk av kompetansen vi har. Det er utarbeidd retningslinjer, rutiner og malar som større grad sikrar system og struktur.

Ein av dei største gevinstane for kommunalområdet er at prosessen har bidrege til å auke evna til omstilling i organisasjonen, ein kompetanse som vil vere verdifull i alt endring – og omstillingsarbeid. Utarbeiding av årsturnus og realisere gevinstar i årsturnus held fram som eit kontinuerleg forbetringsarbeid der erfaringar og læring frå prosjektperioden har gjort oss betre rusta vidare.

Vi fekk tildelt prosjektmidlar av Statsforvaltar til årsturnus/TØRN, og utan dei hadde ikkje vi kunne hatt så stor medverknad frå tilsette.

Heiltidskulturkonferansen

Dette vart ei stor hending, der Ørsta kommune fekk markert seg framoverlent i høve heiltidskultur og årsturnus. HOV var arrangør saman med KLP, og alle kommunane i M og R var invitert. Det var 120 deltakarar, og både eigne krefter og eksterne deltok.

Samarbeid med flyktningkontoret og NAV, oppstart hausten -24: mentor språkpraksis 13 flyktningar

Flyktningane har hatt mentorar frå fleire av våre avdelingar, og målet er å få dei først tilsett som ferievikarar, til utdanning og så som tilsette.

Trivsels medarbeidarane (ungdom 15–18 år) som vi tilsette for første gong sommaren 2024 har vist seg å vere ein suksess i arbeidet med å auke trivselen til bebuarane.

Vi har også hatt eit godt samarbeid med vidaregåande skule om utplassering av 1. års elevar frå grunnkurs i avdelingane.

Satsinga på lærlingar held fram, både gjennom fagbrev på jobb og i samarbeid med vidaregåande skule for å sikre rekruttering og kompetanseheving.

Psykisk helse born og unge/BTI

Kommunalområdet oppvekst og helse har etablert eit overordna leiarnettverk for psykisk helse born og unge. I tillegg har vi med kommuneoverlege, barnevernsleiar, NAV leiar og PPT leiar. Betre tverrfagleg innsats (BTI) er også eit felles innsatsområde for kommunen. Vi fekk eksterne midlar til å arbeide med dei som ikkje opplever skulen som ein rett arena for seg.

Koordinator/barnekoordinator

“Kommunene skal tilby koordinator til pasienter og brukere med behov for langvarige og koordinerte tjenester. Koordinatoren skal sørge for nødvendig oppfølging av den enkelte pasient eller bruker, samt sikre samordning av tjenestetilbudet og fremdrift i arbeidet med individuell plan. Fra august 2022 ble ny rett til barnekoordinator innført. Barnekoordinator tildeles familien, men det er barnets behov som utløser retten. Retten til koordinator eller barnekoordinator gjelder selv om man takker nei til individuell plan.” Familier som har eller venter barn med alvorlig sykdom, skade eller nedsatt funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og sammensatte eller koordinerte helse- og omsorgstjenester og andre velferdstjenester, har rett til barnekoordinator etter [pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5 c.](#) (Kilde Helsedirektoratet).

Dette vart det jobba mykje med i fjor, for å klargjere (også som ein del av arbeidet med kvalitetstandard). Vi har ikkje midlar til ei stilling som barnekoordinator, så vi har valt å gjere det til ein funksjon som fleire enn ein person har. I lønsforhandlingane 2024 vart det avsett midlar til funksjonstillegg til koordinatorar som ein del av potten.

Velferdsteknologi som medisindispenser, roommate, døralarmar gjer det mogleg at fleire kan få hjelp utan at tilsette må fysisk vere tilstades. Ein reduserer dermed behovet for personalressurs med varsling digitalt. Vi er berre i starten for dette arbeidet og veit at vi framover må flytte ressurs til oppfølging av teknologiske løysingar som også kan vere med å unngå behov for auke av tenesteytarar.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2023	2024	2024		
Sum	365 573	400 264	375 939	-24 325	-6,5 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for 2024 ser i skrivande stund til å vere eit meirforbruk på 22 mill.

I 2023 hadde resultatet eit meirforbruk på 32 mill.

Vi varsla eit mulig meirforbruk på 21 mill i 1.tertial 2024(prognosen)

Det vart bokført ei avsetning på 7,2 mill 4.mars, som er knytta til ei uavklart ressurskrevjande sak.

Avsetninga vert i mai truleg auka til 8,1 mill.

Utan den, hadde meirforbruket vore 13,9 mill.

I 2024 fekk vi for første gong fekk vi vedtatt budsjett etter tenesteretta bemanning. Dvs budsjettet for reelle behov, ikkje historiske behov for tenester.

Årsresultatet for Helse, omsorg og velferd fordeler seg slik mellom tenesteområda:

Område 40 - felles- fekk eit mindreforbruk på omlag kr. 1,6 mill,- Vi valte og ikkje fordele dei 6 mill ut på tenestene, som vi ikkje klarde å kome i budsjettbalanse på, ved opp-start 2024. Dei vart lagt på fellesområdet. Det har vi også gjort med alle felles lisensar og avgifter. Det var også her løna til kommuneoverlegen låg heile 2024, sjølv om stillinga vart organisert under kommundirektør 1.8.24. Det er med andre ord godt gjort at vi kom ut med eit mindreforbruk her.

Område 41 - felles NAV Ørsta/Volda- fekk eit samla mindreforbruk på kr. 642.000. Dette pga kommunestyret løyse 9 mill ekstra til endra ramme, i nov-24. Regelverket er endra for ukrainske flyktningar. Dei må ha kome seg i løna arbeid etter 6 mnd program(ikkje 2 år som for ordinære flyktningar).Svært få klarer det, og da er sosialhjelp einaste livsopphald løysinga.

Område 42 - helse, tildeling og koordinering - eit mindreforbruk på omlag kr. 405.000 kroner som hovudsakleg skriv seg frå ei meir inntekt på LIS 1 legar.Helsestasjonen har i 2024 jobba med å sjå på intern organisering for å nytte kompetansen best mogleg og m.t.p. implementering av BTI

Område 43 - bu og habilitering - enda med eit meirforbruk på 11,9 mill kroner. Dette skriv seg hovudsakleg frå utstrakt bruk av vikarar, da dei er ei krevjande teneste som i 2024 hadde stort fråvere av faste tilsette. Dette vert annleis i 2025 pga årsturnus. Det vert jobba med leiing, arbeidsmiljø og arbeidsnærver i tenesta, og vi ser på andre måtar vi kan organisere den på.

Område 44 - heimetenester - enda med eit mindreforbruk på 3,6 mill kroner. Heimetenesta har jobba særskilt aktivt med oppgåvedeling og omstilling, og resultatet framkjøm ved årsresultatet. Så langt i 2025 viser det same trend.

Område 45 - omsorg og sjukeheim - enda med eit meirforbruk på 11,3 mill kroner. Til liks med bu og habilitering har det dessverre vore naudsynt med utstrakt bruk av vikar-bruk, mest pga det ikkje vart tilsett i 5 sjukepleiarstillingar(varsla i tertialrapportar).Tenesteområdet merkar stor auke i komplekse diagnosetilstandar som krev høg kompetanse og tett oppfølging og ofte med ekstra innleige av personell.

Tenesteområdet har jobba mykje med oppgåvedeling, og har dermed feks kunne tilsett trivselsmedarbeidarar, som gjer at fagkompetansen vert nytta der den trengs i større grad.

Vi har for høg pleiefaktor, og omstillingstiltak vedtatt for 2025, viser allereie positive resultat på reknskapet i 2025.

Oppsummering tiltak

Årsmelding 2024

Det var gjort ei rekkje omstillingstiltak for å halde budsjettet i 2024. Vi meldte inn to politiske saker der vi såg vi ikkje klarte å halde ramma. Den eine omhandla hjelpemiddelformidling og den andre sosialhjelp flyktningar. Den første vart ikkje tilrådd, og den andre vart vedtatt tilført 9 mill til ramma. Den største utgiftsposten i kommunalområdet er løn, og løns og prisvekst påverkar resultatet.

Dei viktigaste omstillingstiltaka vi gjorde i 2024 var oppgåvedeling, årsturnus og kvalitetstandard.

Dei vert nærare omtale under resultat,


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	327 876	354 312	336 704	-17 608	-5,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	35 229	41 949	17 908	-24 041	-134,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	70 376	75 444	71 576	-3 868	-5,4 %
Overføringsutgifter	37 980	51 833	21 568	-30 265	-140,3 %
Finansutgifter	2 684	1 347	261	-1 086	-416,1 %
Sum Driftsutgifter	474 146	524 885	448 017	-76 868	-17,2 %
Salgsinntekter	-28 289	-31 752	-26 593	5 159	-19,4 %
Refusjoner	-78 128	-88 861	-45 025	43 836	-97,4 %
Overføringsinntekter	-531	-728	0	728	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 625	-3 280	-460	2 820	-613,1 %
Sum Driftsinntekter	-108 573	-124 621	-72 078	52 543	-72,9 %
Netto resultat	365 573	400 264	375 939	-24 325	-6,5 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Teknisk, eigedom og landbruk

Beskriving av tenesteområde

Kommunalområde Teknisk, eigedom og landbruk omfattar tenesteområda: plan, byggjesak og oppmåling, brann og redning, teknisk eigedom og drift og landbrukskontoret. I tillegg er det nokre stillingar samla hos kommunalsjefen, der mellom anna prosjektleiarar, eigedomsskattekontor, beredskapskoordinator og bustadkoordinator er plassert. Tal på tilsette fordeler seg slik:

Teneste	Tal tilsette
Heile kommunalområdet	145

Felles eining - kommunalsjefen	7
plan, byggjesak og oppmåling	10
Brann og redning	44
Teknisk eigedom og drift	78
Landbrukskontoret	6

Ved brann og redning er det 5 heile stillingar. Resten er relativt små stillingar som brannmannskap. Talet på årsverk er 95.

Overordna mål for kommunalområdet

Innbyggjarar og næringsliv har store forventningar til at vi skal levere på alle ansvarsområda som ligg til kommunalområdet. Skal vi klare det må både menneskelege og økonomiske ressursar samsvare med mål og oppgåver:

- Oppdatert og relevant planverk. Samfunnsplan, arealdel og planstrategi må sjåast i samanheng for å få utvikling i heile kommunen og skape gode tettstadar, bumiljø og oppvekstmiljø
- Prioriteringar i planverk må henge saman med prioriteringar i investeringsplan og budsjett, lokalpolitiske føringar og nasjonale føringar
- Berekraftig forvaltning, med vekt på klima og miljøomsyn, utvikling og lik og føreseieleg handsaming
- Kommunale vegar skal ha fast dekke. Ørsta kommune må redusere talet på kilometer kommunal veg som ikkje er asfaltert
- Vedlikehald av kommunale vegar. Prioritere god standard på dei vegane som er og skal vere kommunale
- Vere ein trafikks trygg kommune
- Vidare utvikling av vatn og avløps- området for å levere gode tenester. Søkje samarbeid utover eigen kommune
- Planar for utvikling av Ørsta og Sæbø vassverk – utgreiing av moglegheiter for kraftproduksjon i samband med tiltak på vassverket i Skåla
- Effektiv og god sakshandsaming
- Dialog og samhandling med næringsliv, innbyggjarar og andre interessentar
- Legge til rette for næringsliv og utvikling
- Rett kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre politisk bestilte tiltak og utviklings- og planleggingsoppgåver
- Vidare satsing på digitalisering med mål om betre og meir effektiv tenesteproduksjon
- Legge til rette for landbruksnæringa gjennom strategiarbeid og fokus på berekraft
- Fokus på naturvern i planarbeidet
- Samordning mellom plan for klima, energi og klimatilpassing og kommunen sine strategiske styringsverktøy
- Vere ein god eigedomsforvaltar
- Halde låge avgifter gjennom god planlegging
- God beredskap, som sikrar liv og helse og viktige samfunnsverdiar i heile kommunen

- Gode innkjøpsrutinar som sikrar god ressursbruk og reduserer miljøeffekten av våre investeringar

Næring og utvikling

Nærings- og utviklingssaker, store byggeprosjekt, bustadkoordinator, eigedomsskattekontor, beredskapskoordinator, komtek og gjennomføring av val og andre fellesoppgåver ligg til fellesavdelinga hos kommunalsjefen. I 2024 har vi brukt mykje ressursar på arbeidet med oppfølging av sentrumsplanen og næringssatsing knytt til sentrumsutviklinga og i kommunen elles. Det har vore arbeidd med fleire strategisk viktige saker for kommunen og Ørsta samfunnet. Mellom anna utvidingsplanar for ALTI, kommunale bustadområde, samferdsle saker og andre nærings- og bustadprosjekt. Ny vidaregåande skule og kulturhus har kravd mykje av kapasiteten. Det er lagt stor vekt på bygge sterke relasjonar og få til samarbeidsløysingar med fylkeskommunen, valde entreprenørar og private aktørar. Dette er noko vi i stor grad opplever å ha lykkast med. I løpet av året har vi kome langt med å legge til rette for konkrete prosjekt, som vil ha stor betydning for samfunnsutviklinga. Utviklingsarbeidet må få høg prioritet også dei komande åra. Ørsta kommune sitt samarbeid med Gode Vegar i samferdslespørsmål har vore nyttig. Særleg har dette vist seg i arbeidet med strategisk viktige saker som ny løysing for flyplasskrysset og saker som gjeld statlege og regionale investeringar på vegnettet i Ørsta.

Bustadsosiale prosjekt og tiltak i 2024:

- Bustadsosial handlingsplan 2024 – 2031, politisk vedtak september 2024
- Oppstart av arbeid med eigedomsstrategi og vedlikehaldsplan kommunal bygningsmasse, haust 2024
- Leve heile livet i eigen bustad, prosjekt avslutta 2023, men hatt foredrag for Husbanken og lokale lag / organisasjonar om temaet
- Deltaking i KS sitt uu-nettverk
- Kontaktperson ØK for Aldersvennlig Norge
- Finansiering av prosjektet «Fleksibelt bustadkonsept til flyktningar»

6005 – Eigedomsskattekontoret

Eigedomsskattekontoret sine hovudoppgåver er å:

- Skrive ut eigedomsskatt i samsvar med eigedomsskattelova, retningslinjer og vedtak
- Halde oversikt over, og syte for skattlegging av nye og endra skatteobjekt pr. 1. januar
- Legge ut oppdaterte skattelister og sende ut skattesetlar
- Ha rutine for å fange opp endring av skatteobjekt, og taksering av nye skatteobjekt
- Oppdatere forsystem og gjere klart grunnlag for fakturering av eigedomsskatt
- Vere sekretariat for sakkunnig takstnemnd og sakkunnig klagenemnd
- Syte for opplæring av medlemmer i ovannemnde nemnder
- Syte for naudsynt grunnlag for vedtak – varsel skattytar, synfare, utarbeide protokoll, ekspedere vedtak
- Ordne godtgjersle for medlemmer i nemndene
- Handsame fritakssøknadar etter § 28, orientere formannskapet om desse ein gong i året

Årsmelding 2024

- Saksutgreiing til formannskapet: fritak etter § 28 som ikkje kan handsamast administrativt (går utanfor vedtekne retningslinjer)
- Saksutgreiing til kommunestyret: fritak etter §§ 7 a og b

Fram til september 2024 var det eit relativt normalt driftsår for eigedomsskattekontoret. Frå september 2024 vart kapasiteten sterkt redusert pga. at konsulent for eigedomsskatt gjekk av med pensjon, og oppgåvene vart lagt til ei anna allereie 100 % stilling. Det vart ikkje tilsett ny person for å dekke opp ressursbehovet i 2024.

Promillesatsen var på 2 promillar, noko som gav inntekter på om lag kr 22,6 mill.

Inntektene fordeler seg slik på dei ulike skatteobjekta:

Vare	Inntekt i kr
Eigedomsskatt - Bustad	17 700 691
Eigedomsskatt - Fritidseigedom	596 160
Eigedomsskatt - Næring	1 592 187
Eigedomsskatt - Næring2	2 182 092
Eigedomsskatt - Vasskraftanlegg	518 096
Totalt	22 589 226

Møte i takstnemnda: 4

Møte i sakkunnig klagenemnd: 2

Saker handsama i sakkunnig nemnd: 17

Saker handsama i sakkunnig klagenemnd: 7

Enkeltvedtak i sakkunnig nemnd i samlesaker: 144

Måloppnåing eigedomsskattekontoret

På grunn av innsparingar vart det ikkje gjennomført oppdateringskurs i 2024. Nemndene sine medlemar har fått informasjon gjennom rettleiingar og orienteringar, men burde også fått delta på kurs og opplæring gjennom KS sitt opplæringssystem.

Ressursmangel på området for kommunale eighedsgebyr frå september 2024 førte til redusert gjennomføringsevne for eigheds-skattkontoret. Det vart fokusert på å ta unna saker som allereie var starta opp, og nye skatteobjekt vart dermed til dels liggande utan taksering. Takstgrunnlaget for 2024 vart likevel om lag på same nivå som for 2023, med eit tillegg for kontorjustering på 10 %.

61 – Brann og redning



Mål for 2024:


Overordna: Jobbe målretta på tvers. Fokus på læring og utvikling.

1. **Beredskap:** Fleire med minimumsutdanning, auke øvingskvalitet og effektivisering.
2. **Førebyggjande:** Førebygge brann med dei mest utsette gruppene, samtidig som vi har tiltak retta mot alle aldersgrupper og livssituasjonar. Dette gjennom tilsyn med større bygg, arbeidet med Bjørnis knytt til dei yngre og tiltak retta mot eldre og personar innan rus og psykiatri.
3. **Feiing og tilsyn med fyringsanlegg:** Fokus på å levere teneste som gir god brannførebyggjande effekt og treff målgruppene.


Nøkkeltal beredskap

Tabell 1*Frå og med 2016 er registreringane gjort av 110-sentralen og er dermed meir nøyaktige.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Hendingar Ørsta	72	89	104	109	123	133	111	112	118	106	134



Figur 1 - Kroner pr. innbyggjar på brann- og redningsberedskap – Ørsta oransje søyle



Kart 1 - Hendingar i Ørsta i 2024

Nøkkeltal førebyggjande

Målgruppe	Gjennomføre tiltak
Barnehage	- Bjørnis har besøkt 10 av 10 barnehagar - Bjørnis påskehefte til alle 4-6 åringar - Nokre barnehagar på besøk på brannstasjonen.
Skule	Brannopplæring og sløkkeøving med alle 6.klassingar i kommunen
Innvandrarar	- Brannopplæring og sløkkeøving med vaksenopplæringa - Besøk på brannstasjonen i regi av frivillighetssentralen og flyktningkontoret

Særskildt sårbare bygg/anlegg	• 31 tilsyn med særskilde brannobjekt • 12 synfaringar med særskilde brannobjekt • Eit tilsyn med verksemder med farlege stoff
Særskilde	• Brannopplæring og sløkkeøving med tilsette ved Vartdal Helsetun • Brannopplæring med ulike verksemder • Tilsyn med utsal av fyrverkeri i romjula
Alle	• Informasjonskampanjar via Facebook, heimesida og lokalmedia • Open dag på brannstasjonen • Stand på Alti, Røykvarslardagen • Stand på Alti, Eigenberedskap

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Tal utført:	2021*	2022*	2023*	2024*
Tilsyn i bustadar (ingen heime/avlyst)	86(76)	296(184)	532(402)	569(358)
Feiing av piper (kontroll)	425(436)	787(800)	843(1072)	533(1186)
Informasjon rettleiing		8	13	9
Besøk etter utrykking	2	2	3	2

*Talet er faktisk besøkte og faktisk feia piper. Etter 2021 er tala meir nøyaktig som følgje av nytt fagsystem.

Sivilforsvarslageret:

Etter Sivilbeskyttelsesloven § 13 skal kommunen lagre og vedlikehalde Sivilforsvaret sine materiell. Kostnadar til lagring og vedlikehald av sivilforsvaret sine materiell skal dekkjast av kommunane.

I Ørsta leiger vi lokale i Røde kors- huset i Strandgata og tilsett ein materialforvaltar på 10% stilling. Dette lageret er eit samarbeid mellom Ørsta og Volda, der Ørsta er vertskommune.

Drifta i 2024 har gått som normalt med minimale variasjonar frå åra tidlegare. Har hatt fokus på internkontroll og avvikshandtering.

Oppsummering

Ørsta kommune sin brann og redningsteneste er billig i drift samanlikna med dei fleste andre kommune. Årsaka for dette er knytt til ei minimumsdrift med få driftsressursar, kombinert med at stasjonane Vartdal og Sæbø har låge driftsutgifter. Dette fordi desse to stasjonane berre er enkle garasjar utan grunnleggjande fasilitetar som garderobe, toalett og dusj slik som regelverket krev.

Av KOSTRA tal kjem det fram at drifta til Ørsta er ei av dei lågaste i Møre og Romsdal basert på folketal. Dette til tross for at det er få kommunar med like mange brannstasjonar og brannkonstablar på same areal, folketal og aktivitetsnivå/tal utrykkingar.

Dette betyr også at ein driv ei minimumsdrift som er utfordrande med det veldig breidde spekteret av hendingar og den kompetansen det krev. For å ivareta kompetansen med dei få øvingstimane vi har pr. brannkonstabel har vi jobba med å auke kvaliteten på øvingane. Dette betyr at øvingstimane må vere gode og effektive for å komme gjennom alt i løpet av ei viss periode for at kompetansen ikkje skal forsvinne.

Dei førebyggjandeoppgåver ein utfører er etter kvar behova er. Ein utfører for kvart tiltak risikovurderingar ut frå hendingstatistikk, nasjonale føringar og vurderingar ein gjer i det førebyggjande arbeidet for å sikre at ein legg inn ressursane der det vil gi størst effekt. Dette gjeld alt førebyggjande arbeid også arbeidet knytt til fyringsanlegg i bustadar/fritidsbustadar.

For feiing og tilsyn med fyringsanlegg har no eit differensiert gebyr som gjer at dei som har mange avvik på fyringsanlegget, mykje sot eller andre risikomoment knytt til vil få oftare tilsyn og feiing og dermed eit høgare årsgebyr. Dette for å gjere gebyret meir rettferdig og samtidig som det kan verke som ei oppmoding om å fyre rett og rette brannfarlege avvik med fyringsanlegget.

Jamt over har det vore eit godt år med høgt aktivitetsnivå på førebyggjande og eit normal år for tal hendingar med låg del unødige alarmer. Vi kjenner på det stadig aukande bredda i oppdragstypar og kompetansen ein brannkonstabel må ha. For å nemne noko var brannkonstablane i Ørsta i 2024 ute på båtulykke, oppsamling av olje forureining, trafikkulukker, personar i vatn, hjertestansar, eksplosjonar, bygningsbrannar, søk etter sakna, dyreoppdrag, med meir.

62/63 – Teknisk drift og eigedom

Året 2024 har vore prega av omstilling og arbeid med å bygge ny organisasjon. Det har gjort krav på ressursar og naudsynt fokus på arbeidsmiljø. Den generelle budsjettsituasjonen vart forverra, sjølv om det var stor fokus på minimumsdrift og hard prioritering. Situasjonen generelt gir ingen økonomisk buffer mot akutte kostnader og risiko for overskriding av budsjett er høg.

Grunna økonomi mista avdelinga to stillingar i løpet av året, som eit sparetiltak; prosjektleiar på eigedom og fagarbeidar på veg. Det vil få konsekvens for gjennomføringsevne og vi vil ikkje kunne levere på alle politiske bestillingar til rett tid.

6200-6260 – avdeling Kommunalteknikk



Det bør vere ein samanheng mellom kva driftsoppgåver som skal utførast og ressursar. For å sikre at vi har realistiske mål må vi gjere nokre val sett i eit langsiktig perspektiv. Vi må enten redusere oppgåver og drift eller tilføre ressursar. I tillegg må vi prioritere å investere i driftsreducerande tiltak.

Kommunalteknikk si drift er prega av for lite driftsmidlar og personell, og dette vil medføre at etterslepet vil auke. Kommunalteknikk burde ha vore styrka med tre stillingar, slik vi varsla for 2023, men fasit for 2024 er at ein fagarbeidar på veg er vakant som følgje av den økonomiske realiteten. Det har også vore høgt sjukefråvær gjennom heile året, noko som gir auka slitasje på dei som er i arbeid. Fagleg skikka vikar vert normalt ikkje brukt då dei ikkje er tilgjengeleg. Standarden på kommunal veg vil med slik ytterlegare nedover.

KOSTRA-tala syner at kommunen har relativt mange kilometer veg per innbyggjar. Men vi har vesentleg lågare utgifter per kilometer veg enn samanliknbare kommunar. Det er ein indikasjon på at vegvedlikehaldet er for dårleg for sikre god vegstandard. Dette er dårleg trafikkisikring for ein kommune som har ambisjon om å verte trafikkisikker kommune. Det er derfor naudsynt å legge ned ein god del kommunal veg i åra som kjem, slik at dei vegane kommunen har ansvar for er tilpassa den økonomiske realiteten.

På den positive sida har overføring av gatelys vore gjennomført både på E39 og fylkesveg 655, og dette vil redusere noko av presset på vegbudsjettet til kommunen.

Dei kommunale vassverka, Barstadvik, Dalelina, Sæbø og Vikegeila, leverer eit godt produkt til abonnentane. Avløpsanlegga driftast godt og det kan dokumenterast gjennom prøvetaking at kommunen klarer dei reinsekrav som er gjeldande.

Nokre prosjekt gjennomført i 2024:

- Oppgradering RA4 Grøthaugen minireinseanlegg
- Ny feiemaskin for reine gater
- Uteområdet Velle skule inkludert ny drop sone for elevar til skulen
- Bygging av 1150m gang-/sykkelveg for fylkeskommunen langs FV 655, nytt vass- og avløpsanlegg for kommunen i same trase
- Overføring av anlegg for gatelys FV 655 til Møre og Romsdal fylkeskommune, frå krysset Vatnevegen/Åmdalen til rundkøyring E39.
- Gatelysanlegg Vartdal skule og barnehage (Myrane)

6340 – avdeling Eigedom

Vi har gjennomført ein heil del oppgradering/renoveringar av både bustadar og føremålsbygg, også i 2024. Bakgrunnen for at vi har klart dette er investeringsmidlar som er har vore øymerka oppgradering av kommunale bygg og tilsette med rett kompetanse. Ein del støttetenester, til dømes tømrrar, er gjennomførte med hjelp av leigd arbeidskraft. Prosjektstyringa er gjennomført med egne ressursar.

Det som vert nedprioritert er utvendig maling grunna budsjett, som vil over tid gi auka behov for vedlikehald. Vi ser også ein viss auke i kostnader knytt til serviceavtalar og reparasjonar. Grunnen til det er at vi har mykje gamalt utstyr, som krev reparasjonar, og at nye lovkrav til sertifisert tilsyn/service fordyrar drifta noko. Generelt er vi i ein driftssituasjon med låge driftspostar samstundes som at den samla bygningsmassen har auka.

Nokre prosjekt gjennomført i 2024:

- Hovden skule øvrebygget – nye vindu, isolering og fasade
- Hovden skule uteområdet
- Totalrenovering av 5 kommunale bustader
- Hjørundfjordheimen – ombygging av utleigebustad - 4 til 2 einingar

6360 – avdeling Reinhald

Drifta er prega av utfordringar med å skaffe ressursar til rett tid. Vi har for få personar som steppe inn som vikar på kort varsel. Tross det har vi stort sett klart å levere god tenesteproduksjon, sjølv om det sporadisk har vore redusert standard grunna personalmangel.

Vi arbeidar aktivt med å redusere sjukefråvær. Vi har prioritert gode arbeidssko for å redusere slitasje på skjelett og muskel, som er ein stor årsak til fråvær hos reinhaldarane. Alle får dessutan tilbod om yrkesvaksining. Vårt mål er at vi kan redusere fråværet med gode tiltak for å redusere belastning og gode tiltak på det psykososiale arbeidsmiljøet.

Som eit driftssparande tiltak har vi sett på organiseringa av avfallshandtering på kontorbygg. Det vil redusere resursbruk samt støtte miljøkrav. Erfaringa så langt er gode og vi søker å rulle dette ut for fleire bygg. Vi har også jobba med plan for differensiert reinhald etter vurdering av behov og aktivitet på respektive areal. På sikt vil dette redusere ressursbruken, samtidig som opplevd kvalitet ikkje vært råka.

Aktivitet generelt følger årshjulet for reinhaldsdrift.

64 – Plan, byggesak og oppmåling

Personalressursar:

Året 2024 har fortsatt vore prega av endringar i organisasjonen etter den gjennomførte OU-prosessen. Avdelinga har hatt fokus på kompetanseutvikling og vi har hatt noko utskifting, spesielt på byggesaksområdet. Avdelinga har ved utgangen av 2024 ei vakant planleggarstilling.

Ved nytilsetting og rollebyte treng ein tid å kome inn i rollene. Bygging av kompetanse og opplæring har vore høgt prioritert med parallelt fokus på arbeidsmiljø og kultur.

Situasjonen med nye folk i nye roller på avdelinga gjer at arbeidsbelastninga på einskilde er stor. Men dei tilsette på avdelinga er ein positiv gjeng som brettar opp armene når det trengst og yter sitt beste og strekker seg langt for å kome i mål med arbeidsoppgåvene med god kvalitet til rett tid.

Mål:

Gjennom god planlegging skal vi legge til rette for ein heilskapleg og berekraftig areal- og ressursbruk som er til størst mogleg nytte for den enkelte og for dei samla samfunnsinteressene. Å følgje opp dei målsetjingar kommunestyret har fastsett, samstundes som nasjonale mål og forventningar til utviklinga i kommunane vert ivaretekne.

Avdelinga har som målsetjing å handsame og fatte vedtak så raskt som mogleg.

Vi skal ha lik, føreseieleg og rettviss handsaming, gjennom god forvaltning av lovverk og samordning med andre sektorar/aktørar nasjonalt, regionalt og kommunalt.

Gjennom god dialog og mål om å skape felles administrativ og politisk forståing i møte med næringsliv, innbyggjarar og andre interessentar, vil ein vere føreseieleg og nå samfunnet sine mål om fornuftig ressursbruk gjennom bruk og vern.

Vidareutvikling av kartprogram i samarbeid mellom ulike fagområde.

Fagområde plan og miljø

Plan sine oppgåver heng tett saman med den totale samfunnsutviklinga i kommunen. Prioriteringane bygg i hovudsak på vedteken planstrategi, men det har også kome til mange oppgåver i tillegg til dei prioriterte oppgåvene i planstrategien.

Arbeid med rullering av både kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er i gang. Målsettinga er at samfunnsdelen skal vedtakast i 2025 og arealdelen i 2026. Dette arbeidet vil også krevje mykje av ressursane på fagområdet i 2025 og 2026.

Fremre Mo har også i 2023 vore eitt av dei mest tid- og ressurskrevande reguleringsprosjekta, og del 1 vart vedtatt i 2024. Arbeidet med områdeplan for Legene har kosta mykje, både i tid og pengar. Denne planen var klar til vedtak men kommunestyret vedtok å ikkje eigengodkjenne denne.

Samspel og samarbeid på tvers i organisasjonen, både innanfor og utanfor eigen seksjon, har vore vektlagt.

Planarbeid og prosjekt som har vore jobba med i 2024:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunal planstrategi
- Jordvernstrategi
- Klimaplan og klimabudsjett
- Oppfølging av tettstadsprosjektet og Ørsta sentrum
- Utformingsplan for Ørsta sentrum
- Områdeplan for bustadfelt på Legene
- Reguleringsplan Fremre Mo
- Gudehovet på Ose
- Bustadfelt Barstadvika
- Storelva i Barstadvik, fått tilskot til gjennomføring av miljøprosjekt, prosjektert og starta med gjennomføring
- Bondselva, søkt om midlar til restaurering av elveførebygging
- Diverse andre saker knytt til flaum og elveførebygging
- Reguleringsarbeid i samarbeid med Statens vegvesen (t.d. gangveggar)
- Diverse private reguleringsplanar for masseuttak, bustadfelt, bustad- og næringsbygg i Ørsta sentrum, hyttefelt m.v.
- Handsaming av dispensasjonssøknader
- Oppdrettsanlegg
- Handsaming av søknader om motorferdsle i utmark og landingsløype for helikopter
- Forureiningssaker
- Kartlegging og verdisetting av friluftsområde, merkemal, friluftslivets ferdselsårar
- Vidareutvikling av kartprogram
- Og meir.....

Fagområde byggesak

Byggesak har sett det naudsynt å skjerme einskilde sakshandsamarar for å halde handsamingsfristar, og gje best mogleg teneste til publikum.

Med nokre få unntak er mottekne søknader handsama innanfor fristane som gjeld for kommunen si handsamingstid. Vidare har det vore noko redusert kapasitet til å utføre arbeidsoppgåver knytt til ajourføring av kart/geodata, dispensasjonsregistrering i «arealplaner.no» og oppfølging av ulovlege tiltak. Dette skuldast lite ressursar og perioder med avgrensa kompetanse. Det tek tid å bygge kompetanse for nyttilsette. Det er sårbart når ein er få personar på eit fagfelt, og det har vore sjukefråvær i 2024 som har gjort det ekstra krevande å kome i mål innan frist med alle saker. Som ein konsekvens av dette vart det i ei periode leigde vi inn hjelp frå Herøy Kommune. Siste halvdel av året vart det betra sakshandsamarkapasitet.

Grunna den til tider reduserte kapasiteten har vi ikkje kunne brukt mykje ressursar på ulovlegheitsoppfølging og tilsynssaker. Vi har følgd opp berre det som var naudsynte. Desse sakene tek mykje tid og krev prioritering av ressursar internt i avdelinga. I tillegg er det ofte naudsynt med betydeleg grad av juridisk kompetanse.

Andre oppgåver som har fokus er knytt til matrikkel, oppfølging av e-torget, arkiv, opplæring/kompetanse, aktiv deltaking i byggesaksforum i Sjustjerna.

Sjølvkostområdet (6420, funksjon 302):

Gebyrinntektene for 2024 vart om lag 1,35 mill. kr. Budsjettert inntekt var kr. 2,08 mill. kr.

Detaljerte tal for fagområdet finnast tilgjengeleg i KOSTRA- rapporteringa for 2024.

Fagområde oppmåling

Det er matrikkelført og tinglyst 30 nye eigedomar. Det er matrikkelført 3 grensejusteringar og 3 klarleggingar/påvisingar av grenser, i tillegg til 3 seksjoneringar. Det er også tinglyst 12 samanslåingar av eigedomar.

Det er gjort ei mindre justering ved samanlikninga i år i høve tidlegare år. Saker som gir gebyrinntekter er dei mest vesentlege og er vist med understrek, totalt 39 saker.

I 2023 vart det tinglyst 37 nye eigedomar og 29 samanslåingar.

I 2022 vart det tinglyst 52 nye eigedomar og 25 samanslåingar.

Ein klar samanheng med mindre inntekter enn forventa, er færre store oppmålingssaker. Nye tomter i hytte- og bustadfelt fører som regel til høgare inntekter i løpet av eit år.

Vi har hatt manglande ressursar på oppmålingsavdelinga frå vår-sumar, då oppmålingsingeniør var ute i permisjon i 15 veker. Dette har ført til overskriding av nokre sakshandsamingsfristar og følgjande reduserte gebyrinntekter. I løpet av året har vi jobba oss gradvis inn att med oppmålingssakene.

Årsmelding 2024

Rekneskap inntekter 2024	kr 461 000,-
Budsjett inntekter 2024	kr 805 000,-
<i>Inntekter pr. gebyrsak (gjennomsnitt) 2024 (461 000/39)</i>	kr 11 820,-

Det var eit mål for 2024 å få lagt inn tilkomstpunkt for ulike adresser i matrikkelen. Dette har vorte nedprioritert grunna mangel på ressursar m.a. knytt til permisjonar.

Andre viktige arbeidsoppgåver gjennomført i 2024:

- Nykartlegging
- Historiske flyfoto (3/4 av desse flybilda er no tilgjengeleg i på internett www.norgeibilder.no.)
- Elveg (vegnett) (Data vert nytta mellom anna i GPS-ar til varetransport, persontransport, utrykningskøyrety og privat marknad)
- Kurs (eigedomsmåler og matrikkelføring og autorisering av landmåler)
- Arbeid med og utvikling av Kommunekart og Sunnmørskart
- Etablering av tenesta «Eiendomsinnsyn»
- Kartforum Søre Sunnmøre
- VA-kartlegging
- Anna landmåling/kartlegging
- Seksjoneringssaker

Konklusjon

Året 2024 har vore farga av kompetansebygging, rekruttering, noko fråvær, vakante stillingar og oppstart av arbeid med kommuneplanen. Det har vore ny politisk samansetning som også har direkte påverknad på arbeidsoppgåvene, spesielt for planavdelinga. Avdelinga har levert tenester og resultat som er innanfor det akseptable med noko avgrensa kompetanse og ressurstilgjenge.

Gjennom digitale kartløyningar kan vi tilby innbyggjarar og utbyggjarar data med høg kvalitet til bruk for å få gjennomført dei komande store utbyggingane i Ørsta. Arbeidsomfanget krev likevel hard prioritering.

Avdelinga har stort fokus på kompetanse, arbeidsmiljø og kultur.

Eit positivt omdømme er viktig og er noko avdelinga er bevisst. Lik handsaming av alle saker er eit viktig prinsipp som vi fyl.

Digitaliserings- og utviklingsarbeidet har vore og vert vidare prioritert.

Avdelinga opplever samarbeid i ulike nivå, utval og administrasjon som fruktbart, men at vi framleis treng å ha eit positivt fokus på dette.

Samarbeid og samspel innan seksjonen, med andre kommunar og partar opplevast som givande og utviklande.

66 – Landbrukskontoret Ørsta Volda

Ørsta og Volda kommunar har hatt vertskommuneavtale om felles landbrukskontor sidan 1. september 2014. Ørsta kommune er vertskommune, og landbrukskontoret er frå 01.09.22 organisert som eit tenesteområde innafor Teknisk, eigedom og landbruk. I 2024 har kontoret hatt 6 tilsette med 5,15 årsverk, med vakanse i eitt årsverk i 4 månader.

Årsmeldinga til Ørsta og Volda landbrukskontor ligg under vedlegg.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	76 778	82 423	76 500	-5 923	-7,7 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for heile kommunalområdet viser eit meirforbruk for 2024 på 5,9 millionar kroner. Dette er fordelt slik på tenesteområda:

Område 60 - Felles/stab- Mindreforbruk på 525 459,- kr. Dette skriv seg hovudsakleg frå sparte utgifter på stab/fellesområdet.

Område 61 - Brann og redning- Meirforbruket på 158 993,- kr. skriv seg frå driftskostnader knytt til brann- og redningsvernet. Feiing og tilsyn og beredskap gjekk balanse, medan sivilforsvar hadde eit lite mindreforbruk.

Område 62 - Kommunalteknikk- Mindreforbruk på 1 699 444,- kr. Det har vore gjort fleire tiltak for å halde kostnadane nede på dette tenesteområdet for å redusere det samla meirforbruket. Dette har gått ut over aktivitetsnivået og sommarvedlikehaldet. Det var eit meirforbruk på 119 000,- kr. på gatelys, medan kommunalteknikk, vegar og gater og uteseksjonen gjekk med mindreforbruk eller i balanse.

Område 63 - Eigedom og reinhald- Avdeling eigedom hadde eit meirforbruk på 7,65 mill. kr., medan avdeling reinhald hadde eit meirforbruk på 617 000,- kr. Dei største avvika knyter seg til straumutgifter og vedlikehaldsutgifter. Straumbudsjettet vart teke for mykje ned i samband med fordeling av redusert ramme for 2024. Vedlikehaldsbudsjettet er også stramt, noko som gjer det vanskeleg å handtere akutte behov for reparasjonar og vedlikehald. Avdeling reinhald sitt meirforbruk skriv seg frå høgare lønnskostnader og høgare kostnader til driftsmiddel og forbruks-artiklar enn budsjettert.

Område 64 - Plan, byggjesak og oppmaling- Mindreforbruk på 167 466,- kr. Den delen av tenesteområdet som ikkje er omfatta av sjølvkost hadde eit mindreforbruk på 447 000,- kr, medan sjølvkostområdet hadde mindreinntekter på 280 000,- kr.

Område 66 - Landbruk- Mindreforbruk på 116 711,-.

Samla sett var meirforbruket på 7,7 % av totalbudsjettet i 2024.

Oppsummering tiltak

Det vart gjort fleire tiltak for å halde kostnadane nede i 2024. Det vart lagt inn ein reduksjon på 3,5 årsverk fordelt på plan, kommunalteknikk og eigedom. Sommarvedlikehaldet på kommunalteknikk og vedlikehaldet innan eigedom vart halde nede. Med noverande ramme har TEL ei minimumsdrift i høve det som kan seiast å vere forsvarleg. Kostnadane er i hovudsak knytt til løn. Drifts- og vedlikehaldspostane knytt til kommunalteknikk og eigedom har vorte skorne ned over år, noko som har gjort det vanskeleg å handtere akutte situasjonar. Vi har eit stort vedlikehaldsetterslep på vegar, gater, anlegg og bygg.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	83 896	86 413	83 097	-3 316	-4,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	45 156	52 265	45 887	-6 378	-13,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 866	6 390	6 976	586	8,4 %
Overføringsutgifter	9 078	10 739	8 237	-2 502	-30,4 %
Finansutgifter	25 592	29 224	31 320	2 096	6,7 %
Sum Driftsutgifter	169 589	185 032	175 517	-9 515	-5,4 %
Salgsinntekter	-61 819	-66 375	-70 856	-4 481	6,3 %
Refusjoner	-17 792	-23 582	-14 258	9 324	-65,4 %
Overføringsinntekter	-87	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-13 113	-12 651	-13 903	-1 252	9,0 %
Sum Driftsinntekter	-92 811	-102 609	-99 017	3 592	-3,6 %
Netto resultat	76 778	82 423	76 500	-5 923	-7,7 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



Andre område

Beskriving av tenesteområde

Kommunen har ein del oppgåver som ikkje er særskilt knytt til eitt enkelt kommunalområde. Desse er samla under nemninga Andre område.

Det er ingen tilsette i dette kommunalområdet. Det som blir ført her er:

- Fellesutgifter som gjeld fleire kommunalområde som t.d. ansvars- og personforsikringar, OU-kontingent, samleannonsar, porto, kopipapir og rekvisita m.m.
- Tilskot til revisjon
- Tilskot til kyrkjer
- Tilskot til næringskontoret og andre næringsføremål som t.d. skyssbåten i Hjørundfjorden, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Sunnmøre friluftsråd, Ørsta skisenter m.m.

Årsmelding 2024

- Sal av konsesjonskraft og erstatning frå Volda etter grensejusteringa
- Premieavvik og andre tekniske føringar knytt til fond, avskrivningar og kalkulatoriske renter for å få inntekter og utgifter plassert på rett forskriftsskjema
- Kjøp av tenester frå Søre Sunnmøre IKT

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Kommunalområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 671	18 715	6 243	-12 472	-199,8 %

Kommentar til status økonomi

Meirforbruket skuldast hovudsakleg avrekning av pensjon og premieavvik.


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	-1 062	12 822	0	-12 822	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 238	6 826	6 950	124	1,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12 540	14 185	14 062	-123	-0,9 %
Overføringsutgifter	8 793	7 901	9 320	1 419	15,2 %
Finansutgifter	-31 682	-34 147	-31 370	2 777	-8,9 %
Sum Driftsutgifter	-4 173	7 588	-1 038	-8 626	831,0 %
Salgsinntekter	-1 597	-1 660	-1 628	32	-2,0 %
Refusjoner	-2 735	-1 756	-2 310	-554	24,0 %
Overføringsinntekter	-4 393	-4 354	-3 830	524	-13,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	16 569	18 897	15 049	-3 848	-25,6 %
Sum Driftsinntekter	7 844	11 127	7 281	-3 846	-52,8 %
Netto resultat	3 671	18 715	6 243	-12 472	-199,8 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Årsrekneskap

Fullstendighetserklæring

ERKLÆRING I SAMBAND MED KOMMUNEN SIN REKNESKAPSAVLEGGING FOR 2024

Vi stadfester etter beste skjønn og overtyding:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at kommunen sitt rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll, medrekner slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har vidare oppfylt vårt ansvar vedk. utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunar, og meiner at rekneskapen gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader som er brukt av oss ved utarbeiding av rekneskapsestimat, medrekna rekneskapsestimat målt til verkeleg verdi, er rimelege.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både påløpte og betinga, og har i note til årsrekneskapet gitt opplysningar om kommunen sine garantiansvar.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktingar for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigedelar i balansen pr 31.12. Det er ikkje stilt sikring i eigedelane utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktingar.
- Alle hendingar etter datoen for årsrekneskapet og som ifølge god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapet er i samsvar med budsjettvedtak.
- Vi meiner at verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapen som heilheit. Liste over evt. ikkje korrigert feilinformasjon ligg ved.
- Vi stadfester at det ikkje er utført turar (innenlands/utenlands) der organisasjonen (administrasjon/folkevalde) har delteke, og turane er heilt eller delvis betalt av kommunen sine kontakter/forbindelsar
- Vi har teke omsyn til og opplyst om forhold til nærstående partar og eventuelle transaksjonar mot desse.

Bokføring:

Vi har oppfylt plikta vår til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Utgreiing om vesentlege budsjettavvik:

Vi er ansvarlege for å etablere en internkontroll som sikrar etterleving av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlege avvik som det skal gjerast greie for i årsmeldinga.

Vi meiner at årsmeldinga gir ei dekkande utgreiing for vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet sin tal-del og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
 - Ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering har vore nødvendig å innhente revisjonsbevis frå
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om resultat av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om ev påstandar om misleghald er eller mistanke om misleghald som vi er kjent med og som involverer:
 - leiinga
 - tilsette som har ei viktig rolle i intern kontroll eller
 - andre
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om ev påstandar om misleghald eller mistanke om misleghald som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, folkevalte, tilsynsmyndigheit eller andre.
- Vi har gitt revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjent med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gitt opplysningar om kommunen sitt garantiansvar.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

Stad Orsta dato 19/5-25
Wendee Solheim
kommunedirektør
 ORSTA KOMMUNE
KOMMUNEDIREKTØR

Jan Inge Buerde
økonomi-/rekneskapsansvarleg

